



Handlings- og økonomiplan 2025-2028



FORORD

Kommunedirektøren legg med dette fram framlegget til budsjett for 2025 og økonomiplan for 2025–2028. Framlegget bygger på kommunestyret sitt økonomiplanvedtak for 2024–2027, politiske vedtak, saman med justeringar tufta på oppdatert informasjon i statsbudsjettet og andre endringar i den økonomiske situasjonen for kommunen.

Det er framleis utfordrande å budsjettere og drifta ein liten kommune i ei tid med usikkerheit knyta til framtidige inntekter på kraft og rammevilkår frå staten. Vi har gode inntekter og i 2025, men ser at ein i økonomiplanperioden må gjere tilpassingar til ei redusert økonomisk ramme framover.

Samtidig veks krava til våre leveransar, og på fleire felt opplever vi eit stadig meir komplekst utfordringsbilete. Eit konkret eksempel er dei høge kostnadane til barnevern i Bygland kommune. Det finnast ikkje noko rask løysning på dei samansette utfordringane som ligg bak tala. Eit svar er styrking av leiing i kommunalområda og ny organisering, eit anna svar er tilsetting av levekårskoordinator og eit tredje svar er styrkinga av oppvekstsektoren som er gjennomført i 2024.

Ein må fortsett jobbe med å bygge opp kompetanse til samhandling og tiltak på tvers av sektorar og kommunalområde. Dette vil stille nye krav til både Oppvekst, Helse og omsorg og Samfunn i åra framover. Det er kommunedirektørens vurdering at det må gjerast innanfor ramma av den organisasjonen som nå er satt og det totale antall årsverk vi har.

Levekårssatsinga er i oppstart nå i haust og ein vil tidleg i 2025 komme tilbake til kommunestyret med ei grundig orientering om status. Samstundes er det viktig å understreke at levekårssatsinga er meir enn det en gjer i Helse og omsorg og Oppvekst. Det dreiar seg og om stadutvikling av både Byglandsfjord som vårt største tettstad og Presteneset som nytt tyngdepunkt i Bygland sentrum. Vi må saman, politisk og administrativt, prioritere arbeidet med dette. For ein liten organisasjon betyr det at noko må prioriterast bort skal ein lykkas.

Kommunen har i 2024 deltatt i eit pilotprosjekt for revidering av kommuneplanens samfunnsdel saman med fleire andre kommunar på Agder. Hensikten med prosjektet har vore å skape reell medverknad i prosessen med ny plan frå det mest representative utvalet vi har i Bygland – kommunestyret. Basert på felles, opne arbeidsmøte har ein kome fram til følgande nye gjennomgåande tema for samfunnsdelen:

Eit attraktivt og robust samfunn

Eit meir variert næringsliv

Kvalitet i kommunale tenester tilpassa framtida

Planen er enda ikkje vedteken, men forslaget tek i større grad enn førre plan innover seg dei utfordringane og moglegitene vi har i forhold til å oppretthalde god nok kvalitet i dei kommunale tenestene framover. Dette vil krevje modige og klare val i forhold til både interne prioriteringar og spesielt i forhold til korleis en tenker rundt samarbeid med andre kommunar. Dagens situasjon med ein rekke ikkje-samanhangande samarbeid bidreg ikkje nødvendigvis til ei styrking av tenestene i Bygland. Dette er ei sak kor Bygland har alt å tene på å gå i front, vise veg regionalt og tenke nytt. Sterkare samanhengande samarbeid i faste regionale strukturar kan bidra til å dempe behovet for stadig større ressursbruk internt.

Levekårssatsinga og omstillingsprogrammet Bygg Bygland vil saman med ny organisering av kommunen være gode svar på dei to første satsingsområda.

I ein liten kommune må ein regne med å gjere oppgåver ein ikkje nødvendigvis jobbar med til dagleg og ein må kontinuerleg tenke på korleis vi kan jobbe smartare. Eit tiltak i så måte er forslaget i dette dokumentet om å sanere ein god del planar som nok ikkje brukast så aktivt som ein skulle ønske. Desse er foreslått erstatta med konkrete tiltak i økonomiplan med handlingsdel. Slik vil en sikre at dette blir det sentral styringsdokumentet for kommunen framover.

2024 har vært eit viktig og krevjande år for organisasjonen vår. Vi har innført nytt ERP system som ein del av overgangen til IKT Agder. Dette har gitt svært høg belastning på nøkkelpersonell og leiarar i heile perioden. I tillegg har vi sluttført overgangen til ny organisering med kommunalområde. Når dette store løftet nå er gjort er det viktig å fokusere på å ta ut dei positive effektane av

arbeidet i 2025 og åra framover. Med meir robust leiing og sentrale nøkkelpersonar på plass har vi, sjølv om vi er svært sårbare, nå forutsetningar for å gjere dette.

Sjølv om utfordringsbiletet er komplekst og vi er under press på fleire område er det viktig å understreke at kommunen framleis leverer gode tenester. Det sørger alle våre dedikerte tilsette for – kvar dag. For det skyldar vi dei ein STOR takk.

John Sigridnes
Kommunedirektør

INNHOLD

1. UTVIKLING, UTFORDRINGER OG STATUS	5
1.1. HOVUDLINER I BUDSJETTET	5
1.2. REGIONPLAN AGDER 2030.....	9
1.3. KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL	9
1.4. FOLKEHELSEARBEID I BYGLAND KOMMUNE.....	10
1.5. VERDIAR I BYGLAND KOMMUNE	10
1.6. FOLKETALSUTVIKLING OG DEMOGRAFI	10
2. FINANSIELLE MÅLTAL.....	13
2.1. STATUS ØKONOMI: KOSTRA-TAL FRÅ 2023.....	13
2.2. UTVIKLING ØKONOMI: PROGNOSER FOR 2025-2028	16
3. DRIFTSBUDSJETTET	17
6.1 OVERORDNA RAMMEVILKÅR.....	17
6.2 ØKONOMISK DRIFTSOVERSIKT – KOMMUNEN SINE DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSUTGIFTER.....	18
6.3 KOMMUNEN SINE DRIFTSINNTEKTER	19
6.4 KOMMUNEN SINE DRIFTSUTGIFTER	25
4. INVESTERINGSBUDSJETTET	29
4.1 HOVUDOVERSIKT INVESTERINGAR 2025	29
4.2 INVESTERINGAR I ANLEGGSMIDLAR 2025.....	30
4.3 FINANSIERING AV INVESTERINGAR 2025.....	31
4.4 UTLÅN (STARTLÅN) 2025	31
4.5 HOVUDOVERSIKT INVESTERINGAR 2025-2028	32
4.6 INVESTERINGAR I ANLEGGSMIDLAR I ØKONOMIPLANPERIODEN	33
4.7 FINANSIERING AV INVESTERINGSBUDSJETTET 2025-2028.....	33
5. KOMMUNEPLANEN SIN HANDLINGSDEL MED PRIORITERINGAR PER KOMMUNALOMRÅDE	35
5.1 SAMANHENG MELLOM HANDLINGSELELEN MED ØKONOMIPLAN OG SAMFUNNSDELEN	35
5.2 ORGANISERING AV KOMMUNEN.....	36
5.3 BUDSJETTRAMMER PER BUDSJETTOMRÅDE	37
5.4 EKSTERNE SAMARBEID.....	38
5.5 KOMMUNEDIREKTØR – STAB OG FELLESUTGIFTER	39
5.6 OPPVEKST	42
5.7 HELSE OG OMSORG	46
5.8 SAMFUNN	50
5.9 KOMMUNEPLANEN SIN HANDLINGSDEL (TABELL)	58
6. PLANSTRATEGI.....	62
6.1 TEMAPLANAR OG RETNINGSLINER.....	62
6.2 AREALPLANAR I PERIODEN.....	63
VEDLEGG: BUDSJETTSKJEMA	64
A BEVILLINGSOVERSIKT DRIFT, BUDSJETT (ÅRSBUDSJETT).....	64
B BEVILLINGSOVERSIKT DRIFT, TIL FORDELING (ÅRSBUDSJETT)	65
C ØKONOMISK OVERSIKT ETTER ART – DRIFT (ÅRSBUDSJETT)	66
D BEVILLINGSOVERSIKT INVESTERING, BUDSJETT (ÅRSBUDSJETT)	67
E BEVILLINGSOVERSIKT INVESTERING, TIL FORDELING (ÅRSBUDSJETT)	68
F BEVILLINGSOVERSIKT DRIFT, ØKONOMIPLAN (BUDSJETT)	69
G BEVILLINGSOVERSIKT DRIFT, ØKONOMIPLAN TIL FORDELING	70
H ØKONOMISK OVERSIKT DRIFT ETTER ART, ØKONOMIPLAN	71
I BEVILLINGSOVERSIKT INVESTERING, ØKONOMIPLAN (BUDSJETT)	72
J BEVILLINGSOVERSIKT INVESTERING, ØKONOMIPLAN TIL FORDELING	73

1. UTVIKLING, UTFORDRINGAR OG STATUS

1.1. Hovudliner i budsjettet

Eit driftsbudsjett prega av høge inntekter og stadig høgare kostnadsnivå, og ikkje økonomisk berekraftig drift frå 2026

Driftsbudsjettet er lagt fram som eit 0-budsjett kor utgifter og inntekter balanserer. Det er ikkje budsjettert med bruk av ordinært disposisjonsfond i 2025, men det er budsjettert med bruk av ordinært disposisjonsfond på totalt 10,7 mill. frå 2026 til 2028. Dette inneberer at kommunen si drift ikkje er økonomisk berekraftig i desse åra.

År	2024	2025	2026	2027	2028
Bruk av ordinært disposisjonsfond	0	0	3 322 000	3 584 000	3 811 000

Høge inntekter frå utbytte frå Å Energi, samt konsesjonskraft, totalt dryge 4 mill. høgare enn i opphavleg budsjett 2024, gjer at kommunen legger fram eit budsjett for 2025 i balanse, trass eit kostnadsnivå som er høgare enn nokon gong. Kommunebarometeret for 2024, som tek utgangspunkt i rekneskapstala for 2023, viser at kommunen kjem på ein 322. plass av 357 kommunar når det gjeld kostnadsnivå. For eksempel Valle kommune, som hadde om lag 75 mill. meir i inntekter enn Bygland i 2023, kom på ein 274. plass. Bygland hadde uansett høge inntekter i 2023 og klarte eit overskot likevel, men dette kostnadsnivået vil ikkje vere berekraftig i dei åra inntektene er lågare, noko som visast allereie i 2026, kor spesielt utbytte frå Å Energi blir betydeleg lågare enn i 2025. Konsesjonskraftinntektene er også budsjettert med ein moderat reduksjon i perioden 2026 til 2028.

Effekten av det nye inntektssystemet

Det har elles vore ein del fokus i media på det nye inntektssystemet for kommunane. Bygland kom relativt dårleg ut av det nye inntektssystemet, med ein låg vekst samanlikna med andre kommunar, fordi konsesjonskraftinntektene no er ein del av inntektsdefinisjonen i berekning av distriktsstilskot, som er ein del av rammetilstokot. Kort sagt inneberer det at Bygland no har for høge inntekter til å kunne få distriktsstilskot, og med det fall nesten 6 mill. av rammetilstokot bort med verknad frå 2025. Grunna diverse andre faktorar, samt den ekstra auka i frie inntekter frå regjeringa, får kommunen likevel ein vekst i frie inntekter på 4,7 %, som er litt høgare enn kostnadsveksten (deflatoren) som er 4,1 %, men grunna dette må ein rekne med låg vekst i frie inntekter i 2026. For meir om dette, viser ein til kapittel 3.1.

Auke i lønnsbudsjettet på 11,7 %

Lønnsbudsjettet for 2025 aukar med 11,7 % samanlikna med 2024, som er ein del høgare enn estimert lønnsvekst, som er 4,5 %. Denne auka kan i stor grad tilskrivast ei betydeleg auke i årsverk i kommunen, mellom anna ei auke frå om lag 43 til 53 årsverk i oppvektsektoren. Dette er hovudårsaka til at utgiftene for 2025 aukar såpass betydeleg at sjølv dei høge kraftinntektene ikkje klarer å gi kommunen eit overskot i ordinær drift.

Høge integreringstilskot og premieavvik bidreg til positive netto driftsresultat i 2025 og 2026

Nettoinntekta frå premieavvik på pensjon bidreg til kunstig positive netto driftsresultat i heile økonomiplanperioden 2025-2028. Denne inntekta blir uansett heldt utanfor den ordinære drifta, og i år kor det er økonomisk handlingsrom for det, blir heile nettoinntekta frå premieavviket sett av til kommunen sitt fond for premieavvik (pensjonsfondet). For 2025-2028 er samla nettoinntekt frå premieavvik på kr 18,4 mill. Av dette er det føreslege å sette av kr 12,4 mill. til pensjonsfondet.

Integreringstilskota bidreg også til netto driftsresultat ser høgare ut enn det i realiteten er. Som for premieavviket, blir også nettoinntekta frå integreringstilskot sett av til fond, og på den måten heldt utanfor ordinær drift. For 2025-2028 bidreg integreringstilskota med ei samla inntekt på 20,7 mill., og nettoinntekta frå desse tilskota (totalt 8,6 mill.) blir sett av til flyktningefondet.

År	2025	2026	2027	2028	2029
Integreringstilskot	9 350 000	6 002 000	3 569 000	1 744 000	88 000

I tabellen over har ein og teke med 2029, for å vise kor lite inntekter kommunen får frå integreringstilskot etter fem år. Dette syner viktigheita av å få flest mogleg flyktningar ut i jobb før den tid. Merk at tala i tabellen er berekna med IMDi sin tilskotskalkulator, og med same talet på flyktningar i heile perioden. Ein har uansett ikkje føresetnad for å predikere kor mange flyktningar kommunen har om fire, så då bruker ein same talet, som og illustrerer betre korleis desse inntektene endrar seg i løpet av fem år.

Ei tydeleg områdesatsing på Byglandsfjord

I investeringsbudsjettet ligg det ikke fleire prioriteringar som har som mål å gi eit områdeløft for kommunen sin største tettstad. Byglandsfjord har i fleire år hatt ein negativ tendens med omsyn til levekårsutfordringar. For å snu dette, har ein mellom anna styrka oppvektsektoren med fleire miljøterapeutar, men i og med at oppvektsektoren ikkje kan snu denne utviklinga aleine, er det og prioritert ei heilskapleg satsing i investeringsbudsjettet med omsyn til stadutvikling på Byglandsfjord.

Turvegen ligg inne som et høgt prioritert prosjekt i 2025. I samsvar med økonomiplanen for 2024 til 2027, er det lagt inn 4 mill. til prosjektet «Områdeløft Byglandsfjord», også dette i 2025. Området rundt Kallhovd sveis og rutebilstasjonen er i veldig dårlig forfatning. Dette prosjektet er tenkt som eit breiare forankra stadutviklingsprosjekt på Byglandsfjord som skal leggje betre til rette for framtidig utvikling av området, slik at også private investorar i større grad vil fatte interesse for å utvikle området vidare. Ein vurderer og tiltak i dette området grunna omsynet til Byglandsfjord si sikkerheit.

Det er lagt inn ein sum i 2025 til å planere tomtene i Fjellvegen på Byglandsfjord. Det er mykje fjell i dette bustadfeltet og det er derfor krevjande og kostbart å sprengje ut ei tomt av gonga. Det blir totalt sett rimelegare å sprengje ut alle dei resterande, ubebygde tomtane på ei gong. I tillegg så er desse tomtene veldig attraktive, med sin sentrale plassering og gode utsikt. Bruksendring av Pakkbua blei prosjektert i 2024, og dette viser seg å bli betydeleg meir kostbart enn det ein la til grunn i økonomiplanen for 2024 til 2027, kor det blei sett av kr 900.000. Anslaga viser at ein må sette av 3 mill. til dette, og av omsyn til dei totale investeringane i 2025, blir det føreslege å gjennomføre dette prosjektet i 2026. I tillegg så vil det kome eit prosjekt som gjeld styrkerom i Årdalshallen i løpet av økonomiplanperioden, men dette er per no ikkje lagt inn, sidan kostnadane for dette ikkje er ferdig prosjektert.

Store investeringar innanfor VA-sektoren

VA-planen som blei vedteke i 2024, viser behov for ein del investeringar innanfor vatn og avløp. Allereie i 2025 er det planlagd investeringar på totalt 6 mill. innanfor denne sektoren, kor vassleidning frå Åraksbø til Ose (3 mill.) og barriere på Bygland vassverk (2 mill.) er det største. Vassverket i Åraksbø er av eldre dato, og vil krevje utskifting av m.a. UV-anlegg om ikkje for mange år. Det er også annonseret strengare nasjonale krav til drikkevassforsyning, noko som også vil kunne påføre kostnadar til nye tryggleikstiltak. Dette vil eliminere driftskostnadane til dagens vassverk og vil på sikt gi ei total innsparing for vassverksdriftene. Faren for ytre forureining av drikkevatnet vil også bli mykje mindre sidan vatnet frå Austad vassverk kjem frå ein grunnvassbrønn.

Når det gjeld investering i barriere på Bygland vassverk, så er dette føreslege fordi ved fleire høve siste tida har prøver vist at vasskvaliteten, særleg på Bygland, er dårlig. Utfordringa er humus som gjer til at UV-anlegget ikkje klarer å reinske ut bakteriar. Det er avgjerande at ein får til ei ekstra barriere for å sikre vasskvaliteten framover. Tiltaket er naudsynt og må setjast i gang i 2025. Det er derfor sett av 2 mill. til dette.

I 2026 ligg det ikke ytterlegare 6,1 mill. i investeringar innanfor VA-sektoren, då med utbygging av VA på Presteneset (2,5 mill.) og barriere på Byglandsfjord vassverk (2 mill.) som dei største prosjekta. Sistnemnte prosjekt er føreslege fordi heller ikkje på Byglandsfjord er vasskvaliteten spesielt god.

Fleirbruksbil, oppgradering av Byglandsheimen og meirope bibliotek

Av andre prioriterte prosjekt i investeringsbudsjettet, kan det nemnast at det i samsvar med tidlegare politiske vedtak, er budsjettet med kr 1 mill. i 2025 til ein fleirbruksbil med 9 sete. Prosjektet som gjeld kartlegging av Byglandsheimen, og eventuelle behov for bygningsmessige oppgraderingar, er også prioritert i 2025. Dette kan potensielt gi store investeringsutgifter i dei kommande åra, men ein vil uansett vente til kartlegginga er ferdig før ein foreslår beløp til dette i 2026-2028.

Ein gjer også merksam på at meirope bibliotek er et prosjekt som vil bli prioritert, men dette er budsjettet i Byglandstunet AS, som er selskapet som eig lokalet der det nye biblioteket er. Byglandstunet AS er 100 % eigd av kommunen, og selskapet tek alle kostnadene som gjeld bygg og fastmonert inventar og installasjoner i kommunehuset, Joker-bygget, biblioteket, ungdomsklubben og utleigekontora.

Generelt om investeringsbudsjettet

Det er lagt opp til investeringar på totalt kr 18,1 mill. i 2025, som inneberer ei auke i gjeld, men til gjengjeld vil nokre av investeringane føre til kostnadsreduksjon i driftsrekneskapen (til dømes ENØK-prosjektet og, som tidlegare nemnt, vassleidninga mellom Åraksbø og Ose). Likevel vil ein gjere merksam på at kommunen ikkje bør leggje investeringsnivået i 2025 høgare enn det som er føreslege, og det er difor føreslege å gjere ein del investeringar i 2026 og utover også, då det ikkje er økonomi og tilstrekkeleg med bemanningsressursar til å gjennomføre alle prosjekta første året i fireårsperioden. Viss ein mot formoding legg

opp til fleire investeringar i 2025 enn det som er føreslege per no, må ein vere bevisst på at investeringsnivået i 2026-2028 vil bli tilsvarende redusert.

År	2025	2026	2027	2028
Låneopptak i perioden	15 750 000	9 986 000	3 430 000	2 800 000
Avdragsutgifter – ordinære lån	6 190 000	6 500 000	6 700 000	6 700 000
Sum endring i langsiktig gjeld (+ = auke, - = reduksjon)	9 560 000	3 486 000	-3 270 000	-3 900 000

Desse låneopptaka vil innebere at måltalet for langsiktig, langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter, aukar frå 63 % ved utgangen av 2023, til 72 % i 2025, og vil vere 75 % ved utgangen av økonomiplanperioden. Kommunen har vedteke at langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal vere maksimalt 75 %.

Reduksjon i avløpsgebyret

Relativt høg lønsvekst og framleis relativt høg kalkylerente innanfor sjølvkostområdet (vatn, avløp, renovasjon, feiring og slam), samt forventning om fleire investeringar innan desse områda i åra som kjem, gjer at kostnadane aukar. For 2025 blir det gjort følgjande endringar på kommunale avgifter:

- Årsavgift for vatn (fast og kubikkavg.) blir auka med 7,1 %
- Årsavgift for kloakk (fast og kubikkavg.) blir auka med 3,7 %
- Tilkoplingsavgift for vatn blir ikkje endra
- Tilkoplingsavgift for kloakk blir ikkje endra
- Slamtømmeavgift blir ikkje endra
- Renovasjonsavgift hus blir auka med 5,0 %
- Renovasjonsavgift hytte blir auka med 5,0 %
- Feieavgift blir auka med 3,1 %

Merk at prosentauka i vass- og avløpsgebyra ovanfor er ekskl. mva., som vil seie at regjeringa sitt forslag om å redusere mva. på vatn og avløp frå 25 % til 15 % ikkje er medrekna i endringa over. Viss ein reknar med at forslaget om 15 % mva. på vatn og avløp blir vedteke med verknad frå 01.05.25, vil gjennomsnittleg mva. vere 18,33 % på desse gebyra i 2025, mot 25 % i 2024. Det vil seie at *reell* auke i vassgebyret for private hushaldningar er på 1,4 %, medan avløpsgebyret i realitet blir *redusert* med 1,9 %.

Dette svarar til at kommunale avgifter samla for ein bustad på 150 kvadratmeter utan vassmålar, påkøpla kommunale VA-anlegg, praktisk talt blir uendra frå 2024 til 2025, sidan det vil vere snakk om ein total reduksjon på 5 kr (som er ein reduksjon på 0,02 %). Viss mva-reduksjonen som er føreslege frå regjeringar, ikkje blir vedteke, vil endringa for same type eigedom bli 4,57 %. For eigedommar som ikkje er påkøpla kommunale VA-anlegg, og som berre betalar feiegebyr og renovasjonsgebyr dei åra det ikkje er slamtømming, vil auka ovanfor svare til 4,7 %, som er litt over lønnsveksten for 2025 på 4,5 %.

Ein vil uansett gjere merksam på at det mest sannsynleg vil komme ei større auke i gebyra i 2026, utan at ein kan talfeste dette no. Innanfor slam- og renovasjonsområda er det krav om at inntekter frå kommunale avgifter skal dekke inn kostnadene 100 %. I tillegg så har kommunen gjort lokalt vedtak om det same for feiegebyret. Alle desse tenestene kjøper kommunen eksternt. Andre kommunale prisar og gebyr vert endra i samsvar med forslag til prisliste, som blir lagt fram som ei eiga sak.

Ein vil og gjere merksam på at kommunen subsidierer innbyggjarane med nesten 2 mill. på avlaupsområdet. Alternativet hadde vore å ha full inndekning for kostnadene på dette området, men då vurderer ein at gebyra ville blitt uforholdsmessig høge for innbyggjarane. Viss kommunen, hypotetisk sett, vedtok at gebyra skulle dekke kostnadene på avløpsområdet 100 %, måtte avløpsgebyret blitt auka med 49 %. Dette er sjølv sagt ikkje aktuelt, men det setter i perspektiv kor mykje kommunen subsidierer dette området i dag.

Stigande gjeld i 2025 og 2026, minkande rente og litt lågare lønsvekst

Ved slutten av 2023 var den langsiktige gjelda på eit lågare nivå enn for gjennomsnittet i KOSTRA-gruppe 14, som består av kommunar på 600-2000 innbyggjarar, med samanliknbare økonomiske rammevilkår som Bygland. I tillegg så ligg nøkkeltalet for langsiktig gjeld under måltalet kommunestyret vedtok i 2019, som seier at langsiktig gjeld skal være maksimalt 75 % av brutto driftsinntekter. Grunna stor auke i utgifter i 2025, er det ikkje budsjettert med midlar i driftsrekneskapen til å betale ned gjeld, snarare vil det vere snakk om ei auke både i 2025 og 2026, men til gjengjeld fekk kommunen redusert gjelda med om lag 7 mill. i

2023, som bidreg til at gjeldsnivået held seg rundt makstalet for heile perioden 2025-2028, trass auka dei to første åra. Det er lagt opp til ein moderat reduksjon i langsiktig gjeld frå 2027 til 2028. Dette er dog veldig usikre tal sidan rammevilkåra for desse åra er endå meir usikre enn for 2025.

Ei stadig stigande rente er eit bekymringsmoment for kommunen i 2024. Som ein ser av grafen under, så er renta på sitt høgaste på dei siste ti åra, og stabilt høg i 2024, men prognosane seier at renta skal ned i løpet av 2025. Dette er riktig nok langt frå sikkert.




Kommunen har brukt prognosane til Kommunalbanken for å budsjetttere rentene i 2025-2028, og det er budsjettert med 6 mill. i rentekostnad i 2025. Til samanlikning så var dette talet 1,5 mill. i 2021, og 7 mill. i 2024. Prognosane seier altså framleis, som også i fjer på denne tida, at renta skal ned i løpet av 2025, og også vidare ned i perioden 2026-2028.

Lønnsveksten er litt lågare enn i 2024, og er estimert til 4,5 %. Dette svarar til ein lønspott på godt og vel 2,4 millionar i kommunen sitt budsjett for 2025. Straum og andre energiutgifter er budsjettert med totalt 5,2 mill., ned frå 5,5 mill. i 2025. Her må ein likevel vere klar over at kommunen sin økonomiske situasjon er betre når straumprisane er høge, fordi då er normalt kraftinntektene høge også.

Reduksjon i kraftrelaterte inntekter fra 2026

Konsesjonskraftinntektene er sterkt korrelerte med straumprisane, og grafen under viser kvifor ein med må leggje inn ein stor grad av usikkerheit knytte til framtidige konsesjonskraftinntektsprognosar:



Sidan slutten av 2020 og fram til no har straumprisane variert mellom 0 i november 2020 til om lag 550 øre per MWh i august 2022. I 2023 og 2024 har prisane stabilisert seg noko, men for ein kommune som er veldig avhengig av kraftinntekter, skapar dette ein økonomisk uforutsigbarhet som gjer det krevjande å budsjettere langt fram i tid. Inntekter frå konsesjonskraft var 37 mill. i revidert budsjett for 2023, og blir «berre» 20 mill. i 2024 og 19 mill. i 2025. Til samanlikning var desse inntektene 5,5 mill. i 2021 og då hadde kommunen eit alvorleg behov for å redusere kostnadane. Då opplevde ein at inntektene auka i løpet av året, grunna auke i straumprisane, og kommunen fekk, med nød og neppe, eit positivt netto driftsresultat likevel, men dette viser kor sårbar kommunen er for svingingar i kraftrelaterte inntekter.

Konsesjonskraftinntektene ligg elles normalt i intervallet 4 til 8 mill. (2021 og tidlegare), så inntektene i 2025 er uansett å rekne som høge, sjølv om dei er vesentleg reduserte samanlikna med 2023.

Inntekt frå utbytte frå Å Energi er på rekordhøge 18 mill. i 2025, ei auke på 4,3 mill. samanlikna med 2024. Frå 2026 og utover er det rekna med at denne inntekta vil gå betydeleg ned, men merk at dette er usikre tal. Ein har teke med grafen til høgre for å illustrere variasjonen i desse inntektene.

Eigedomsskatteanslaget for 2025 er på kr 10.400.000, som er om lag same nivået som i 2024, og vesentleg høgare enn nivået i 2022. Kommunen har eigedomsskatt på kraftverk og kraftnett i 2025. Eigedomsskatt på verk og bruk er fasa ut. Eigedomsskatt-inntektene er generelt meir stabile enn konsesjonskraftinntektene og utbytte frå Å Energi.

1.2. Regionplan Agder 2030

Regionplan Agder 2030 med regional planstrategi 2024-2027 er det viktigaste overordna styringsdokumentet for utviklinga av Agder. Regionplanen sitt hovudmål er å utvikle Agder til ein miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig region – eit attraktivt lågutsleppssamfunn med gode levekår. Regionplan Agder har fem satsingsområde fram mot 2030:

- Attraktivt og miljøvenleg Agder
- Berekraftig verdiskaping
- Utdanning, kompetanse og deltaking
- Mobilitet
- Kultur

1.3. Kommuneplanen sin samfunnsdel


Gjeldande samfunnsdel vart vedteke i mai 2020. Bygland kommune har i 2024 vore med på eit pilotprosjekt i regi av KS og Agder fylkeskommune for å få ei betre kopling mot valperioden og politikken kommunestyret gjekk til val på. Dei tverrpolitiske diskusjonane har resultert eit planforslag for ny samfunnsdel som legg vekt på tre hovudutfordringar i åra som kjem. Desse ligg til grunn for satsingsområda for kommunestyreperioden. Satsingsområda legg føringar for kommunen som samfunnsutviklar og tenesteprodusent. Vidare gir samfunnsdelen føring for prioriteringar i handlings- og økonomiplanen. Vurdering av om samfunnsutviklinga går i ønska retning blir følgd opp i årsberetning og økonomiplan, og vil bli rapportert med bakgrunn i vedtekne hovudsatsingsområde med målsettingar og prioriteringar.

Vi har valt å legge arbeidet som er gjort i planforslag for ny samfunnsdel til grunn for økonomi- og handlingsplanen.

Forslag til ny samfunnsdel inneheld tre satsingsområde:

- **Eit attraktivt og robust samfunn**
- **Eit meir variert næringsliv**
- **Kvalitet i kommunale tenester tilpassa framtida**

Berekraftig utvikling er eit overordna tema for heile kommuneplanen. Bygland skal ta sin del av ansvaret og jobbe for gode løysingar lokalt for å bidra til å nå måla globalt. For å lykkast må vi jobbe med alle dei tre berekraftsdimensjonane, *sosiale forhold, økonomi og miljø og klima*. Desse gjennomgåande temaa er sentrale for all utvikling, og påverkar og blir påverka av ulike prioriteringar.



1.4. Folkehelsearbeid i Bygland kommune


Folkehelse skal vere eit berande prinsipp i all kommunal planlegging og all verksemd. Kommunen har laga eit kunnskapsgrunnlag inkl. folkehelseoversikt for 2024 som syner helsetilstanden i befolkninga, og dei positive og negative faktorane som verkar inn på denne. Folkehelseoversikta viser ei rekke område der Bygland kjem godt ut på folkehelsestatistikken og andre område der kommunen skil seg negativt ut.

Med utgangspunkt i folkehelseoversikta er det nokre område kor kommunen synest å ha ekstra utfordringar:

- Barn og unge sine oppvekstvilkår som trivsel, meistring og relasjoner
- Aukande del som mottek alderspensjon, uføretrygd eller arbeidsavklaringspengar
- Ei aldrande befolkning
- Aukande del som opplev einsemd i nesten alle aldersgrupper

1.5. Verdiar i Bygland kommune

Bygland kommune som organisasjon har følgjande verdiar:



1.6. Folketalsutvikling og demografi

Historikk

Samla folketal i kommunen har utvikla seg slik dei siste åra:

Dato	01.01.01	01.07.17	01.07.18	01.07.19	01.07.20	01.07.21	01.07.22	01.07.23	01.07.24
Folketal	1 341	1 205	1 204	1 190	1 145	1 137	1 128	1 162	1 172

Nedanfor følgjer ei oversikt som viser samansetning i folketalet:

	01.01.01	01.07.17	01.07.18	01.07.19	01.07.20	01.07.21	01.07.22	01.07.23	01.07.24
0-5 år	90	65	65	65	55	55	52	44	52
6-15 år	181	122	131	125	122	113	104	123	130
16-66 år	844	789	773	750	705	706	705	723	716
67-79 år	134	166	175	188	201	206	209	219	217
80-89 år	81	51	49	50	48	47	49	44	49
Over 90 år	11	12	11	12	14	10	9	9	8
SUM	1 341	1 205	1 204	1 190	1 145	1 137	1 128	1 162	1 172


Med verknad frå budsjettåret 2009 vert rammetilskotet fastsett etter folketalet pr. 01.07 året før. Tala i tabellen ovanfor er henta frå KS sin prognosemodell for frie inntekter (skatt og rammetilskot), kor innbyggjartalfordelinga er ein del av grunndataa. Veksten i innbyggjartal frå 2022 til 2024 kan i stor grad relaterast til flyktningar.

Kommunen sitt innbyggjartal har auka med 10 frå 01.07.23 til 01.07.24.

I grafen til høgre viser ein og utviklinga i innbyggjartal for aldersgruppene 0-19 år og 0-65 år. Grafen viser tal per 01.01.24 Tendensen er ganske entydig: Med unntak av ein liten dupp i 2023, har innbyggjartalet for aldersgruppa 65 år og eldre gått opp, og med unntak av ei auke i 2024, har talet for aldersgruppa 0-19 år gått ned. Ei slik utvikling gjer at kommunen må prioritere eldreomsorg i større grad enn tidlegare i budsjettet i framtida, og det kan også føre med seg strukturelle endringar i kommunen som organisasjon.

Ei utfordring som ikkje kjem fram i desse statistikkane er at kommunen i tillegg er forplikta til å levere helsetenester og andre kommunale tenester til mellom 80-90 elevar på KVS Bygland som ikkje inngår i folketalet i kommunen. Kraftig auke i elevtalet på KVS har gjort at kommunen i budsjett for 2024 måtte auke talet på årsverk på helsestasjonen. Denne ekstrakostnaden får ikkje kommunen nokon kompensasjon for.


Innbyggjartalutvikling 2000-2024



Demografi

Grafen til høgre viser KS sin estimerte prosentvise auke i utgiftsbehov på grunn av demografiendringar. Som ein ser så er auka betydeleg høgare for Bygland enn for både landet og Agder. Normalt så kompenserer staten kommunane for auka demografiutgifter via rammetilskotet, men viss tendensen frå dei siste 20 årene held fram, så vil ikkje kommunen få nokon kompensasjon fordi det då vil vere ein forventning frå staten om at kommunen må redusere driftsutgiftene i oppvekstsektoren sidan talet på yngre vert lågare. KS sin demografimodell har elles eit noko meir optimistisk syn på utvikling i innbyggjartal i dei yngre aldersgruppene enn kva realiteten er i dei lokalt utarbeida prognosane i oppvekstsektoren i kommunen.


Utgiftsbehov demografi i %



Utvikling framover

Folketalsutviklinga i Bygland er svært usikker over tid og historiske tal syner ei uheldig utvikling, med unntak av tilveksten av flyktningar frå Ukraina i 2022 og 2023. Som ein ser, er folketalet avhengig av mange faktorar, som asylmottak, integrering, inn-/ utflytting, talet på fødde/døde og tilgang/avgang på arbeidsplassar. Det er òg viktig med tilgang til attraktive bustad- og næringstomter i kommunen, og tilgang på attraktive arbeidsplassar i regionen sett under eit.

1162 var innbyggjartalet per 01.01.20 (same som i 2023). Som grafen til høgre viser, er det stort sprik mellom dei ulike modellane for befolkningsframskrivning. Alternativet høg vekst estimerer at befolkninga i Bygland i 2050 vil auke med 18,3 prosent i forhold til 2020, medan låg vekst estimerer 3,8 prosent nedgang. Middelalternativet gjev ein befolkningstilvekst på 6,9 prosent. SSB sine vekstprognosar syner at Bygland ligg lågare i forventa vekst enn både Agder og landet under eitt for alle alternativa.



Det må også påpeka at den mest realistiske utviklingsbanen for folketalsutvikling i Bygland tilhøyrar Telemarksforsking. Dei legg forventa utvikling 30 prosent under låg vekst-alternativet til SSB, og det samsvarer dessverre betre med observert utvikling, om ein ser bort frå flyktningane. Held denne utviklinga fram vil Bygland ha rundt 950 innbyggjarar i 2040, men det er viktig å presisere at utviklinga i innbyggjartalet dei neste åra i stor grad er avhengig av kor mange av flyktningane som er i kommunen no, som vel å busette seg permanent.

2. Finansielle måltal

2.1. Status økonomi: KOSTRA-tal frå 2023

Innleiing

KOSTRA rekneskapstal for 2023 er ein metode for å samanlikne kostnadane i ulike kommunar. Dette talgrunnlaget er nyttig både for administrasjonen i arbeidet med budsjettet og for politikarane i den politiske handsaminga.

I desse oppstillingane det er nytta tal frå Bygland, Åmli, Iveland og Hægebostad. I tillegg er det sett opp kommunegruppe 14 som viser ei samanlikning med kommunar som statistisk er mest lik Bygland kommune. Kommunegruppe 14 svarar til «kommuner med 600 til 1 999 innbyggere og lave eller middels korrigerte inntekter».

Alle kommunane nemnt i tabellen under høyrer til i Kommunegruppe 14.

Finansielle nøkkeltal

KOSTRA rekneskapstal KG14 = kommunegruppe 14	Bygland 2023	Åmli 2023	Iveland 2023	Hægeb. 2023	KG14 2023
Finansielle nøkkeltall					
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	9,3	8	13,4	1	2,3
Arbeidskapital ekskl. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	30,3	33,8	37,9	15,6	22,1
Langsiktig gjeld ekskl. pensjonsforpliktingar i prosent av brutto driftsinntekter (%)	54	72,7	48,4	80,4	85,2
Frie inntekter per innbyggjar (kr)	89743	94522	85388	85336	88771
Fri eigenkapital drift (disposisjonsfond) i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	23,3	18,7	37,7	11,7	18,4
Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	4,4	8,9	6,7	13,9	13,7

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter

Indikatoren viser netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene. Ein reknar netto driftsresultat ut frå brutto driftsresultat, men tar i tillegg omsyn til resultatet eksterne finansieringstransaksjoner, dvs. netto renter, netto avdrag samt kommunale utlån, utbytte og eigaruttag, og er i tillegg korrigert for avskrivningar slik at desse ikkje blir gjeve resultateffekt. Netto driftsresultat kan anten bli brukt til finansiering av investeringar eller sette dei av til seinare bruk. Dette blir rekna som det viktigaste resultatmålet for kommunane og bør over tid vere minimum 1,75 %, som er eit tilrådd nivå for god kommuneøkonomi (Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkes-kommunal økonomi, November 2014). Kommunen sitt netto driftsresultat for 2023 var betydeleg over det tilrådde nivået, etter fleire år med eit netto driftsresultat under det tilrådde nivået. Kommunen hadde veldig høge kraftinntekter i 2023, som gjorde at samla inntekter var om lag 43 mill. høgare enn i 2022. Kommunen ligg likevel under Iveland sitt nivå i 2023, sjølv om Iveland sine samla inntekter var nesten 25 millionar lågare.

Arbeidskapital ekskl. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter

Nøkkeltalet viser arbeidskapital ekskl. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter. Arbeidskapital ekskl. premieavvik definerast som differansen mellom omløpsmidlar ekskl. premieavvik og kortsiktig gjeld ekskl. premieavvik, og er et uttrykk for kommunens likviditet. Med likviditet meinast evna til å betale forpliktingane etter kvart som dei forfall. Kommunen ligg høgare enn kommunegruppa her, men under Åmli og Iveland. Merk at kommunen sitt tal her blir relativt sett lågare sidan kommunen hadde veldig høge inntekter i 2023, og dette talet blir berekna som ein prosent av inntektene.

Frie inntekter per innbyggjar

Nøkkeltalet viser kommunens frie inntekter i kroner per innbyggjar. Skatt på inntekt og formue, inkludert naturressursskatt, og rammetilskot blir definert som frie inntekter. Her ligg kommunen på eit høgare nivå enn KOSTRA-gruppe 14, men på eit lågare nivå enn Åmli. Merk at inntekter frå for eksempel konsesjonskraft, konsesjonsavgifter og utbytte frå Å Energi ikkje er inkludert i denne definisjonen av frie inntekter.

Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter

Nøkkeltalet viser kommunens brutto investeringar i prosent av brutto driftsinntekter, og seier følgjeleg noko om investeringsnivået i kommunen. Nivået på investeringane varierer mykje frå år til år ut frå lokale behov og nasjonale prioriteringar, og dataa er vanskeleg samanliknbare. Tabellen viser at kommunen hadde eit lågt investeringsnivå i 2023, men dette talet blir også lågare når inntektene er relativt høge.

Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter

Indikatoren syner langsiktig gjeld ekskl. pensjonsforpliktingar i prosent av driftsinntektene. Ordinære renter og avdrag på lån skal finansierast av driftsinntektene, og indikatoren viser langsiktig gjeldsbelastning i forhold til desse. Lån som skal gå til vidare formidling til andre instansar/innbyggjarar (for eksempel startlån), inngår og i indikatoren. Indikatoren omfattar dermed utlån der mottatte avdrag skal inntektsførast i investeringsrekneskapet, i tillegg til innlån som vert ført som avdrag i driftsrekneskapen. Langsiktige lån har normalt lengre løpetid enn eitt år. I 2023 er dette talet betydeleg lågare enn kommunen sitt måltal, som er maksimalt 75 %, og vesentleg lågare enn kommunegruppa. Kommunen hadde betydeleg høgare driftsinntekter i 2023 enn i 2022, og inntektsnivået verkar og inn på kor høgt dette måltaket blir.

Dispositionsfond i prosent av brutto driftsinntekter


Dette talet viser fri eigenkapital til driftsformål i prosent av driftsinntektene. Kommunen sitt tal er ein god del høgare enn gjennomsnittet for kommunegruppe 14, men vesentleg lågare enn Iveland.

Utvikling i finansielle nøkkeltal over tid


KOSTRA rekneskapstal Bygland	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Finansielle nøkkeltal										
Frie inntekter per innbyggjar (kr)	69 828	69 594	73 336	74 834	77 667	81 204	84 764	88 510	91 758	89 743
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	-2	4	10	3	0	-5	1	1	1	9
Brutto investeringsutgifter i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	28	13	6	6	14	17	3	3	3	4
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	36	40	41	44	37	31	30	31	27	30
Langsiktig gjeld ex. pensjonsforpliktingar i % av brutto driftsinntekter	77	85	81	81	80	84	94	91	77	54
Dispositionsfond i prosent av brutto driftsinntekter (prosent)	12	17	23	28	26	23	19	20	19	23

Tabellen syner utviklinga i finansielle nøkkeltal over dei 10 siste åra (raude tal = ikkje i tråd med dei finansielle måltala). Arbeidskapitalen (variabel for likviditet) gjekk noko ned i 2018 grunna at kommunen hadde store ubrukte lånemidlar frå tidlegare år som vart tatt i bruk, og at det var ein relativt eksplasiv bruk av næringsfondet og andre fond. Frå 2018 til 2019 gjekk dette talet ned grunna at 2019 var eit dårlig økonomisk år. I 2019 vedtok kommunestyret at langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal ha eit måltal på maksimum 75 % av brutto driftsinntekter, medan disposisjonsfond skal vere minimum 15 %.

Langsiktig gjeld i % av driftsinntektene 2014-2023



Dispositionsfond i % av driftsinntektene 2014-2023



Grafane over viser at måltaket for disposisjonsfond har vore oppfylt sidan 2015, medan gjeld er for første gong sidan 2013 er under måltaket på 75 %. Høge inntekter og ein gjeldsreduksjon på om lag 7 mill. i 2023 bidreg til dette.

Prioritering

KOSTRA rekneskapstal	Bygland 2022	Bygland 2023	Åmli 2023	Iveland 2023	Hægeb. 2023	KG14 2023
KG14 = kommunegruppe 14						
Prioritering						
Netto driftsutgifter til administrasjon i kr. pr. innb.	8 432	10 662	14 021	10 218	5 999	11 618
Netto driftsutgifter per innbyggjar 1-5 år i kroner, barnehagar	225 432	291 541	230 804	277 685	218 990	242 651
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor , per innbyggjar 6-15 år	262 165	235 591	187 735	178 074	192 827	209 128
Brutto driftsutg. pr. innbyggjar, kommunale helse- og omsorgstenester	54 596	57 732	60 462	36 520	54 136	56 388
Netto driftsutgifter per innbyggjar 0-17 år, barnevernstenesta	14 353	19 969	13 428	5 422	5 765	11 973

Tabellen viser Bygland kommune sine netto driftsutgifter per innbyggjar for utvalde tenesteområde. For Bygland sin del er det færre å fordele kostnadane på og derfor blir ein og sårbar for endringar i folketallet i kommunen. Få personar kan gjere store utslag på kostnadane. Dei geografiske avstandane kan i enkelte samanhengar verke kostnadsdrivande for kommunen.


Kommunen ligg under gjennomsnittet for kommunegruppe 14 når det gjeld netto driftsutgifter til administrasjon per innbyggjar. Dette inkluderer kommunedirektøren og staben (HR, økonomi, politisk sekretariat, arkiv, lønn).

Bygland ligg høgt over nivået i kommunegruppa når det gjeld driftsutgifter til barnehage, og også høgast blant dei samanliknbare kommunane. Netto driftsutgifter til grunnskuleopplæring er og vesentleg høgare enn gjennomsnittsnivået i kommunegruppe 14, og også høgare enn nivået for Åmli, Hægebostad og Iveland kommunar, men nivået er redusert samanlikna med 2022. Dette kan ein relatere til talet på born i grunnskulen som ein kan fordele kostnadane på. Ein liten endring i elevmassen kan fort gjere store utslag på desse statistikkane.

Pleie og omsorg og helse er samla under helse og omsorg i tabellen. Bygland sine brutto driftsutgifter ligg litt over nivået i kommunegruppe 14 og Hægebostad, men litt under Åmli. Iveland har særdeles låge utgifter på dette området. Ein må likevel gjere merksam på at samanlikning av utgiftene mellom enkeltkommunar kan gi eit feil bilet, sidan kommunane f.eks. kan ha vesentlege demografiske ulikheitar som gir utslag på utgiftsnivået. Bygland har ei eldre befolkning enn Iveland.

Netto driftsutgifter til barnevernstenesta ligg vesentleg høgare enn kommunegruppe 14, og også mykje høgare enn Åmli og spesielt Iveland og Hægebostad. Etter betydeleg auke i dette talet frå 2018 til 2020, såg ein ei reduksjon både frå 2020 til 2021, og frå 2021 til 2022, men frå 2023 har detta talet auka kraftig. Dette er knyta opp mot saker innanfor barnevernet, og her kan enkelsaker gjere store utslag på statistikken. Ein venter at barneversutgiftene vil ligge på eit endå høgare nivå i 2024 og 2025. Grafen under viser at kommunen hadde dei høgaste barneversutgiftene per innbyggjar i heile Agder i 2023, så vidt høgare enn Åmli.

Netto driftsutgifter til barnevernstenesta per innbyggjar 0-24 år (kr)



2.2. Utvikling økonomi: Prognosar for 2025-2028

Langsiktig gjeld

Status

Kommunen hadde per 31.12.23 kr 134.286.989 i langsiktig gjeld, kor startlån utgjorde kr 7.090.744. av dette. Til samanlikning så var tilsvarende tal kr 141.761.189 per 31.12.22, med startlån på kr 7.416.422. Dette inneberer at langsiktig gjeld utgjer 61 % av brutto driftsinntekter per 31.12.23. Måltal er 75 %.

Utvikling og prognose

Grafen til høgre viser at nøkkeltalet for gjeld blei redusert kraftig i 2023 grunna ekstraordinært høge inntekter, og planlagd nedbetaling av gjeld. I 2024 er inntektene litt lågare, og låneopptak er i revidert budsjett budsjettet med rundt 2 mill. meir enn kommunen betalar i avdrag, så då går måltalet litt opp. Same gjelder for 2025 og 2026, før måltalet blir så vidt redusert i 2027 og 2028. Gjeldsgraden litt anten under eller rundt måltalset i heile økonomiplanperioden. Sidan nøkkeltalet bereknar gjeld i % av driftsinntektene, får auke i driftsinntektene veldig stor effekt på måltalset. Viss dei volatile kraftinntektene på eit tidspunkt blir redusert, vil nøkkeltalet for gjeld også auke, viss ikkje kommunen samstundes har betalt ned på gjelda. Ein gjer merksam på at prognosane som ligg til grunn for grafen er usikre.



Disposisjonsfond

Status


Kommunen hadde per 01.01. 2024 kr 18.650.321 på ordinært disposisjonsfond. I byrjinga av 2017 blei det bestemt å sette av kr 5.000.000 av mindreforbruket i 2016 til eit premiefond som skal handtere den aukande amortiseringa av premieavvik. I 2023 var det et ekstraordinært høgt premieavvik, og nettoinntekta frå dette blei i sin heilskap sett av til premiefondet, så saldo der er om lag 17,9 mill. per 01.01.24.

Av disponible fond har kommunen i tillegg eit bygdebokfond på nesten 1 mill., DFV-fondet på 1 mill., rentefond på 1 mill., og flyktningefond på 15,7 mill.

Utvikling og prognose

I opphavleg budsjett for 2024 er det budsjettet med bruk av disposisjonsfond på om lag 1 mill. I 2023 var ein stor del av auka avsetning til det nemnte premiefondet.

Frå 2025 til 2028 er det budsjettet med ei samla netto avsetning til disposisjonsfond på 5,2 mill. I same periode er avsetninga til flyktningefondet, som er ein del av dei 5,2 mill., på 8,6 mill., og avsetninga til pensjonsfondet er 12,4 mill. Bruk av ordinært disposisjonsfond, som gjeld ordinær drift, er på 10,7 mill. i same periode.



3. DRIFTSBUDSJETTET

6.1 Overordna rammevilkår

I budsjettframlegget frå regjeringa er det lagt opp til ein *reell* vekst i frie inntekter til kommunane på kr 5,15 mrd., som svarar til 5,8 %. Demografikostnadene utgjer om lag kr 2,5 mrd., medan meirkostnadene til pensjon utgjer 0,2 mrd. Det er stor uvisse knytte til pensjonsanslaget. Den forventa pris- og lønnsveksten (deflator) ligg på 4,1 % for kommunesektoren.

Frå 2024 til 2025 har Bygland kommune nominell vekst i frie inntekter på 3,3 % i forhold til nivået i revidert nasjonalbudsjett 2024. Dette vil seie ein negativ realvekst på 0,8 %. I opphavleg budsjett for 2024 var det ein positiv vekst på 0,4 %. I fleire år før det har kommunen hatt ein negativ vekst i frie inntekter i sjiktet 1-1,5 %, mest grunna redusert innbyggjartal. Frå 2024 til 2025 har regjeringa omdefinert kva for inntekter som blir inkludert inntektsomgrepet som definerer om ein kommune får distriktstilskot eller ikkje, slik at konsesjonskraftinntekter også er inkludert, i tillegg til ordinære skatteinntekter og naturressursskatt. Kommunar med inntektsnivå over 140 % av landsgjennomsnittet, får ikkje distriktstilskot. Etter at konsesjonskraftinntektene blei inkludert i inntektsomgrepet, har Bygland kommune inntekter på 156 % av landsgjennomsnittet, som vil seie at kommunen mister heile distriktstilskotet på om lag 6,5 mill. I tillegg så er skjønnsmidlane i rammetilskotet sett til 0, sidan Statsforvaltaren i Agder har bestemt at skjønnsmidlane i Agder blir fordelt først etter kommunen sitt budsjett er vedteke. Om ein legg til grunn same beløp i skjønnsmidlar i 2025 som i 2024, vil veksten i frie inntekter vere 3,9 %, men det er altså usikkert kor mykje kommunen får i ordinære skjønnsmidlar i 2025.

Etter teksten ovanfor blei skrive, har regjeringa føreslege ei tilleggsløyving til alle kommunane på totalt 4,3 mrd. Desse midlane er fordelt per innbyggjartal, og Bygland sin del av dette utgjer kr 904.000. Når ein legg denne summen på summane nemnt ovanfor, får kommunen ein vekst i frie inntekter på 4,7 %. Merk at då er det usikre anslaget for skjønnsmidlane inkludert. Tek ein omsyn til dei nye talla, har kommunen ein positiv realvekst på 0,6 % (4,7 % trekt frå deflatoren på 4,1 %).

Regjeringa foreslår at det kommunale skattøyre for personlege skattytalarar for 2025 vert sett til 12,75 prosent, som er ei auke på 1,8 prosentpoeng. Auka har samanheng med eit makroøkonomisk styringsmål om at skatteinntektene for kommunane skal utgjere 40 pst. av dei samla inntektene (inkl. eigedomsskatt). Ordinær skatt på inntekt og formue (inkl. naturressursskatt) er anslått å auke med 7,5 % for kommunane samla, samanlikna med 2024.

6.2 Økonomisk driftsoversikt – kommunen sine driftsinntekter og driftsutgifter

Tal i 1000 kroner	Budsjett 2024	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
Driftsinntekter					
Rammetilskot	-75 437	-76 689	-74 379	-74 365	-74 163
Inntekts- og formuesskatt	-32 178	-38 141	-40 021	-40 021	-40 021
Eigedomsskatt	-10 300	-10 400	-10 400	-10 400	-10 400
Andre skatteinntekter	-7 200	-7 400	-7 400	-7 400	-7 400
Andre overføringer og tilskot frå staten	-3 749	-10 896	-7 548	-5 115	-3 290
Overføringer og tilskot frå andre	-31 645	-31 550	-30 450	-30 450	-28 950
Brukarkbetalingar	-4 500	-3 190	-3 190	-3 190	-3 190
Sals- og leieinntekter	-15 235	-16 072	-16 072	-16 072	-16 072
Sum driftsinntekter	-180 244	-194 338	-189 460	-187 013	-183 486
Driftsutgifter					
Lønnsutgifter	90 262	100 815	100 165	100 165	100 165
Sosiale utgifter	24 228	25 969	24 421	22 921	21 421
Kjøp av varer og tenester	55 860	59 014	57 301	57 557	57 582
Overføringer og tilskot til andre	13 678	9 953	8 753	8 753	8 753
Avskrivningar	9 300	9 300	9 300	9 300	9 300
Sum driftsutgifter	193 328	205 051	199 940	198 696	197 221
Brutto driftsresultat	13 084	10 713	10 480	11 683	13 735
Finansinntekter/Finansutgifter					
Renteinntekter	-2 180	-2 530	-2 530	-2 530	-2 530
Utbytter	-12 694	-18 035	-11 142	-9 550	-9 550
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0	0	0	0
Renteutgifter	7 000	6 007	5 207	4 907	4 907
Avdrag på lån	6 190	6 190	6 500	6 700	6 700
Netto finansutgifter	-1 684	-8 368	-1 965	-473	-473
Motpost avskrivningar	-9 300	-9 300	-9 300	-9 300	-9 300
Netto driftsresultat	2 100	-6 955	-785	1 910	3 962
Disponering eller dekning av netto driftsresultat:					
Overføring til investering	0	0	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	3 867	4200	4200	4200	4200
Bruk av bundne driftsfond	-5 023	-5045	-5045	-5045	-5045
Avsetninger til disposisjonsfond	150	9 462	6 114	3 681	2 032
Bruk av disposisjonsfond	-1 094	-1 662	-4 484	-4 746	-5 149
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-2 100	6 955	785	-1 910	-3 962
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0

Inntekter har negativt forteikn i tabellen ovanfor, medan kostnadene har positivt forteikn. 2024-budsjettet som ligg inne i oversikten over, er opphaveleg budsjett som blir endra gjennom året 2024. For 2025 har både inntektsnivået og kostnadsnivået auka. Driftskostnadane vil bli omtala i større grad i kapittel 3.4 om driftsutgifter, og kapittel 5 om handlingsdelen.

Den ordinære drifta i 2025 er lagt opp med eit 0-resultat, med bruk av ordinært disposisjonsfond på kr 0. Det er heller ikkje budsjettet med avsetning til ordinært disposisjonsfond i 2025. Bruk av bygdebokfond og fond på Bygland oppvekstsenter er budsjettet med totalt nesten 1,7 mill. I tillegg så er delar av nettoinntekta frå premieavvik (3,1 mill.), og nettoinntekta frå flyktningetenesta (6,3 mill.) sett av til fond. Summen av desse to svarar til summen på kr 9.462.000 i 2025 omtalt som «Avsetningar til disposisjonsfond».

Også for resterande del av økonomiplanperioden, er avsetningane til disposisjonsfond utelukkande relatert til avsetningane av nettoinntekt frå premieavvik til pensjonsfond, og avsetning av nettoinntekt frå flyktningetenesta til flyktningefondet. Når det gjeld ordinært disposisjonsfond, som kan relaterast til ordinær drift, er det lagt opp til bruk av dette fondet på 10,7 mill. totalt i perioden 2026 til 2028. Dette vil seie at kommunen si drift ikkje er økonomisk berekraftig desse åra.

Netto driftsresultat viser kommunen sitt økonomiske resultat før fondsdisponeringar. I og med at inntekter, som nemnt, blir vist med negativt forteikn, vil eit netto driftsresultat med negativt forteikn vere eit overskot. For 2024 har kommunen med andre ord eit underskot på kr 950.000. Dette skuldast utelukkande kostnadene til øyremerka formål, som blir dekt av bundne fond, og er ikkje ein del av den ordinære drifta.

6.3 Kommunen sine driftsinntekter

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2025	Budsjett 2024	Rekneskap 2023
Driftsinntekter			
Rammetilskot	-76 689	-75 437	-70 905
Inntekts- og formuesskatt	-38 141	-32 178	-31 486
Eigedomsskatt	-10 400	-10 300	-11 125
Andre skatteinntekter	-7 400	-7 200	-6 910
Andre overføringer og tilskot frå staten	-10 896	-3 749	-13 417
Overføringer og tilskot frå andre	-31 550	-31 645	-65 115
Brukarkbetalingar	-3 190	-4 500	-4 837
Sals- og leigeinntekter	-16 072	-15 235	-14 384
Sum driftsinntekter	-194 338	-180 244	-218 179
Finansinntekter			
Renteinntekter	-2 530	-2 180	-2 607
Utbytte	-18 035	-12 694	-16 786
Sum finansinntekter	-20 565	-14 874	-19 393
Sum inntekter	-214 903	-195 118	-237 572

Generelt

I kommunedirektøren sitt budsjettframlegg for 2025 er frie inntekter (ordinær skatt og rammetilskot) sett til 114,8 mill. kr, som svarar til anslaga i statsbudsjettet. Skjønnsmidlar er også inkludert i dette talet, og desse er estimert til same sum som i 2024, altså kr 660.000, men merk at talet for skjønnsmidlane er noko usikkert. Skatt på inntekt og formue vil variere i takt med det kommunale skatteøyre og talet på innbyggjarar. Talet på innbyggjarar har også verknad på det ordinære rammetilskotet, saman med dei sentrale politiske retningslinene. I tillegg kom regjeringa med ei tilleggsloving 1. november 2024, kor kommunen får kr 904.000 meir i frie inntekter for 2025 enn det som kjem fram i statsbudsjettet. Dette talet er også inkludert i summen på 114,8 mill., samt tala i tabellen ovanfor.

Veksten i samla inntekter, inkl. finansinntekter, frå opphavleg budsjett 2024 til 2025 er reelt på 10,1 %. Hovudårsaka til veksten er auke i utbytte frå Å Energi på 42 %, tilsvarende 5,3 mill., og ei meir reell budsjetting av integreringstilskot enn kva som er budsjettert i opphavleg budsjett for 2024. Integreringstilskot blir uansett sett av til flyktningefondet, og er på den måten heldt utanfor ordinær drift. Med ein forventa løns- og prisvekst (deflator) på 4,1 % gir dette uansett ein positiv realvekst på 6,0 %. Utbytte frå Å Energi er på rundt 18 mill., som er over 5,3 mill. høgare enn i 2024, og det høgaste utbyttet nokon gong.

Sal av konsesjonskraft ligg under «overføringer og tilskot frå andre» i tabellen ovanfor, og er for 2025 til 2028 budsjettert i samsvar med prognosane frå Konsesjonskraft IKS. Prognosene viser ein reduksjon på 1,1 mill. frå 2024 til 2025, og ytterlegare reduksjon på 1,5 mill. frå 2025 til 2028.

Andre statlege overføringer aukar på grunn av at kommunen får om lag 9,35 mill. i integreringstilskot til å integrere flyktningar frå Ukraina i 2025. Dette talet kan endre seg viss kommunen tek i mot fleire flyktningar, eller nokre av dei busette flyktningane flytter til ut av kommunen. Når inntektene er større enn utgiftene på flyktningområdet, vil «overskotet» bli sett av til eit flyktningfond. Viss utgiftene er større enn inntektene, vil ein på tilsvarende vis bruke av flyktningfondet for å finansiere «underskotet». Renteinntekter og utbytte vil variere i takt med rentemarknaden i landet, samt overskot til utdeling frå Å Energi. Det er rekneskapsresultatet to år før budsjettåret som er grunnlaget for utbyttet frå Å Energi.

Avgifter og betalingssatsar

I budsjettet for 2025 er det føreslege å auke vassgebyret med 7,1 % og avløpsgebyret med 3,7 % (påkoplingsgebyra blir ikkje endra). Dette inneber at kommunen subsidierer dryge 0,5 mill. mindre enn i 2024 på desse områda. Den relativt store auka på vassgebyret heng saman med behov for større investeringar på dette området i 2025 og framover.

Merk at prosentauka i vass- og avløpsgebyra ovanfor er ekskl. mva., som vil seie at regjeringa sitt forslag om å redusere mva. på vatn og avløp frå 25 % til 15 % ikkje er medrekna i denne auka. Viss ein reknar med at forslaget om 15 % mva. på vatn og avløp

blir vedteke med verknad frå 01.05.25, vil gjennomsnittleg mva. vere 18,33 % på desse gebyra i 2025, mot 25 % i 2024. Det vil seie at *reell* auke i vassgebyret for private hushaldninger er på 1,4 %, medan avløpsgebyret i realiteten blir *redusert* med 1,9 %.

Slamavgifta skal etter gjeldande lover og forskrifter dekke kommunen sine samla utgifter til innkøyring og behandling av slam. Det er ikkje ordinær slamtømming i 2025. Avgifta blir ikkje endra samanlikna med 2024.

Renovasjonsavgifta skal og etter gjeldande lover og forskrifter dekke kommunen sine samla utgifter til innsamling og behandling av avfall. Avgiftsnivået blir auka med 5,0 % samanlikna med 2024.

Feieavgifta aukar med 3,1 %. Dette arbeidet blir utført av Setesdal Brannvesen IKS, og avgiftene går til å dekke kostnadene til feiearbeidet og brannsyn. Når det gjeld dei andre avgiftsområda viser ein til prislista (gebyrregulativet) for 2025.

Skatt på formue og inntekt

Kommunen sine budsjetterte inntekter i form av skatt på formue og inntekt har utvikla seg slik dei siste åra (tall i tusen):

2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
27 336	28 700	26 394	27 011	27 011	28 370	27 464	28 729	31 144	32 178	38 141

For 2025 vel ein å bruke anslaget i statsbudsjettet. Naturressursskatten på kr 4 mill. er teken ut frå denne tabellen med verknad frå 2017. For 2025 er det budsjettert med ein skatteinngang på kr 38.141.000. Ein stor del av skatteinngangen (rundt 20 %) i kommunen kjem frå kraftverk. Skatteinngangen viser ei auke på kr 5.963.000 samanlikna med opphavleg budsjett for 2024. Dette talet er alltid usikkert og er avhengig av både skatteinngangen i kommunen og heile landet.

Eigedomsskatt

Når det gjeld utviklinga av eigedomsskatt i økonomiplanperioden er det først og fremst endringar i regelverket og endringar av skattegrunnlaget ein må ta omsyn til. Kommunestyret vedtek at ein skal skrive ut eigedomsskatt for året 2025 jf. eigedomsskattelova (esk. § 2). Kommunestyret vedtek og kva satsar og reglar som skal nyttast ved utskriving av eigedomsskatt for skatteåret 2022 jf. esk. § 10. Frå og med 2019 blei det endringar i eigedomsskattelova. § 3 lyder no slik:

- «Kommunestyret kan skrive ut eigedomsskatt på anten
- a) faste eigedomar i heile kommunen, eller
 - b) faste eigedomar i klårt avgrensa område som heilt eller delvis er utbygde på byvis eller der slik utbygging er i gang, eller
 - c) berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, eller
 - d) berre på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, eller
 - e) eigedom både under bokstav b og c, eller
 - f) eigedom både under bokstav b og d, eller
 - g) faste eigedomar i heile kommunen, unntake næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum.»

For eigedomsskattåret 2025 skal ein skrive ut eigedomsskatt på kraftverk og kraftnett jf. esk. § 3 fylste ledd bokstav c. Kommunen skriv *ikkje* lenger ut eigedomsskatt på bygg og eigedom knytte til det som var definert som verk og bruk i den gamle eigedomsskattelova. Når det gjeld produksjonsutstyr og -installasjoner på tidlegare verk og bruk, blei det skrive ut eigedomsskatt med ein reduksjon av skattegrunnlaget på 1/7 kvart år frå og med 2019, jf. overgangsregelen til den nye eigedomsskattelova. Denne overgangsperioden er har sitt siste år i 2024, og 2025 blir første år utan denne skatten. Gradvis utfasing har gjort at denne inntekta var redusert til dryge kr 200.000 i 2024.

Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2025 er 7 promille, jf. esk. § 11 første ledd. Kommunestyret fastset at eigedomsskatten skal betalast i to terminar per år, jf. esk. § 25. I budsjettet for 2025 og ut økonomiplanperioden har ein lagt til grunn ein årleg samla eigedomsskatt på kr 10.400.000 som er same tal som revidert budsjett i 2024. Dette er usikre prognosar, då ein ikkje har fått dei endelege tala enno.

Maksgrensa for fastsettning av eigedomsskatt på kraftverk er auka frå 2,47 til 2,74 kr/ kWh med effekt frå 2013. Det er ikkje framlegg om ei ytterlegare heving for 2024. Kapitaliseringsrenta er føreslegen til å vere uendra på 4,5 % også i 2025. Per dags dato har ikkje

kommunen eigedomsskatt på hus og hytter. Ei eventuell innføring av dette vil bli handsama i eiga sak. For økonomiplanperioden legg ein til grunn følgjande eigedomsskatteinntekter:

År	2024	2025	2026	2027	2028
Eigedomsskatteinntekter (i heile tusen)	10 300	10 400	10 400	10 400	10 400

Merk at 2024 viser opphavleg budsjett, sidan tala ikkje var klare på budsjettidspunktet. Revidert budsjett viser 10,6 mill. i 2024. Budsjettet for 2025 er som nemnt veldig usikkert. Det er nåverdien av kraftverka sin løpende gjennomsnittlege nettoinntekt over fem år som er grunnlaget for eigedomsskattegrunnlaget til kraftverka, som vil seie at viss inntektene er låge eit år vil dette dra ned gjennomsnittet. For 2025 er det åra 2019-2023 som dannar grunnlaget, som vil seie at 2018, eit år med relativt låge straumprisar, forsvinn ut av grunnlaget, medan 2023, eit år med relativt høge straumprisar, kjem inn i grunnlaget. Dette, isolert sett, skulle tyde på ei auke i eigedomsskatteinntektene i 2025, men den vedtekne auka i grunnrenteskatten, med verknad frå og med 2022, vil ha negativ innverknad på kommunen sine eigedomsskatteinntekter. Det er uansett vanskeleg å talfeste dette, så ein vil vente med å justere eigedomsskatteinntektene til dei endelige tala er klare.

Frie inntekter

Frå og med 2000 vart det innført eit system med løpende inntektsutjamning. Tidlegare var det slik at kommunar som har lågare skattevekst enn landsgjennomsnittet fekk dette kompensert gjennom rammetilskotet to år etter. I motsett fall ville ein kommune med høgare vekst enn landsgjennomsnittet bli trekt for dette to år etter. Dagens system inneber at svingingar i skatteinngangen vert utjamna kontinuerleg gjennom heile året. Dette skjer gjennom det inntektsutjamnande tilskotet i rammetilskotet. For 2025 utgjer dette tilskotet kr 5.023.000, ein reduksjon frå kr 6.677.000 i 2024.

I rammetilskotet ligg og eit tilskot til særskilt fordeling på kr 1.999.000. Dette er nettoeffekten av saker til særskilt fordeling. Det vil seie at kommunen blir trekt i rammetilskotet for endringar innan finansiering av ulike tenester som anten staten finansierer direkte eller som staten meiner kommunen ikkje lenger har utgifter på. Likeins blir rammetilskotet styrka med midlar til saker som anten kommunen sjølv skal finansiere eller ekstra tiltak som staten ynskjer å sette på dagsorden, utan at dei gir øyremerkte tilskot til dei ulike tiltaka. Tilskot til særskilt fordeling er å rekne som ein del av kommunen sine frie inntekter. For 2025 er det skolehelsestenesta (kr 204.000), redusert maksimalpris i barnehagen (kr 225.000) og ei vidareføring av tilskotet på kr 500.000 per skule i kommunen (som nå er deflatorjustert frå kr 1.082.000 i 2024 til 1.127.000 i 2025) som er prioriterte sakar som er vidareført frå tidlegare år. Nytt i 2025 er kr 409.000 som gjeld tilbakeføring av halvparten av den tidlegare reduserte vektinga av utgiftsposten knytt til personar med utviklingshemming.

Kommunen fekk kr 660.000 i skjønnsmidlar i 2024. Det er Statsforvaltaren i Agder som fordelar desse midlane. Det er usikkert kor mykje kommunen får i skjønnsmidlar i 2025 sidan Statsforvaltaren i Agder vel å fordele skjønnsmidlane etter kommunen har lagt fram sitt budsjett. Kommunen har dei siste åra fått skjønnsmidlar grunna høge utgifter i barnevernssektoren. I og med at desse utiftene har auka betydeleg frå 2024 til 2025, kan det vere håp om at kommunen får meir i skjønnsmidlar i 2025 enn i 2024, men ein har velt å budsjettere konservativt med same sum som i 2024.

Frie inntekter – prognose for perioden 2025-2028:

Det som har mest å seie for kommunen si økonomiske utvikling i økonomiplanperioden er utviklinga i dei frie inntektene. Tabellen nedanfor viser ein prognose for dei neste fire åra. Desse tala er veldig usikre, spesielt for åra 2026 til 2028. For 2025 har ein brukt prognosene i statsbudsjettet, og for 2026 til 2028 har ein brukta prognosane i KS sin prognosemodell.

Oppsummert for åra i økonomiplanperioden opererer kommunedirektøren etter dette med følgjande anslag for frie inntekter utanom eigedomsskatt (tal i tusen):

	2024	2025	2026	2027	2028
Rammetilskot (fast del)	68 760	71 666	69 863	69 849	69 647
Skatt (inkl. naturressursskatt)	36 178	42 141	44 021	44 021	44 021
Inntektsutjamning	6 677	5 023	4 516	4 516	4 516
Sum frie inntekter	111 615	118 830	118 400	118 386	118 184
%-endring		6,5 %	-0,4 %	0,0 %	-0,2 %

Merk at desse anslaga er veldig usikre, spesielt fra 2026 til 2028, men også for 2025 kan det skje endringer.

Andre statlege overføringer

I tillegg til rammetilskotet og dei øyremerkte tilskota, som er ført under resultateiningane i driftsbudsjettet, mottek kommunen enkelte andre tilskot som ikkje er øyremerkte. Integreringstilskota er per definisjon ikkje øyremerka, men kommunen vil legge opp til at heile integreringstilskotet blir brukt på flyktningane frå Ukraina. Eventuelt til gode av tilskotet blir sett av til fond.

Kompensasjonstilskot – pleie- og omsorgssektoren

I samband med eldresatsinga, som blei vedteken hausten 1997, er det innført eit kompensasjonstilskot til dekking av renter og avdrag i samband med investeringar innan pleie- og omsorgssektoren. Dette tilskotet, saman med oppstartstilskot, gjer at utbyggingar innan denne sektoren i prinsippet skal dekkast fullt ut av staten. Det er lagt inn eit anslag for 2025 på kr 300.000.

Meirverdiavgiftskompensasjonsordninga

Med verknad frå 2004 vart denne ordninga utvida, slik at det vart innført ei generell kompensasjonsordning for meirverdiavgift til m.a. kommunar. Denne ordninga går ut på at kommunane får refundert all mva. som er betalt til kjøp av varer og tenester, til ikkje- avgiftspliktig verksemder. Refusjonen skal utbeta last og inntektsførast same år som kjøp av varer og tenester skjer. Formålet med utvidinga er å etablere ei ordning som kan motverke konkurransevriding mellom privat og offentleg sektor.

Ifølgje lov om kompensasjon for meirverdiavgift skal kompensasjonsordninga finansierast av kommunane sjølv. Det vil seie at kommunane blir trekte i rammetilskotet tilsvarende beløp som ein forventar at kompensasjonskravet frå kommunane blir. Frå 2014 vart ordninga endra slik at 100 % av momskompensasjon frå investeringsrekneskapen skal inntektsførast direkte i investeringsrekneskapen. Inntektsanslaget er på kr 4.700.000 i driftsbudsjettet. I driftsbudsjettet er følgjande kompensasjon utrekna (tal i heile 1000 kr):

År	2024	2025	2026	2027	2028
Mva-kompensasjon (i heile tusen)	4 700	4 700	4 700	4 700	4 700

Det er ingen fare om inntekta over er budsjettet feil, sidan den uansett blir utlikna av mva-kostnaden på mva-kompensasjonsområdet, som er budsjettet med ein kostnad på 4,7 mill. for heile økonomiplanperioden.

Integreringstilskot – flyktningar

Kommunen får i ein 5-års periode ein fast sum for kvar flyktning som busett seg i kommunen. Kommunen har tidlegare satt av pengar til ein fond som skal dekke kostnadene knytt mot dette området etter at tilskota er redusert. For 2025 er det budsjettet med 9,35 mill. i integreringstilskot knytte til flyktningane frå Ukraina. Dette talet vil riktig nok fort endre seg viss kommunen tek imot fleire flyktningar, eller viss flyktningane som bur i kommunen i dag flytter ut av kommunen. For økonomiplanperioden er det budsjettet med følgjande summar i integreringstilskot:

År	2024	2025	2026	2027	2028
Integreringstilskot (i heile tusen)	3 499	9 350	6 002	3 569	1 744

Inntekta er budsjettet med utgangspunkt i IMDi sin tilskotskalkulator, og med føresetnad om same talet på flyktningar i heile perioden. Det er i utgangspunktet ikkje realistisk at mengda flyktningar blir lik i heile perioden, men når ein legg dette til grunn, er det enklare å sjå korleis inntekta frå integreringstilskot utviklar seg over tid. I 2028 vil kommunen, viss utgiftene er på same nivå som i 2025, bruke meir enn den får inn. I 2029 vil integreringstilskotet vere nesten null. Dette viser viktigeita av at flyktningar i arbeidsfør alder får seg jobb, alternativet er at kommunen må betale sosialstønad til alle flyktningane når tilskota tek slutt.

Kommunen er i gong med å kartlegge moglegheitene for å implementere "Narvik modellen" for å bidra til å unngå nettopp dette. Kort fortalt går dette ut på å tilby dei nemte flyktingane midlertidige stillingar i kommunen, dekt av tilskotet samt med tilskot frå NAV som ein vil samarbeide med i denne satsinga. Dette gjer flyktingane ei norsk arbeidserfaring, sikrar auka integrering og sikrar og grunnleggjande trygderettighetar etter avslutta kontrakt dersom dei ikkje får vidare arbeid.

Konsesjonskraftinntekter

Den konsesjonskrafa Bygland kommune, som utbyggingskommune, har rett til å ta ut vert forvalta gjennom Konsesjonskraft IKS (KIKS). For økonomiplanperioden har ein lagt til grunn følgjande årlege inntekt:

År	2024	2025	2026	2027	2028
Konsesjonskraftinntekter (i heile tusen)	20 300	19 200	18 100	18 100	16 600

Konsesjonskraftinntektene er sterkt korrelerte med straumprisane, og straumprisgrafen i kapittel 1.1 viser kvifor ein med må legge inn ein stor grad av usikkerheit knytte til framtidige konsesjonskraftinntektsprognosar. Prognosene for 2025 er relativt sikker, men prognosane for 2026 til 2028 er veldig usikre. Om konsesjonskraftinntektene blir redusert til nivåa rundt 2016-2020, då dei var rundt 4 mill. på det lågaste, vil kommunen få store problem med å få driftsbudsjettet i balanse.


Inntekter frå Å Energi AS

Det blei i 2018 vedteke at Agder Energi (no Å Energi) skulle behalde meir av overskotet i selskapet til framtidige investeringar. Som ein følgje av dette vert det vedteke ein ny utbyttemodell til eigarane.

Den vedtekne utbyttemodellen fekk verknad frå 2019. I den nye utbyttemodellen er rettleiande utbytteprosent sett til 70 %. Etter den gamle modellen vart utbytte fordelt etter eit prinsipp om 100 % dekning av dei første 400 mill. + 60 % av overskytande.

Kommunen fekk i 2020 eit samla utbytte frå Agder Energi AS på kr 6.797.000. Dette var ut frå ein eigardel på 1,111 % (utbytte frå overskot i 2018 som vart utbetalt i 2020). I 2021 stupte denne inntekta til om lag 3,6 mill. I revidert budsjett 2022 vert utbyttet justert opp til om lag 8,4 mill., sidan det vart vedteke å take med gevinsten ved sal av eit selskap inn i utbyttegrunnlaget. Dette illustrerer korleis denne inntekta har variert dei siste åra. For 2025 er det resultatet for 2023 som er utbyttegrunnlaget, i tillegg til at alle Agder-kommunar får eit ekstra tillegg på utbyttegrunnlaget for 2023 til 2025 som følgje av fusjonen mellom Agder Energi og Glitre Energi.

Utbytte frå Å Energi AS 2016-2025
(tal i millionar kr)



Å Energi sitt resultat i 2024 dannar grunnlaget for utbyttet i 2026, og per 1. halvår 2024 kan selskapet vise til eit resultat på 0,7 mrd., som er ein del lågare enn året før, då det var 1,1 mrd. I tillegg fell «utbyttetillegget» på 4,1 mill., som gjaldt frå 2023 til 2025, bort. Difor legg ein til grunn ein kraftig reduksjon i utbytte frå 2025 til 2026. For 2027 har ein brukt prognosene frå Å Energi og i 2028 har ein brukt same talet som i 2027. Basert på dette, legg ein til grunn følgjande inntekter i økonomiplanperioden:

År	2024	2025	2026	2027	2028
Utbytte frå Å Energi AS (i heile tusen)	12 694	18 035	11 142	9 550	9 550

Naturressursskatt

Naturressursskatt er ein særskatt for kraftproduksjonsanlegg, og utgjer 1,3 øre/KWh, kor 1,1 øre går til primær-kommunen og 0,2 øre til fylkeskommunen. Naturressursskatten er skilt ut frå dei ordinære skatteinntektene og ligg som ein eiga inntekt under linje 4 i budsjetteskjemaet «bevillingsoversikt drift». Denne er estimert til kr 4.000.000 for 2025 og ut økonomiplanperioden. Denne inntekta er ein del av skatteutjamninga.

Generelt om kraftrelaterte inntekter

Grafen til høgre viser utviklinga i kommunen sine kraftrelaterte inntekter, frå 2016 til 2025, justert til 2023-kroneverdi: Eigedomsskatt lengst nede, så utbytte frå Å Energi, deretter konsesjonskraft, og heilt øvst inntekter frå konsesjonsavgifter.

Merk at ein mindre del av eigedomsskattelinntekta er inntekta frå verk og bruk som ikkje er kraft-relaterte (om lag 0,5 mill. eller mindre). I eigedomsskatten inngår også eigedomsskatt frå kraftliner, som ikkje er påverka av straumprisane, slik som eigedomsskatten frå kraftverk er. I 2018 var det ein korrekjon på konsesjonskraft som gjorde at inntektene vart om lag 2 mill. høgare enn vanleg, elles ertala i grafen for det meste samanliknbare med kvarandre, også på tvers av årstala, sidan tala er justert til same kroneverdi (2023).

I 2016 var kraftinntektene over 28 millionar, målt i 2023-kronar. Til samanlikning var kraftinntektene 24,7 millionar i opphaveleg budsjett 2021, og snaue 26 millionar i 2017 og 2019. Her er det riktig nok viktig å påpeike at revidert budsjett for 2021 la til grunn ei auke i konsesjonskraft-inntektene på 2,5 mill. Grafen illustrerer likevel sviningane i kraftinntektene, og at kommunen er veldig sårbar for desse sviningane. For 2023 var kraftinntektene over dobbelt så høge som nokre av dei tidlegare åra, men då blei kraftkommunar i heile landet ofre for det statlege konsesjonskrafttrekket, som i løpet av året blei tatt bort grunna reduksjon i straumprisane. I 2025 er kraftinntektene framleis høge, totalt 51 mill., og det er ikkje føreslede noko konsesjonskrafttrekk i statsbudsjettet, men omlegginga av inntektssystemet tek i større grad omsyn til kraftinntektene enn tidlegare, og ein direkte konsekvens av dette, er at kommunen har mista heile distriktstilskotet på nesten 6 mill. Ein må og påpeike at når kraftinntektene er på sitt lågaste er ikke kommunen sin økonomi berekraftig, til det er kostnadane for høge.



6.4 Kommunen sine driftsutgifter

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2025	Budsjett 2024	Rekneskap 2023
Driftsutgifter			
Lønnsutgifter	100 815	90 262	94 887
Sosiale utgifter (pensjon og arbeidsgivaravgift)	25 969	27 558	22 048
Kjøp av varer og tenester	59 014	55 860	59 574
Overføringer og tilskot til andre	9 953	10 353	23 342
Sum driftsutgifter	195 751	184 033	199 851
Finansutgifter			
Renteutgifter	6 007	7 000	6 400
Avdrag på lån	6 190	6 190	7 149
Sum finansutgifter	12 197	13 190	13 549
Sum utgifter	207 948	197 223	213 400

Generelt

Driftsutgifter aukar med 6,4 %, tilsvarande 11,7 mill. Finansutgifter blir redusert med nokså nøyaktig 1 mill. Auka i driftsutgifter er noko høgare enn deflator for 2025, som er estimert til 4,1 %. Deflatoren er ein vekta indeks bestående av prognoser for løns- og prisvekst, spesielt tilpassa kommunal sektor. Pensjonsutgiftene har gått noko ned, men lønnsutgiftene har auka med 11,7 %, sjølv om lønnsveksten berre er 4,5 %. Dette skuldast ei vesentleg auke i årsverk i kommunen.

Kjøp av varer og tenester, og overføringer og tilskot til andre, aukar samla sett med 4,15 %, som er tilnærma same prosentsats som deflatorprognosene for 2024. Renteutgiftene er redusert med 1 mill., i samsvar med prognosane frå Kommunalbanken og KLP Banken, medan avdragsutgiftene er på same nivå som i opphavleg budsjett for 2024. I revidert budsjett for 2024 er avdrag redusert med kr 200.000, så i realiteten er avdragsutgiftene auka med kr 200.000 samanlikna med 2024.

Løns- og prisvekst

Regjeringa legg til grunn ei vekta pris- og kostnadsauke («deflator») frå 2024 til 2025 på 4,1 %. Årlønnsveksten i 2023 er sett til 4,5 % basert på anslag i statsbudsjettet. For 2024 var lønnsveksten opphavleg estimert til 4,9 %, men så blei han justert opp til 5,2 % i løpet av året. Normalt blir ikkje lønnsvekstprognosene enda i løpet av året, men dette har skjedd dei siste tre åra, grunna generelt usikre tider i økonomien både internasjonalt og nasjonalt. Lønnsvekstprognosene på 4,5 % for 2025 er altså ikkje ei sikker prognose.

På lønspostane har ein lagt inn alle auka utgifter som er kjent per i dag. For å dekke lønsauke i løpet av 2024 er det lagt inn ein reserve på kr 2.400.000. Dersom denne ramma vert for lita, vil den bli justert i ei budsjettjustering i løpet av året. Dette er basert på ein lønsauke på 4,5 % der overhenget for kapittel 4 er budsjettert på eininga. Derfor trekker ein ut overhenget på 2,3 %. Avsetninga er basert på om lag 2,2 % av samla lønskostnadene.

Pensjonsutgifter

Kommunesektoren har dei siste åra opplevd ein formidabel auke i pensjonsutgiftene. Frå og med rekneskapsåret 2003 kom det nye reglar for føring av pensjon. Desse reglane skal føre til at pensjonsbelastninga kan fordelast over fleire år, slik at kommunen sine utgifter til dette vert meir stabile. I samband med dette vedtok kommunestyret å fordele desse utgiftene på 15 år. Med verknad frå 2011 vert desse fordelt over 10 år. Frå og med 2015 skal premieavviket, som er differansen mellom innbetalt pensjonspremie og netto pensjonskostnad, fordelast over 7 år. Dette aukar amortiseringskostnadane for tidlegare inntektsført premieavvik.

Sett mot amortiseringskostnadane, ligg det inne ei nettoinntekt i budsjett for 2025 på 4,6 mill. relatert til premieavvik på pensjon. Tilsvarande inntekt i opphavleg budsjett for 2024 er berre 2,1 mill., altså 2,5 mill. lågare. Denne inntekta, som eigentleg ikkje er ei reell inntekt, blir vist som ein reduksjon av pensjonsutgiftene i tabellen ovanfor, og er derfor ein stor del av årsaka til at sosiale utgifter (pensjon og arbeidsgivaravgift) blir redusert med 1,6 mill. samanlikna med 2024, sjølv om talet på tilsette har gått vesentleg opp. I tillegg så er premiesats for pensjon hos KLP estimert til 18 %, mot 19,5 % i 2024. Gitt lønnsmassen i 2025, vil ein reduksjon i premiesats på 1,5 %, tilsvare ein reduksjon i pensjonsutgifter på om lag 1,2 mill.

Ein gjer elles merksam på at heile nettoinntekta frå premieavvik er anbefalt avsett til kommunen sitt fond for framtidige amortiseringskostnadar frå premieavvik. Premieavviket for 2025, må amortiserast med ein kostnad på om lag 1,5 mill. årleg i sju år frå og med 2026, og ein vil då bruke av pensjonsfondet dei åra det ikkje er rom for å dekke denne kostnaden i ordinær drift. I 2025 er det ikkje økonomisk handlingsrom til å sette av heile nettoinntekta på 4,6 mill., men ein føreslår å sette av 2,2 mill.

Avslutningsvis er det viktig å påpeike at pensjonsprognosane for neste år er særdeles usikre, og, viss det vert rom for det, vil ein anbefale at det vert sett av ein buffer til potensiell kostnadsauke på dette området.

Rente- og avdragsbelastning

Kommunen si netto lånegjeld pr. 01.01.2024 er på om lag 134 millionar, der startlån utgjer ca. 7,1 mill. Renteeksponert gjeld utgjer ca. 80 millionar av det totale gjeldsbilete. Gjelda blei redusert med om lag 7 mill. i løpet av 2023, grunna ekstraordinært høge kraftinntekter. I 2024 vil gjelda auke med om lag 2 mill. I 2025 og 2026 aukar gjelda igjen, medan i åra 2027 og 2028 er planen å redusere gjelda noko. Den planlagde gjeldsreduksjonen i 2023 legg grunnlaget for at kommunen sitt nøkkeltal på gjeld ligg under eller rett rundt måltalet for heile perioden 2025-2028, trass i gjeldsauka i 2024, 2025 og 2026. Måltalet på gjeld er at gjelda skal være maksimalt 75 % av brutto drifts-inntekter. For utviklinga i dette talet viser ein til kapittel 2.

Kommunelova slår fast at kommunane må bruke forenkla metode for berekning av minimumsavdraget. Forenkla metode inneberer at kommunen sine avdrag vert berekna etter følgjande formel:

$$\text{Minimumsavdrag} = \frac{\text{Rest lånegjeld}}{\text{Sum bokført verdi varige driftsmidlar}}$$

Kor avskrivingane reflekterer årleg verdiforringing av driftsmidlane. Auke i avskrivingane vil bety at minimumsavdraget aukar, viss ingen av dei andre faktorane endrar seg. Nokre investeringar avskrivast over 50 år, og blir på den måten ein del av avdragsberekinga i alle desse 50 åra. Minimumsavdraget per 2024 synleggjer difor ikkje berre kapitalkostnaden på nyare investeringar, men også på investeringar gjort for mange år sidan. Reduksjon i lånegjeld kan bidrage til å redusere minimumsavdraget, men i slike tilfelle blir gjerne sum bokført verdi av varige driftsmidlar og redusert, noko som igjen gjer at reduksjonen i minimumsavdrag blir mindre.

Kommunen sine avdragsutgifter i 2025 er budsjettert til kr 6.190.000. Dette er ei auke på kr 200.000 samanlikna med opphavleg budsjett for 2024. Avdragsutgiftene har elles auka jamt kvart år sidan 2013, då denne kostnaden var berre om lag 2,7 mill.

Det er budsjettert med 4,5 % rente i 2025, basert på prognoser frå Kommunalbanken. I budsjett for 2024 er renteprognosene 5 %. Det er budsjettert med kr 6.007.000 i renteutgifter for 2024, inkl. kr 300.000 i renter på startlån. I økonomiplanperioden er det budsjettert med følgjande finansutgifter:

	2024	2025	2026	2027	2028
Renteutgifter – ordinære lån	6 800	5 700	4 900	4 600	4 600
Avdragsutgifter – ordinære lån	6 190	6 190	6 500	6 700	6 700
Sum finansutgifter	12 990	11 890	11 400	11 300	11 300

Renteutgiftene på startlån blir uansett dekt inn av renteinntekter frå dei som har startlån i kommunen, og er derfor ikkje vist i tabellen ovanfor. Når det gjeldt renta generelt, så er spesielt anslaga for 2026 til 2028 er veldig usikre, men også anslaget for 2025 er langt frå sikkert. Rentekostnadane er redusert frå 2025 og utover, i samsvar med prognoser frå Kommunalbanken. Det er lagt opp til ordinært finansieringsbehov via lånemidlar til investering på 15,75 mill. i 2025. Investeringane blir finansiert med eventuelle unytta lånemidlar frå 2024 kombinert med nytt låneopptak. Sal av fast eigedom og anleggsmidlar, spelemidlar og eventuelle andre tilskot kan og inngå som delar av finansieringa. Det er budsjettert med opptak av startlån tilsvarande 3 mill. i året for heile perioden, men dette vil variere ut frå kor mange startlånsøknadar som blir innvilga, og ved behov vil ein kunne vedta budsjettendringar på dette området i løpet av året.

Konsesjonsavgifter og næringsfond

Kommunen har årlege konsesjonsavgifter på om lag kr 3.400.000. 01.01.2024 var det inneståande kr 19.026.000 på næringsfondet, kor kr 17.780.000 er bundne midlar. Dette er ei auke frå året før, kor tilsvarande tal var kr 18.785.000. Renteavkastninga på

næringsfondet er estimert til kr 800.000 for 2025, som vil seie at total avkastning frå næringsfondet er på kr 4,2 mill. (konsesjonsavgifter og renteavkastning). Mot slutten av 2024 vil ein budsjetttere med å auke saldoen på næringsfondet, men det er ikkje endeleg klart kor mykje, så saldoen under per 1.1.25 er eit estimat.

Status for næringsfond	Beløp
Estimert saldo pr. 1.1.25	19.200.000
Grunnkapital	-17.780.000
Disponibel kapital (estimat) per 1.1.25	1.520.000

Dette er estimert saldo, inkludert forventa avkastning for 2024. Det er i 2024 budsjettet med ei renteavkastning på kr 500.000 som blir ført til disponibel saldo ved slutten av året. Denne avkastninga blir antakeleg større grunna høgare rente enn budsjettet, og i anslaget i tabellen over er det lagt til grunn ei avkastning på kr 800.000.

Det er og verdt å merke seg at kommunen har eitt anna fond som også kan brukast til næringsretta formål:

Andre kommunale fond til næringsformål	Beløp
Gamle prosjektmidlar knytte til kvinner i næringslivet	151.000
Disponibel kapital andre «næringsfond» (estimat) per 1.1.25	151.000

Covid-19 næringsfond, som låg inne i denne oversikten i budsjettet for 2024, blei brukt opp i starten av 2024.

Bruk av næringsfond i 2025:

Bruk næringsfond 2025	2025
Tilskot til Setesdal Regionråd	1 300 000
Tilskot til turistinformasjon	110 000
Tilskot til Norsk Landbruksrådgiving Agder	30 000
Tilskot til Bygland Sikringsradiolag (avtale om drifting)	10 000
Landbrukstilskot	800 000
Bjoren	200 000
Tilskotsordning badstovar	400 000
Omstillingsprogrammet, kommunal andel	500 000
Planarbeid	500 000
Næringsutvikling – andel lønn	230 000
Avdrag langsiktig gjeld til samfunnsutvikling	120 000
Sum	4 200 000

Næringsfremmende tiltak:

Kommunen har ein næringsansvarleg som har arbeidd med næringsutvikling saman med resten av næringsgruppa. Det er budsjettet med bruk av kr 230.000 av næringsfondet til løn til næringsansvarleg. Ein har i tillegg inntil kr 151.000 av andre fondsmidlar som kan nyttast til næringstilskot, som vist i tabellen ovanfor næringsfond-tabellen. Omstillingsprogrammet blir eit veldig sentralt og omfattande næringsfremmende tiltak i 2024 og framover. Den kommunale eigenandelen er kr 500.000.

Turisme:

Det er sett av kr 200.000 til Bjoren i 2025. Dette er same sum som i 2024, som og matchar tilskotet som fylkeskommunen har løyvd til Bjoren. Det er og sett av kr 110.000 til å drifta den kommunale turistinformasjonen for sommaren 2025, ei auke på kr 15.000 samanlikna med 2024.

Landbruk og viltforvaltning:

Under landbrukstilskot er det budsjettet med om lag kr 800.000 i delutbetalingar til oppføring av driftsbygg i Jordalsbø og på Lauvdal. Førstnemnte gjeld gardsverksemda Salvehus Gard, og følger av vedtak om tilskot i 2023. Tilskotet på kr 700.000 blei eigentleg budsjettet i 2024, men det blir berre utbetalt ei delutbetaling på kr 500.000 i 2024, i samsvar med progresjonen i saka,

så då står det att å utbetale kr 200.000 i 2025. Gunstein Attestog sitt driftsbygg på Lauvdal har fått innvilga kr 1.000.000 i tilskot, men også her vil tilskotet bli delt mellom 2024 og 2025.

Det er også i 2025 budsjettet med kr 30.000 som tilskot til Norsk Landbruksrådgjeving, og det er føreslege å vidareføre budsjettsummen på kr 10.000 til Bygland sikringsradiolog.

Infrastrukturelle tiltak og planarbeid:

Ein held fram arbeidet med å revidere reguleringsplanen på Byglandsfjord i 2025.

Generelt:

Det er semje mellom alle deltakarkommunane i Setesdal Regionråd. Storleiken på det kommunale tilskotet vert videreført med kr 1,3 mill.

Næringsfond 2025-2028:

Det vert budsjettet med følgjande bruk og avkastning på næringsfondet i økonomiplanperioden (tal i 1000):

	2024	2025	2026	2027	2028
Avkastning	3 700	4 200	4 200	4 200	4 200
Bruk av næringsfond	-4 040	-4 200	-4 200	-4 200	-4 200
Netto bruk (-) eller avsetning (+)	-340	0	0	0	0

Som nemnt ovanfor, så blir antakeleg avkastninga i 2024 noko høgare enn budsjetter, og det kan fort ende opp med ei avsetning til fondet i staden for å bruke kr 340.000 av det. For 2025 til 2028 er det lagt opp til å bruke like mykje som ein får i avkastning.

4. INVESTERINGSBUDSJETTET

4.1 Hovudoversikt investeringar 2025

Kommunen sitt investeringsbudsjett for år 2025 balanserer med inntekter og utgifter på kr. 18.100.000. Hovudoversikten under viser korleis kommunen sine investeringar i 2025 er finansiert.

Investeringsbudsjettets hovudoversikt inneheld følgjande (*Tal i 1000*):

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2025	Budsjett 2024
Investeringsutgifter – sjå avsnitt 4.2		
Investeringar i varige driftsmidlar	17 600	7 300
Tilskot til andre sine investeringar	0	0
Investeringar i aksjar og andeler i selskap	500	500
Utlån av egne midlar	0	0
Avdrag på lån	0	0
Sum investeringsutgifter	18 100	7 800
Investeringsinntekter – sjå avsnitt 4.3		
Kompensasjon for meirverdiavgift	-1 180	-1 110
Tilskot frå andre	-470	0
Sal av varige driftsmidlar	-500	-1 000
Sal av finansielle anleggsmidlar	0	0
Utdeling frå selskap	0	0
Mottekne avdrag på utlån av egne midlar	-200	0
Bruk av lån	-15 750	-5 190
Sum investeringsinntekter	-18 100	-7 300
Vidareutlån – sjå avsnitt 4.4		
Vidareutlån	3 000	1 000
Bruk av lån til vidareutlån	-3 000	-1 000
Avdrag på lån til vidareutlån	500	500
Mottekne avdrag på vidareutlån	-500	-500
Netto utgifter vidareutlån	0	0
Overføring frå drift og netto avsetningar – sjå avsnitt 4.3		
Overføring frå drift	0	0
Avsetning til bundne investeringsfond	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	0	0
Avsetning til ubundne investeringsfond	500	0
Bruk av ubundne investeringsfond	-500	-500
Dekning av tidlegare års udekt beløp	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	0	-500
Framført til inndekning i seinare år (udekt beløp)	0	0
Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0
Overføring til fordeling (§5-5, andre ledd)		
Inntekter til fordeling	0	0
Utgifter til fordeling	18 100	7 800
Sum til fordeling (netto)	18 100	7 800

4.2 Investeringar i anleggsmidlar 2025

Kommunen sitt investeringsbudsjett for år 2025 balanserer med inntekter og utgifter på kr 18.100.000. Av dette utgjer investeringar i anleggsmidlar kr 17.600.000. Investeringsbudsjettet for anleggsmidlar inneheld følgjande investeringar (*Tal i 1000*):

	Tall i 1000 kroner	Budsjett 2025	Budsjett 2024
Prosjekt	Prosjektnamn		
40002	Velferdsteknologi	200	500
40004	Vaskemaskin Byglandsheimen	275	0
40005	Bekkenspyler	125	0
40006	Straumberedskap Fjordtunet (tidl. Sagmoen)	400	0
50001	Rehabilitering av kloakkrense- og pumpestasjoner	200	200
50002	Rehabilitering av vasskummar av omsyn til HMS	200	200
50003	Automatisering/digitalisering Byglandsfjord reinseanlegg	0	200
50007	VA Presteneset	300	300
50008	Vassleidning Åraksbø-Ose	3 000	0
50009	Barriere Bygland vassverk	2 000	0
50012	Oppgradering avløpsrør Byglandsfjord (innlekk framandvatn)	300	0
70000	Turveg Byglandsfjord	700	400
70003	Inventar til biblioteket	0	125
70004	Kommunal veg Presteneset	0	100
70005	Utsmykking i rundkøyringa på Byglandsfjord	0	125
70007	Utsmykking i rundkøyringa på Bygland	450	125
70013	Oppgradering og inventar kommunehuset Bygland	0	250
70017	Målretta ENØK-tiltak	500	500
70021	Styrkerom Årdalshallen	0	250
70022	Inventar til ungdomsklubben	0	350
70023	Kulturscena: Lys- og tepperigg	250	150
70024	Kulturscena: Lydanlegg	0	150
70025	Stolar/bord Årdalshallen	250	250
70026	Årdalshallen lydanlegg	0	150
70027	Pakkbu: Bruksendring og opprusting	0	400
70028	Sjukesignalsystem Byglandsheimen	0	500
70029	Rehabilitering av Priveten	0	300
70030	Oppgradering av Byglandsheimen (kartlegging 2024)	300	300
70031	Lastebil uteseksjonen	0	625
70035	Kjøkken kulturscene	450	0
70036	Rehabilitere firemannsbustad Bygland	300	0
70037	Områdeløft Byglandsfjord	4 000	0
70038	SD-styring Byglandsfjord barnehage	100	0
70039	Solskjerming/kjøling Byglandsfjord barnehage	100	0
70040	Belegg/rehabilitering av golv Bygland barnehage	300	0
70041	Kantklippar til traktor	250	0
70045	Varebil Samfunn	400	0
70047	Planere tomtene i Fjellvegen på Byglandsfjord	750	0
70048	Bygge om gammalt reinseanlegg på Bygland til garasje/lager	100	0
70049	Leikeplass Grendi v/grendehuset	150	0
70051	Kjøkken SFO Byglandsfjord	250	0
70052	Fleirbruksbil	1 000	0
90001	Eigenkapitalinnskot KLP	500	500
90010	ERP-prosjekt 2023-2024	0	850
Sum fordelt		18 100	7 800

Tala er ekskl. mva. for prosjekt 50001 til 50012. Elles er tala inkl. mva. **Kommentar per prosjekt finn ein i kapittel 5.**

Merk at tala for budsjett 2024 er basert på tala i opphavleg budsjett for 2024. Det er lagt opp til fleire budsjettjusteringar i 2024 som ikkje kommer fram her, og slik det ligg an no vil investeringane i 2024 bli høgare enn budsjettet, primært grunna investeringa i industribygg på Byglandsfjord. Det må også presiserast at alle prognosane her er usikre, i større eller mindre grad.

I tillegg til prosjekta nemnt ovanfor, vil ein i 2025 og halde fokus på å fullføre prosjekt som er starta opp i 2024. For nokre av desse prosjekta vil det vere usikkert kor stor del av kostnadane som blir i 2024 kontra 2025. Kommunedirektøren har fullmakt til å gjere

omdisponeringar mellom budsjettåra per prosjekt, så framt han held seg innanfor den vedtekne ramma for dei respektive prosjekta.

Kommentarar per prosjekt finn ein per budsjettområde i handlingsdelen (kapittel 5).

4.3 Finansiering av investeringar 2025

Det er planlagt å finansiere investeringane i varige driftsmidlar i 2025 i samsvar med tabellen under. Nedste delen av tabellen gjeld berre til finansiering av eigenkapitalinnskotet i KLP.

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2025	Budsjett 2024
Investeringzinntekter		
Kompensasjon for meirverdiavgift	-1 180	-1 110
Tilskot frå andre	-470	0
Sal av varige driftsmidlar	-500	-1 000
Sal av finansielle anleggsmidlar	0	0
Utdeling frå selskap	0	0
Mottekne avdrag på utlån av eigne midlar	-200	0
Bruk av lån	-15 750	-5 190
Sum investeringzinntekter	-18 100	-7 300
Overføring frå drift og netto avsetninger		
Overføring frå drift	0	0
Avsetning til bundne investeringsfond	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	0	0
Avsetning til ubundne investeringsfond	500	0
Bruk av ubundne investeringsfond	-500	-500
Dekning av tidlegare års udekt beløp	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetninger	0	-500

Ein tek høgde for at mva-kompensasjonen er eit anslag. Under tilskot frå andre finn ein mellom anna spelemidlar. Det er antakeleg fleire prosjekt i 2025 og 2025-2028 som er spelemiddelberettiga, men ein vel i dei tilfella å justere budsjettet med spelemidlar etter kvart som kommunen får tilsagn på dei. For 2025 er det budsjettert med spelemidlar til dagsturhytta, som blir utbetalt etterskotsvis.

Kr 500.000 under sal av varige driftsmidlar, gjeld sal av ein kommunal bustad. Mottekne avdrag på utlån av eigne midlar, gjeld avdrag på næringslån, jf. vedtak i desember 2022. Inntekta frå sal av den kommunale bustaden, blir sett av til eit ubunde investeringsfond for finansiering av eigenkapitalinnskotet i KLP, som ikkje kan lånefinansierast. Per 01.01.24 var det kr 1.452.466 på dette fondet.

4.4 Utlån (startlån) 2025

Det er budsjettert med følgjande utlån og avdrag i 2024:

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2025	Budsjett 2024
Vidareutlån		
Vidareutlån	3 000	1 000
Bruk av lån til vidareutlån	-3 000	-1 000
Avdrag på lån til vidareutlån	500	500
mottekne avdrag på vidareutlån	-500	-500
Netto utgifter vidareutlån	0	0

Etter ein lengre periode med få søknadar om startlån, har dette teke seg opp dei siste par åra, og det blei innvilga to søknadar i 2023, og sju så langt i 2024. Budsjettet ovanfor vil bli justert viss det skulle bli aktuelt å innvilge søknadar på høgare enn budsjettet beløp i løpet av 2025. Ved behandling av startlån i Bygland kommune blir forskrifa frå Husbanken lagt til grunn ([FOR-2014-03-12-273](#)).

4.5 Hovudoversikt investeringar 2025-2028

Kommunen sitt investeringsbudsjett for åra 2025-2028 balanserer med inntekter og utgifter på totalt kr. 39.745.000. Investeringsbudsjettet sin hovudoversikt inneholder følgjande:

Tall i 1000 kroner	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
Investeringsutgifter – sjå avsnitt 4.6				
Investeringar i varige driftsmidlar	17 600	13 145	4 100	2 900
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	0	0
Investeringar i aksjar og andeler i selskap	500	500	500	500
Utlån av egne midlar	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	18 100	13 645	4 600	3 400
Investeringsinntekter – sjå avsnitt 4.7				
Kompensasjon for meirverdiavgift	-1 180	-1 409	-670	-100
Tilskot frå andre	-470	-1 750	0	0
Sal av varige driftsmidlar	-500	0	0	0
Sal av finansielle anleggsmidlar	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0
mottekte avdrag på utlån av egne midlar	-200	0	0	0
Bruk av lån	-15 750	-9 986	-3 430	-2 800
Sum investeringsinntekter	-18 100	-13 145	-4 100	-2 900
Vidareutlån				
Vidareutlån	3 000	3 000	3 000	3 000
Bruk av lån til vidareutlån	-3 000	-3 000	-3 000	-3 000
Avdrag på lån til vidareutlån	500	500	500	500
mottekte avdrag på vidareutlån	-500	-500	-500	-500
Netto utgifter vidareutlån	0	0	0	0
Overføring frå drift og netto avsetninger				
Overføring frå drift	0	0	0	0
Avsetning til bundne investeringsfond	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0
Avsetning til ubundne investeringsfond	500	0	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond	-500	-500	-500	-500
Dekning av tidlegare års udekt beløp	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetninger	0	-500	-500	-500
Framført til inndekning i seinare år (udekt beløp)	0	0	0	0
Overføring til fordeling (§5-5, andre ledd)				
Inntekter til fordeling	0	0	0	0
Utgifter til fordeling	18 100	13 645	4 600	3 400
Sum til fordeling (netto)	18 100	13 645	4 600	3 400

Vidareutlån og overføring frå drift og netto avsetninger er ikke kommentert vidare, sidan summane uansett er like som i 2025.

4.6 Investeringar i anleggsmidlar i økonomiplanperioden

Kommunen sitt investeringsbudsjett for åra 2025-2028 balanserer med inntekter og utgifter på kr 39.745.000. Av dette utgjer investeringar i anleggsmidlar kr 37.745.000. Investeringsbudsjettet for anleggsmidlar inneheld følgjande investeringar:

	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
Frå bevillingsoversikt:				
Netto investeringar til fordeling:	18 100	13 645	4 600	3 400
Prosj. Prosjektnamn				
40002 Velferdsteknologi	200	0	0	0
40004 Vaskemaskin Byglandsheimen	275	0	0	0
40005 Bekkenspyler	125	0	0	0
40006 Straumberedskap Fjordtunet (tidl. Sagmoen)	400	0	0	0
50001 Rehabilitering av kloakkrense- og pumpestasjoner	200	200	200	200
50002 Rehabilitering av vasskummar av omsyn til HMS	200	200	200	200
50006 VA-leidningar for påkobling av nye abonnentar	0	600	0	0
50007 VA Presteneset	300	2 500	0	0
50008 Vassleidning Åraksbø-Ose	3 000	0	0	0
50009 Barriere Bygland vassverk	2 000	0	0	0
50010 Barriere Byglandsfjord vassverk	0	2 000	0	0
50011 Avløpsleidning frå Grendi nord til Grendi sør + pumpestasjon	0	0	350	2 000
50012 Oppgradering avløpsrør Byglandsfjord (innlekk framandvatn)	300	0	0	0
50013 Oppgradering avløpsrør Bygland (innlekk framandvatn)	0	300	0	0
50014 Arbeidsbåt	0	300	0	0
70000 Turveg Byglandsfjord	700	2 275	0	0
70006 Ladepunkt v/kommunale bygg	0	300	0	0
70007 Utsmykking i rundkøyringa på Bygland	450	0	0	0
70017 Målretta ENØK-tiltak	500	500	500	500
70023 Kulturscena: Lys- og tepperigg	250	0	0	0
70025 Stolar/bord Årdalshallen	250	0	0	0
70027 Pakkbua: Bruksendring og opprusting	0	3 000	0	0
70030 Oppgradering av Byglandsheimen (kartlegging 2024)	300	0	0	0
70034 Trimpark ved turveg Byglandsfjord	0	420	0	0
70035 Kjøkken kulturscene	450	0	0	0
70036 Rehabilitere firemannsbustad Bygland	300	0	0	0
70037 Områdeløft Byglandsfjord	4 000	0	0	0
70038 SD-styring Byglandsfjord barnehage	100	0	0	0
70039 Solskjerming/kjøling Byglandsfjord barnehage	100	0	0	0
70040 Belegg/rehabilitering av golv Bygland barnehage	300	0	0	0
70041 Kantklippar til traktor	250	0	0	0
70042 Hjullastar	0	0	1 500	0
70043 Asfalt framfor verkstad på Nesmoen	0	100	0	0
70044 Lift	0	300	0	0
70045 Varebil Samfunn	400	0	0	0
70047 Planere tomtene i Fjellvegen på Byglandsfjord	750	0	0	0
70048 Bygge om gammalt reinseanlegg på Bygland til garasje/lager	100	0	0	0
70049 Leikeplass Grendi v/grendehuset	150	0	0	0
70050 Oppgradering leikeplass Hampetjønn Byglandsfjord	0	150	0	0
70051 Kjøkken SFO Byglandsfjord	250	0	0	0
70052 Fleirbruksbil	1 000	0	0	0
70053 Rehabilitering av sluser	0	0	1 000	0
70054 Vinsj Bjorenhuset	0	0	350	0
90001 Eigenkapitalinnskot KLP	500	500	500	500
Sum fordelt	18 100	13 645	4 600	3 400

Prosjekt 50001 til 50014 viser tal ekskl. mva. Resterande prosjekt viser tal inkl. mva. Det er også viktig å presisere at budsjettet er eit kostnadsoverslag. Meir eksakt kostnad får ein først når prosjekta har vore ute på anbod. Kommentar per prosjekt finn ein i handlingsdelen (kapittel 5).

4.7 Finansiering av investeringsbudsjettet 2025-2028

Investeringsbudsjettet er finansiert på følgjande måte:

Tall i 1000 kroner	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
Investeringssinntekter				
Kompensasjon for meirverdiavgift	-1 180	-1 409	-670	-100
Tilskot frå andre	-470	-1 750	0	0
Sal av varige driftsmidlar	-500	0	0	0
Sal av finansielle anleggsmidlar	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0
mottekne avdrag på utlån av egne midlar	-200	0	0	0
Bruk av lån	-15 750	-9 986	-3 430	-2 800
Sum investeringssinntekter	-18 100	-13 145	-4 100	-2 900

I 2025 og 2026 er budsjettet bruk av lån ein del høgare enn budsjettet avdrag, då spesielt i 2025, medan i 2027 og 2028 er det avdraga som er størst. Med andre ord så aukar kommunen si gjeld fram til 2026, for så å bli redusert i resten av økonomiplanperioden, fram til 2028. Sjølv om gjelda aukar fram til 2025 er kommunen sitt nøkkeltal på gjeld under maksimalnivået i heile perioden, grunna planlagd nedbetaling av gjeld i 2023.


Ein vil nytte ubrukte lånemidlar att frå tidlegare år før ein tek opp nye lån. Inntektene frå tomtesal og bustadsal er budsjettet med totalt kr 500.000 i 2025 og 0 ut perioden. Dette er veldig usikre tal. Sal av eigedom i kommunen vil bli sett av til ubundne investeringsfond, viss det er naudsynt med omsyn til finansiering av eigenkapitalinnskotet til KLP. Mva-kompensasjonen er eit anslag og vil variere med kor mykje av investeringane som er knytt opp mot kompensasjonspliktige kostnadar.

5. KOMMUNEPLANEN SIN HANDLINGSDEL MED PRIORITERINGAR PER KOMMUNALOMRÅDE

5.1 Samanheng mellom handlingsdelen med økonomiplan og samfunnsdelen

Plan- og bygningslova krev at kommunen skal ha en kommuneplan med en handlingsdel som seier korleis kommuneplanen skal bli følgd opp dei fire neste åra eller meir, og han skal rullerast årleg.

I Bygland kommune blir kravet ivaretake i økonomi- og handlingsplanen. Her blir drifts- og investeringstiltak for dei neste 4 åra samordna og prioriterte. Kommuneplanen sin samfunnsdel og andre kommunedelplanar er lagt til grunn.



Revidering av kommuneplanen sin samfunnsdel pågår med forventa vedtak tidleg i 2025. Planprosessen er basert på deltaking i eit pilotprosjekt i regi av KS og Agder fylkeskommune for å få ei betre kopling mot valperioden og politikken kommunestyret har gått til val på.


Ny samfunnsdel er altså ikkje vedtatt, men utfordringsbiletet er godt forankra politisk. Handlingsdelen tar omsyn til planprosessen sitt arbeid med utfordringsbiletet, og det er dei utarbeidde satsingsområda som er lagt til grunn for oppsett og for tiltak. Dette er eit bevisst val for å sette fokus på satsingsområda og prioriteringane allereie i 2025 og i dei neste fire åra.

Ny samfunnsdel har følgjande satsingsområde

- Eit attraktivt og robust samfunn
- Eit meir variert næringsliv
- Kvalitet i kommunale tenester tilpassa framtida

Dei tre dimensjonane i berekraftig utvikling, sosiale forhold, økonomi og miljø og klima er gjennomgående tema for all utvikling, og påverkar og blir påverka av ulike prioriteringar.

5.2 Organisering av kommunen



Kommunen består av følgjande **kommunalområde**:

- **Organisasjon og HR**
- **Økonomi og administrasjon**
- **Oppvekst**
- **Helse og omsorg**
- **Samfunn**

Kommunen består av følgjande **budsjettområde**:

- **Politisk styring og kontroll**
- **Stab og fellesutgifter**, som mellom anna inkluderer:
 - Kommunedirektør
 - Omstilling
 - Organisasjon og HR
 - Økonomi og administrasjon
- **Oppvekst**
- **Helse og omsorg**
- **Samfunn**
- **Eksterne samarbeid**
- **Andre sentrale inntekter og kostnadar**, som mellom anna inkluderer:
 - Pensjonsrelaterte utgifter
 - Konsesjonskraftinntekter
 - Tilleggsløyvingar lønn
 - Kapitalinntekter sjølvkost

Budsjettområdet Politisk styring og kontroll gjeld berre utgifter til politisk nivå og kontrollutval, og er ikkje med i organisasjonskartet, og er heller ikkje eit område som har eige kapittel i handlingsdelen. Dei to minste communalområda, Organisasjon og HR og Økonomi og administrasjon, er begge under budsjettområdet Stab og fellesutgifter, sidan begge desse områda høyrar til staben.

5.3 Budsjettrammer per budsjettområde

Tal i 1000 kroner	Budsjett 2024	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
Netto driftsutgifter pr. budsjettområde					
Politisk styring og kontroll	2 622	3 261	3 081	3 281	3 081
Stab og fellesutgifter	12 746	13 210	13 210	13 210	13 210
Oppvekst	34 040	41 722	40 722	39 722	38 722
Helse og omsorg	46 657	48 183	47 683	47 183	46 683
Samfunn	28 380	26 872	25 209	25 209	25 209
Andre eksterne utgifter (eksterne samarbeid)	23 612	27 746	27 278	27 334	27 559
Andre sentrale inntekter og kostnader	-20 668	-19 739	-19 439	-19 439	-17 939
Netto for alle budsjettområda	127 389	141 255	137 744	136 500	136 525

Prioriteringar innanfor det einskilde budsjettområde, og endringar mellom budsjettåra, vil bli kommentert under kapittel 5.4 til 5.9. Dette gjeld for alle budsjettområde med unntak av budsjettområdet Andre sentrale inntekter og kostnader. Under dette budsjettområdet ligg sentrale inntekter og kostnadar som skal direkte inn i drifta. Dette er inntekts- og utgiftsføring av mva-kompensasjon i drift, sal av konsesjonskraft, bruk av næringsfond som ikkje ligg på andre budsjettområde, kapitalinntekt frå sjølvkostområdet, avsetting til sentral tilleggsløyving for lønnsauke, eigarkostnader til Å Energi og premieavvik. Alle desse budsjettpostane er allereie kommentert andre stadar i dokumentet, så derfor vil ikkje dette budsjettområdet bli kommentert nærmare verken i kapittel 5.

Dei relativt små kommunalområda Organisasjon og HR og Økonomi og administrasjon er som nemnt lagt under budsjettområdet Stab og fellesutgifter. Elles har dei andre kommunalområde kvart sitt budsjettområde. Sidan Politisk styring og kontroll ikkje er ein del av administrasjonen, har ein berre kommentert driftsbudsjetten i dette budsjettområdet, og ikkje hatt fokus på organisering, status og utfordringsbilete, prioriteringar og investeringar.

Driftsbudsjetten Politisk styring og kontroll

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2024	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
Driftsutgifter pr. budsjettområde					
Politisk styring og kontroll					
Grunnbudsjett	2 622	2 639	3 081	3 081	3 081
Konsekvensjustering: Auke i godtgjersle		442			
Ekstraordinære tiltak: Val		100		100	
Ekstraordinære tiltak: iPad-ar mv. til lokalpolitikarane				100	
Ekstraordinære tiltak: Kaukus; Streaming av politiske møter		80			
Sum Politisk styring og kontroll	2 622	3 261	3 081	3 281	3 081

Konsekvensjustering knytt til auke i godtgjersle er ei auke som «heng att» i opphavleg budsjett for 2024, og er knytte til auka som blei vedteke frå og med 2023. Budsjettet blei først auka med kr 600.000 til dette i 2023 og 2024, men då dette viste seg å ikkje vere nok, måtte ein auke budsjettet ytterlegare i revidert budsjett for begge desse åra. Det er framleis noko usikkerheit knytt til dette talet, sidan det også vil avhenge av møtefrekvensen.

5.4 Eksterne samarbeid

Organisering

Her viser ein til organisasjonskarta for dei ulike samarbeida, som anten ligg hos vertskommunen, eller i det aktuelle selskapet. For ei oversikt over kva for samarbeid som ligg under dette budsjettområdet, viser ein til tabellen som viser driftsbudsjett per samarbeid. Ikke alle samarbeid kjem fram i denne tabellen, men dette er dei permanente samarbeida kor kommunen har utgifter. I tillegg så har kommunen utgifter til Setesdal interkommunalt politisk råd (SIPR), som blir dekt av næringsfondet, og derfor ligg i tabellen som viser kva kommunen brukar næringsfondet til (sjå avsnitt Konsesjonsavgifter og næringsfond under kapittel 3.3), og utgifter til SMG, som ligg under sjølvkostområdet for renovasjon. Sjølvkostområdet (vatn, avløp, renovasjon, feiring og slam) er budsjettet under budsjettområdet Samfunn.

Status, utfordringsbilete og prioriteringar

Dei fleste av dei eksterne samarbeida har eigne rekneskap og budsjett. For dei som har det, viser ein til budsjett og økonomiplan for samarbeida som blir lagt fram som referatsakar til kommunestyret.

Driftsbudsjett

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2024	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
Eksterne samarbeid					
Grunnbudsjett	23 172	27 746	27 278	27 334	27 559
Ekstraordinære tiltak	440				
Sum Eksterne samarbeid	23 612	27 746	27 278	27 334	27 559

Om ein ser på grunnbudsjetta over, som er dei tala som er mest samanliknbare, er auka frå 2024 til 2025 på 19,7 %. I tabellen i neste avsnitt, ser ein endringa per samarbeid.

Driftsbudsjett per samarbeid

Tall i 1000 kroner	Rekneskap 2023	Budsjett 2024	Budsjett 2025	Endring frå '24 til '25
Eksterne samarbeid				
Fellesutgifter/sektorovergripande				
• Driftstilskot SetPro	346	320	264	-56
• Interkommunal arbeidsgjevarkontroll				
• Sakar som eventuelt krev settesakshandsamar				
Kontrollutvalet	151	157	178	21
Revisjon	704	682	717	35
IKT	3 929	4 240	4 628	388
PPT	764	905	909	4
Musikk og kulturskule	570	620	620	0
Aust-Agder museum og arkiv - Museumsdel	426	437	437	0
Setesdal barnevern	5 643	5 778	7 967	2 189
Legetenesta inkl. KØH og legevakt	4 277	4 631	4 831	200
Lokalmedisinske tenester	601	633	672	39
Setesdal Brannvesen IKS	2 983	3 068	4 382	1 314
NAV Midt-Agder	1 499	1 750	1 750	0
UNESCO (Gorlaus)	73	391	391	0
Vassdragsstyre for øvre Otra	0	0	0	0
Sum driftsutgifter	21 966	23 612	27 746	4 134

I tre av samarbeida er ein vitne til budsjettauke langt utover deflator på 4,1 %. Justert for dei ekstraordinære utgiftene i 2024, aukar IKT-budsjettet med 20,5 %. Ein del av denne auka er relatert til betydeleg auke i programvarelisensutgifter, som IKT Agder i avgrensa grad har moglegheit til påverke, for eksempel Microsoft-pakka. Auka er også relatert til leasingutgifter på skrivalar og

aksesspunkt, førstnemnte fordi kommunen leaser dei nye skrivarane, i motsetning til dei gamle som blei kjøpt, og sistnemnte fordi det har vore eit stort behov for å styrke det trådlause nettet i fleire kommunale bygg.

Setesdal barnevern aukar med 37,9 %. Det er først og fremst fleire kostbare, statlege tiltak utanfor heimen, samt auke i juridiske kostnadene, som er årsakene til den store auka frå 2024 til 2025. Setesdal brannvesen sitt budsjett gjeng opp 42,8 %. Som varsla om i tertialrapportane i 2024, så hadde brannvesenet kome i eit akutt behov for tilføring av meir budsjettmidlar grunna for låge løyingar frå kommunane over fleire år. På bakgrunn av dette blei revidert budsjett for 2024 og budsjett for 2025 justert opp til meir realistiske budsjettrammer.


5.5 Kommunedirektør – stab og fellesutgifter

Budsjettområdet Stab og fellesutgifter inkluderer kommunalområda Organisasjon og HR og Økonomi og administrasjon, samt budsjett for kommunedirektøren og utgifter/koststadar som ligg direkte under kommunedirektøren, for eksempel communal andel av omstillingsprogrammet, kommunen sitt tilskot til kyrkjeleg fellesråd og diverse sektorovergripande fellesutgifter.


Organisering av dei to kommunalområda følger i neste avsnitt.

Organisering

Økonomi og administrasjon



Organisasjon og HR



Økonomi og administrasjon og Organisasjon og HR er eige kommunalområde som ligg under budsjettområdet Stab og fellesutgifter. «Greinene» i organisasjonskartet ovanfor viser kva for fagområde som ligg under Økonomi og administrasjon, dei viser ikkje til avdelingar slik som dei gjer i dei andre organisasjonskarta.

Status og utfordringsbilete

Kommunalområda Økonomi og administrasjon og Organisasjon og HR deler ein del av det same utfordringsbiletet. For begge områda er ein av dei største utfordringane at det er få personar som må dekke store og varierte fagområde. Dette gir sårbarheit ved vakans og ferie og små fagmiljø internt. Større fagmiljø får ein først når ein møtast i interkommunale fagnettverk. For tida har ein aktive fagnettverk i dei aller fleste fagområda innanfor desse kommunalområda, nokre gonger i form av fysiske møte, andre gonger via digitale kanalar. Sistnemnte gjer det enklare å halde fagnettverka aktive når det er stor geografisk avstand mellom kommunane. I nokre tilfelle består fagnettverka av setesdalskommunane, andre gonger av alle kommunane i IKT Agder.

Generelt for begge kommunalområda, er og at ein har ressursmessig så lite å gå på, at når det for eksempel gjeld innføring og implementering av nye fagsystem, er det ikkje alltid tida strekk til, og då hender det at dei tilsette jobbar overtid for å få dette på plass. Det er vanskeleg å rekruttere den ekstra bemanninga ein treng i periodar med implementering av nye system, sidan det då vil vere tale om deltidstillingar over kortare tidsrom, som ikkje vil vere attraktive i arbeidsmarknaden. Dette vil bli betre no som ein er ferdig med ERP-prosjektet, som er eit veldig stort prosjekt, men sjølv for mindre prosjekt kan det vere krevjande å ha nok ressursar til å gjennomføre desse innanfor dei ressursane ein har i dag.

Den nemnte faglege spennvidda fordelt på få personar, gjer at det og kan vere vanskeleg å rekruttere dei rette kandidatane til stillingane ein lyser ut, fordi stillingane innehar eit så vidt spekter av oppgåver. Det vil aldri vere mogleg å utdanne seg til å passe inn i slike stillingar, eller ha opparbeida seg realkompetanse innan alle desse fagområda. Ikke alle oppgåver er plassert i organisasjonen, og då har det også fort for at «tilfeldige» oppgåver hamnar innanfor desse to kommunalområda, sidan dei ligg sentralt i organisasjonen.

Kommunen har nyleg vore gjennom ei større omstilling og omorganisering, og det er innført nytt ERP-system (HR-portalen). Det er oppretta nye stillingar, det er tilsett nye personar, og det er mange tilsette som har fått nye oppgåver. I tillegg så har det vore vakanse i mange sentral stillingar. Dette gjer at det blir viktigare enn nokon gong å rettleie kommunalområda innanfor fagområda og fagsistema Organisasjon og HR og Økonomi og administrasjon har ansvar for, og sette fokus på revidering av reglement og rutinar. Alt dette er noko ein i utgangspunktet jobbar kontinuerleg med, og er derfor ikkje nemnt eksplisitt under prioriteringane i neste avsnitt, men dette blir uansett spesielt viktig no med tanke på den nemnte omstillinga organisasjonen har vore gjennom i nyare tid.

Prioriteringar per satsingsområde i kommuneplanen

1. Eit attraktivt og robust samfunn

Informere godt i sosiale media og andre informasjonskanalar om tilbod, tenester og prosjekt med fokus på klarspråk (ØKA)

Vi skal auke kompetansen innan informasjonsarbeid og ha fokus på målgrupper i kommunikasjonen, både internt og eksternt. Kommunen sin omdømmestrategi skal legge overordna føringar for dette arbeidet. Forbetring av den interne kommunikasjonen, mellom anna ved å implementere intranett på ny plattform, vil og vere ein del av dette arbeidet.

2. Eit meir variert næringsliv

3. Kvalitet i kommunale tenester tilpassa framtida

Utnytte potensialet i ordninga Varig tilrettelagt arbeid/VTA (HR)

Behovet for arbeidskraft vil auke framover. Gjennom å nytte restarbeidsevne så aukar vi kapasiteten og fleire får moglegheit til å delta i arbeidslivet. Organisasjon og HR får eit overordna ansvar for at kommunen har fokus på dette.

Etablere kommunale lærlingplassar/praksisplassar der det er behov (HR)

Vi skal prioritere opplæring av fagfolk for å møte framtida sine behov til kompetanse. Gjennom å tilby lærlingplassar/praksisplassar så får vil tilgang til oppdatert kompetanse og moglege framtidige tilsette. Organisasjon og HR har ansvar for dette.

Ny arbeidsgivarstrategi (HR)

Arbeidsgivarstrategien i kommunen har fleire formål knytte til å utvikle, tiltrekke og behalde kvalifiserte tilsette, og den bidreg til at kommunen når sine langsiktige mål. Strategien set retningslinjer og mål for korleis kommunen vil vere som arbeidsgjevar, og omfattar ofte område som rekruttering, kompetanseutvikling, arbeidsmiljø, medarbeidaroppfølging og tilrettelegging for inkludering og mangfold.

Ein arbeidsgjevarstrategi er veldig viktig for kommunen fordi han skal bidra til rekruttering og bemanning, kompetanse- og karriereutvikling, eit godt arbeidsmiljø og trivsel, omstilling og innovasjon, attraktivitet og godt omdømme. Dette blir derfor eit veldig sentralt arbeid for kommunen som organisasjon i 2025. Organisasjon og HR har hovudansvaret for arbeidet med denne.

Forenkling av kvardagen med utgangspunkt i digitalisering generelt, og vidareutvikling av fagsystem (HR/ØKA)

HR-portalen er framleis i ein innkøyryringsfase. Tilsette er ikkje fullt opplært i systemet, og det tek tid å lære opp heile organisasjonen i eit så omfattande og sektorovergripande system. Når ein har kome lenger i opplæringa, vil målet bli å utnytte alle moglegheitene og funksjonane som ligg i systemet, for å sørge for ein enklare og meir effektiv kvardag. Dette gjeld også for andre fagsystem Organisasjon og HR og Økonomi og administrasjon har ansvar for i dag.

Det vil og vere behov for å oppgradere fagsystem når det er føremålstenleg, eller når det er behov for å ha systema ut på anbod. Det er og eit kontinuerleg arbeid å vedlikehalde dei sistema ein har i dag, og for eksempel i samband med omorganiseringar er det ein del arbeid å tilpasse fagsistema etter ny organisering. I 2025 vil ein prioritere innføring av ny kompetansemodul (Dossier), som Organisasjon og HR har ansvar for, og omstrukturere avviks- og kvalitetssystemet Compilo i samsvar med ny organisering. Dette er eit arbeid begge kommunalområda i staben tek del i.

Lokalisering av tilsette på kommunehuset (HR/ØKA)

Tilsette på kommunehuset sit veldig spreitt slik det er i dag, også tilsette som høyrar til same communalområda. For eksempel Økonomi og administrasjon sine tilsette sit i to ulike etasjar. Målet på kort sikt er å samlokalisere dei tilsette i Økonomi og administrasjon i større grad enn slik det er i dag. På lengre sikt kan det vere aktuelt å sjå på større fysiske endringar på kommunehuset, men det vil i så fall innebere større investeringar som ikkje er teke høgde for i dette budsjettet. Merk likevel at utgifter til tiltak som gjeld kommunehuset, ligg i det 100 % kommunalt eigde aksjeselskapet Byglandstunet AS. Ei større endring som vil bli prioritert, er å utbetre ventilasjonsanlegget, sidan fleire av kontora blir veldig varme om sommaren.

Gjennomgang av kommunen sine aksjeselskap (ØKA)

Kommunen har fleire aksjeselskap. I 2025 vil ein ta ein gjennomgang av desse selskapa og kome fram med ei anbefaling om kva for selskap som bør bestå.

Driftsbudsjettt

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2024	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
Driftsutgifter pr. budsjettområde					
Stab og fellesutgifter					
Grunnbudsjett	13 093	13 210	13 210	13 210	13 210
Konsekvensjustering: Pedagogisk rådgjevar	-625				
Konsekvensjustering: Auke i tilskot til fellesrådet	178				
Konsekvensjustering: Auke i stillingsannonsebudsjettet	100				
Sum Stab og fellesutgifter	12 746	13 210	13 210	13 210	13 210

Med unntak av ei 40 % stilling til kommunikasjonsarbeid, er budsjett 2025 for det meste ei vidareføring av 2024-budsjettet. Kommunen sin eigenandel knytt til omstillingssprogrammet ligg inne i dette budsjettområdet, og er budsjettert med kr 500.000 kvart år.

Investeringar innanfor Organisasjon og HR og Økonomi og administrasjon

Tall i 1000 kroner	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
Prosj.	Prosjektnamn			
90001	Eigenkapitalinnskot KLP	500	500	500
	Sum fordelt	500	500	500

Eigenkapitalinnskot KLP

Pensjonsfonda i KLP aukar kvart år og fører med seg eit behov for auka eigenkapital. Som eigar i KLP må kommunen betale tilskot til nødvendig oppbygging av eigenkapital slik at KLP kan oppretthalde tilfredsstillande soliditet. Dette er nødvendig for at KLP også framover skal ha moglegheit til å oppnå gode resultat i finansmarknadene som svingar. Budsjettert utgift til dette er på om lag same nivå som faktisk rekneskapstal i 2024.

5.6 Oppvekst Organisering



Oppvekstsektoren er frå august inneverande år organisert som fire einingar med kvar sin leiar, det er også tilsett kommunalsjef oppvekst. Bygland skule har 1.-10. trinn, medan Byglandsfjord skule har 1.-7 trinn. Begge barnehagane har to avdelingar. Sektoren har om lag 52-53 årsverk.

Status og utfordringsbilete

Skular og barnehagar er prega av velkvalifisert personell i alle faggrupper. Barnehagane har særskilt gode resultat på den årlege brukarundersøkinga. Skulane har over tid kunne vise til resultat godt over landssnittet når det gjeld grunnskulepoeng, og har også gode resultat på elevundersøkinga, som viser elevane sin trivsel på skulen. Grunnskulepoenga var nokre under landsgjennomsnittet våren 2025. Små kull kan gi stor svingingar, difor må ein sjå slike tall over tid. Dette vil bli meir inngående gjennomgått i sektoren sin eige kvalitetsmelding som presenterast nyåret 2025.

Hovudutfordringa i sektoren, er knytt til den negative folketalsutviklinga i kommunen, som gir seg utslag i minkande barne- og elevtal i barnehage og skule. Fordelt på dei to oppvekstsentera, ser barne- og elevtalet for 2024-2025 slik ut:

2024-2025	Barnehage	SFO	Barneskule	Ungdomsskule	Samla elevtal
Byglandsfjord	17	26	50		59
Bygland	24	17	42	35	78
Totalt i Bygland kommune	41	43	92	35	137

Tal på barn/elever i barnehage, SFO og skule på Bygland og Byglandsfjord oppvekstsenter, og samla for kommunen, for skule- og barnehageåret 2024-2025

Årskulla er små, og i barneskulen kan årstrinna variere frå fire til tolv elevar. Det fordrar det at ein organiserer aldersblanda undervisning. Sjølv om ein organiserer seg på tvers av årstrinn, er gruppene små. Dette kan gi store utfordringar for det psykososiale og faglege læringsmiljøet, der den einskilde kan streve med å finne sin plass i fellesskapet. Barnetalet i aldersgruppa 0-5 år, peikar mot eit stadig minkande elevtal. Dette er ein vesentleg utfordring for sektoren no og framover. Med utgangspunkt i dagens tal på barn i aldersgruppa 0-5 år som bur i kommunen, kan ein sjå føre seg følgjande elevtalsprognose for dei komande åra:

Årstal	Byglandsfjord 1.-7.	Bygland 1.-7.	Bygland 8.-10.	Elevar i kommunen
2025	48	39	40	127
2026	41	34	49	124
2027	39	34	43	116

Flyktningsituasjonen kan føre med seg fleire elevar og barn. Om skulen skulle få fleire elevar med flyktingbakgrunn, kan det føre med seg rettar til undervisning i grunnleggande norsk for språklege minoritetar. Om det skulle kome barn i barnehagen, vil det kunne føre til auka behov for personell. Ein legg til grunn at integreringstilskota vil finansiere eventuelt behov for meir personell.

Prioriteringar per satsingsområde i kommuneplanen

1. Eit attraktivt og robust samfunn

Halde fram med overgangsmøter mellom nivåa i grunnskulen

Sektoren legg vekt på å lage gode overgangar mellom dei ulike fasane i oppveksten. Det er rutine for å gjøre overgangen mellom barnehage og skule trygg og god, med jamleg samarbeid og samvær. I tillegg fokuserer ein på både faglege og sosiale overgangar mellom småskule og mellomtrinn, og mellom mellomtrinn og ungdomsskule. Elevane på mellomtrinnet har månadsvise utvekslingar mellom skulane for å bygge tryggleik og vennskap på tvers av oppvekstsentera, og å leie fram til eit godt klassemiljø når alle elevane går saman på ungdomsskulen.

Framleis ha eit godt samarbeid med KVS mellom anna i tverretatleg team

Skulen samarbeider med KVS gjennom mellom anna tverretatleg team og andre tverrfaglege grupper.

Laget kring barnet

Barnehage og skule samarbeider om å styrke det systematiske psykososiale arbeidet i samsvar med kapittel 12 i opplæringslova og kapittel 8 i barnehagelova, som skal sikre elevar og barn eit godt og trygt skule- og barnehagemiljø. I tillegg gir det låge elevtalet eit avgrensa sosialt miljø. Sektoren må vere budd på større og samansette utfordringar innan psykiske helse, utanforskap og ufrivillig fråvær i åra som kjem. Skule og barnehagar samarbeider på tvers av faggrupper for å møte dei samansette utfordringane med ei heilskapleg og systematisk tilnærming. Pedagogisk-Psykologisk teneste for Setesdal og skulehelsetenesta er til stade på begge lokasjoner på faste dagar. Velutvikla samarbeid på tvers blir vesentleg for å kunne møte forventningane og oppgåvene som kjem med oppvekstreforma.

Skulefrukt

Skulane tilbyr skulefrukt, og har funne ei form på dette som passer inn i skulekvardagen, og som ikkje fører med seg for mykje matsvinn.

2. Eit meir variert næringsliv

3. Kvalitet i kommunale tenester tilpassa framtida

Oppretthalde samarbeid mellom "Ungt entreprenørskap" og skule

Gjennom elevbedrifta Ting og Tang til hage er skulen involvert i «Ungt entreprenørskap». Det er 9. og 10. trinn på Bygland skule som har denne verksemda i valfaget Arbeidslivsfag. I Arbeidslivsfag samarbeider også skulen med lokalt næringsliv, der elevane er utplasserte i ulike lokale bedrifter.

Samarbeid med lokalt næringsliv gjennom bedriftsbesøk og å invitere næringslivet inn i skulen

Ungdomsskulen samarbeider med lokalt næringsliv i faget Arbeidslivsfag. Sjå også tiltak ovanfor.

Opne opp for fleire yrkesgrupper inn i oppvekstsektoren

I samsvar med mål om å opne opp for fleire yrkesgrupper i sektoren, er det tilsett vernepleiarar i miljøterapeut stillingar i skulane. Barnehage og skule held fram arbeidet med å sikre overgang mellom barnehage og skule, overgang til mellomtrinn, og til ungdomsskulen. I tillegg til rutinefesta overgangsmøte, kan det vere nødvendig med hospitering og spesifikke bli-kjent-aktivitetar for barn som er sårbare eller treng det av ulike grunnar.

Prosjekt oppvekst

Oppvekstsektoren held fram med å omorganisere seg for å vere sosialt, fagleg og økonomisk berekraftig. Det er sett ned ei arbeidsgruppe der begge skulane og barnehagane samt fagforeininga er representerte, slik at ein kan evaluere dei organisatoriske løysingane ein har prøvd ut til no. For skule- og barnehageåret 2023-2024 har oppvekstsentera framleis felles leiar og felles merkantilressurs, og assisterande tenesteleiar på kvar eining. Omorganisering er ressurskrevjande medan det pågår, men ein har von om å rasjonalisere noko når ny organisasjon er sett. Ein held fram med å samkøyre sektoren mot felles retning, med felles rutinar og praksis, å dra nytte av kompetanse og ressursar på tvers, og med å fordele merkantile og pedagogiske arbeidsoppgåver på ein føremålstenleg måte. I arbeidet med å bygge ein einskapleg sektor og styrke samarbeidskulturen, samlar oppvekstsentera seg om felles prosjekt, koordinerer møteverksemd og har felles kompetanseheving. Ein nyttar ressursar på å møtast for å utvikle sektoren saman. I tillegg til digitale samarbeid, har skulane samarbeid med månadlege fagdagar der dei besøker kvarandre eller reiser på felles ekskursjonar. Dette er ein del av det førebyggande psykososiale arbeidet, og eit tiltak å bygge fellesskap blant barna i kommunen, i tillegg til at ein søker å utvide fagmiljøet til elevar og tilsette. Dette fører med seg kostnader.

Det er til skule- og barnehageåret 2024-2025 gjennomført ein betydeleg styrking i sektoren. Dei fire einingane har fått kvar sin stadlege leiar, desse starta i faste stillingar fra august 2024. Begge rektorar deltar på rektorskulen, som er eit nasjonalt

utdanningsprogram for skuleleiar. Styrarane i dei to barnehagane har full stilling, men bruker deler av denne i avdeling som vikar. Dette i tillegg til god bemanning etter tilsetningsrunden i alle einingar gjer at ein har fokus på å nytte eigne ressursar ved fråvær i personalgruppa. Ein må også tenke ressursar på tvers av einingane der det let seg gjere.

Implementering av nye læreplanar

Skulane held framleis på å implementere læreplanane frå 2020 (LK2020). Den siste fagplanen blei innført i 2022-2023. Å legge om praksisen etter nye læreplanar krev at ein investerer i kompetanseheving og nye lærermiddel. For å møte læreplanane sine tilnærmingar til tverrfagleg undervisning, og forventningane til skulane som lærande fellesskap, har ein i tillegg omorganisert arbeidsgruppene og arbeidsfasilitetane til personalet.

Digital infrastruktur

Oppvekstsektoren har gjort store framsteg når det gjeld digitale ferdigheiter, og har fått god røynsle med ulike digitale pedagogiske verktøy og plattformer for samhandling og læring. Samstundes har det ikkje vore nokon overordna strategi for den digitale satsinga. Det er store etterslep når det gjeld infrastruktur og utstyr. Samarbeidet med IKT Agder set også krav til kva for standard den digitale infrastrukturen og utstyret skal halde. Føringar i læreplan og gjeldande pedagogisk tenking føreset utstrekta bruk av digitale verktøy med tilhøyrande stabil tilkopling til nett i alle rom. Velfungerande digital infrastruktur er også sentralt for legge til rette for digitale samarbeid på tvers av oppvekstsentera og utover kommunegrensene, for både tilsette og elevar.

Kompetanseheving i skule og barnehage

Både skule og barnehage er involvert i kompetansehevande samarbeid. Desentralisert kompetanseheving (DEKOM) i skulen blir gjennomført i samarbeid med Evje og Hornnes, Åseral og Universitetet i Agder. Tema er dysleksivennleg undervisning, og involverer både lærarar og fagarbeidrarar. Kompetansehevinga kan munne ut i sertifisering som Dysleksivennleg skule. Barnehagane har også felles regional kompetanseheving (REKOM) i lag med Evje- og Hornnes, Åseral og Universitetet i Agder, med temaet *Tidlig innsats – forebygging av omsorgssvikt og atferdsvansker*. Arbeidet omfattar pedagogiske leiarar og fagarbeidrarar/assistentar. Kompetansehevinga er i samsvar med barnehagen sin kompetansehevingsplan, og svarer til utfordringsbiletet i kommunen.

Det er også innleia samarbeid med Agder fylkeskommune om helsefremjande skuler og barnehagar. Satsinga skal konkretiserast og starte opp i løpet av inneværende skuleår.

Driftsbudsjet

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2024	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
Driftsutgifter pr. budsjettområde					
Oppvekst					
Grunnbudsjet	33 670	41 644	40 722	39 722	38 722
Konsekvensjustering: Endring energiutgifter	-181	-150			
Konsekvensjustering: Pensjon	551	-179			
Konsekvensjustering: Redusert inntekt pga. div. moderasjonsordn.		407			
Ekstraordinære tiltak					
Sum Oppvekst	34 040	41 722	40 722	39 722	38 722

Grunnbudsjettet, som er summen ovanfor som er mest samanliknbar på tvers av budsjettåra, aukar med 23,7 % frå 2024 til 2025. Hovudårsaka til dette er at talet på årsverk har auka frå 42,76 til 52,68, ei auke på 9,92 årsverk. 3,58 av dette gjeld auke i barnehagane, som skuldast bemanningsnorma, og om lag 2 årsverk gjeld auke i miljøterapeutar grunna ei styrka levekårssatsing. Resterande auke på om lag 4,34 årsverk er gjort i skulen. Det er derfor også lagt til grunn at oppvekstsektoren skal vere i stand til å redusere utgiftene med 1 mill. årleg i økonomiplanperioden.

Redusert inntekt på grunn av diverse moderasjonsordningar, gjeld budsjettpostar i rammetilskotet innanfor oppvekstsektoren kor kommunen har fått statleg kompensasjon grunna inntektsbortfall som skjer som en konsekvens av vedtak gjort av regjeringa. For 2024-2025 gjeld dette tiltaka gratis deltidsplass SFO 1.-3. trinn og makspris på barnehageplass på 1500 kroner. I tillegg så er det gjeve moderasjonsordningar lokalt, som også blir kompensert i summen på kr 407.000.

Ein ser av tabellen effekten av dei tilsetningane som er gjennomført i sektoren. Det er fokus på å ta dette ut i effekt i form av mindre bruk av vikarar, meir ressursar i klasser og vil følgje dette opp mot skoleåret 2025-2026 for å sjå etter om effekten blir tatt

ut i resultat. Det er også eit skjerpa krav i ny opplæringslov som seier at skuleeigar har større ansvar for å planleggje for både kortare og lengre sjukefravær.

Ein vil elles påpeike at fleire innspel frå vernerundane i oppvekst er teke omsyn til i driftsbudsjettet til Samfunn, og er difor ikkje inkludert i budsjettsummane i tabellane ovanfor.

Investeringar innanfor oppvekstsektoren


		Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
Prosj.	Prosjektnamn				
70051	Kjøkken SFO Byglandsfjord	250 000	0	0	0
	Sum fordelt	250 000	0	0	0

Kjøkken SFO Byglandsfjord

Kjøkken på SFO ved Byglandsfjord er i særskilt dårlig forfatning. I forhold til reinhald og tilhøyrande matsikkerheit er dagens kjøkken ikkje forsvarleg. Dette fekk ein også avvik på i vernerunde i 2025. Da kjøkkenet er passert 20 år er det lite hensiktsmessig å berre gjere mindre utbetrinigar. Ein vil ikkje klare å løfte kvalitetene til eit nødvendig nivå med berre mindre tiltak. Totalt vil også dei mindre tiltaka som må gjennomførast ikkje la seg overføre til ein seinare større utskifting. Difor er det hensiktsmessig og totalt sett mest fornuftig å gjere ein større jobb no, ein delvis over fleire rundar.

5.7 Helse og omsorg

Organisering



Helse og omsorg

Bygland kommune har fokus på å ha eit godt kvalitetsnivå på helse- og omsorgstenestene. Hovudoppgåva til eininga er å yte gode tenester til pasientar og brukarar som har behov for kommunale tenester. Einininga er organisering med tre avdelingar: Byglandsheimen, helse og livsmeistring samt open omsorg. Ein har dei siste åra styrkt leiinga slik at kvar avdeling har avdelingsleiar i 100% stilling, i tillegg til kommunalsjef som har overordna ansvar for heile kommunalområdet. Helse og omsorg har om lag 51 årsverk i budsjett for 2025. I 2024-budsjettet var dette talet om lag 52. Reduksjonen gjeld flyktningetenesta.

Status og utfordringsbilete

Pleie og omsorg

Dei demografiske endringane i befolkninga er kjende for dei fleste. Dei vil medføre at ein vil få stadig fleire eldre. I perioden 2023 til 2030 vil antal innbyggjarar i Bygland over 67 år, auke frå 294 til 330. Dette vil naturleg føre med seg ei auke i dei skrøpelegaste eldrene, som vil ha behov for tenester frå kommunen. I fylge www.demenskartet.no vil ein i åra 2020-2030 oppleve ei auke frå 26 til 40 personar som har demenssjukdom i Bygland. Den prosentvise auken er frå 2,24% til 3,41%. Tala for Noreg som heilheit er frå 1,88% til 2,48% av befolkninga. I tillegg kjem dei som har andre typar sjukdomar og hjelpebehov. Utfordringa er at vi ikkje veit kor mange av dei eldre som vil trenge offentlege tenester, og kor tid dei vil trenge tenestene

Figurane under syner forventa utviklinga i antal personar med demens i tidsrommet 2020-2030 (kjelde: demenskartet.no)

Bygland 2020

Personer med demens			
Alder	Antall	♂	♀
30-64	0	0	0
65-69	0	0	0
70-74	5	3	2
75-79	3	2	1
80-84	6	2	4
85-89	6	3	3
90+	6	2	4

Bygland 2030

Personer med demens			
Alder	Antall	♂	♀
30-64	0	0	0
65-69	0	0	0
70-74	5	3	2
75-79	9	5	4
80-84	12	6	6
85-89	7	4	3
90+	7	2	5

Ei av dei andre store utfordringane i helse- og omsorgssektoren er korleis ein får tak i tilstrekkeleg bemanning, med relevant fagkompetanse, til å oppretthalde nivået og kvaliteten på tenestene. Dette er ei nasjonal utfordring som, i følgje prognosene, berre vil auke på i åra frametter. Satsing på regionale samarbeidsformer, samt velferdsteknologi, vil kunne demme opp for nokre av utfordringane. Kommunalområdet har fokus på å legge til rette for å ta imot lærlingar. Ein ser at dette er eit viktig ledd i å rekruttere framtidig personell.

Helse og levekår

Bygland har ein høgare del barn som veks opp i vedvarande låginntekt en både Agder og landet elles. Det har vore ein markant auke dei siste 10 åra. Konsekvensane av oppvekst i låginntektsfamiliar er svært samansette, noko som fordrar ein heilskapleg tilnærming innanfor område som familieforhold og samspel, sosial deltaking og relasjonar til jamaldrande, kriminalitet, utvikling, helse, helseåtfred, utdanning og overgang til vaksenlivet, nærmiljø, bu forhold og overføringer mellom generasjonar med tanke på moglegheiter og hindringar.

Flyktningar

Ein ser at det er utfordrande for flyktningar frå Ukraina å skaffe seg inntektsgjenvende arbeid i Bygland. Resultatet er at fleire kan få behov for inntektssikring gjennom sosialstønad frå NAV.

Det er vanskeleg å føresjå kor mange fleire ein skal ta imot det neste året, og kor mange av desse som evt. vil trenge ulike kommunale tenester. Ein må vere førebudd på endringar på kort varsel.

Prioriteringar per satsingsområde i kommuneplanen

1. Eit attraktivt og robust samfunn

Bygland kommune har som mål å gjere noko med levekårsutfordringane som er identifiserte.

Førebyggjande helsebesøk

Ein vil i løpet av 2025 tilby førebyggjande helsebesøk til alle over 75 år som ikkje mottek kommunale tenester frå før.

Styrke samarbeidet med frivillige og pårørande for å sikre ein trygg alderdom

Vi har eit tverrfagleg inntaksteam som arbeider etter BEON (Beste Effektive Omsorgsnivå) prinsippet som skal gjenspeile «omsorgstrappa» i Bygland. Vi har eit ynskje om å styrke samarbeidet med friviljuge og pårørande frametter. Dette er i tråd med sentrale anbefalingar.

Regjeringa presenterte ei ny «eldrereform» i 2023. Tittelen på den er «Bo trygt hjemme». Planperioden på reforma er frå 2024 til 2028. Reforma har 4 satsingsområde:

- Levande lokalsamfunn som ivaretok aktivitet og fellesskap
- Tilpassa bustadtihøve og mulighet for å bu trygt i eigen heim lengre
- Kompetente tilsette
- Tryggleik for brukarar og støtte til pårørande

Det vil vere naudsynt å arbeide tverrsektorielt i kommunen for å oppnå måla med reforma.

2. Eit meir variert næringsliv

3. Kvalitet i kommunale tenester tilpassa framtida

Deltaking i regionale fagnettverk innan helse og omsorg

Ein er representert i ulike fagnettverk. Her kan nemnast regionalt helsenettverk der ein samarbeider om ulike utfordringar knytt til regionen vår. Nettverk i forhold til digital utvikling og velferdsteknologi samt regionalt og nasjonalt nettverk for aldersvennlege lokalsamfunn.

Redusere sjukefråværet innan helse og omsorg

Eininga har over fleire år hatt eit sjukefråvær som har vore høgt. Ein har inngått eit samarbeid med NAV sitt arbeidslivssenter der ein vil utforske ulike metodar for å få bukt med det høge fråværet. Samarbeidsutvalet i eininga vil vere sentrale i dette arbeidet. Dette arbeidet har vi eit konstant fokus på.

Styrka samarbeid på tvers av kommunalområda og interkommunalt

Kommunalområde helse og omsorg vil bidra til å styrke samarbeidet på tvers av communalområda for mellom anna å gje eit betre og meir heilskapleg tilbod til born, unge og familiar som treng det.

Ein vil bidra til å utvikle nye samarbeid på tvers av kommunegrenser dersom dette gagnar kommunen sine innbyggjarar.

Utnytte velferdsteknologien

Fortsetje utviklinga innan velferdsteknologi med mål om at brukarane skal oppleve tryggleik og saumlause tenester ved å nytte teknologi i eigen heim og på institusjon. I tillegg at tilsette er utrusta med verktøy som set dei i stand til å levere saumlause tenester og som bidreg til ein meir effektiv arbeidskvartdag.

Tilpassa tenestene innan helse og omsorg til brukarbehova

I 2024 gjennomførte konsulentelskapet PwC eit større kartleggingsarbeid av communalområdet helse og omsorg. Målet var ein gjennomgang av tenestene for å sjå på tilpassing av tenestene til brukarbehova som kjem frametter, hensiktsmessig organisering og forslag til effektivisering av prosessar. I tillegg såg ein på hensiktsmessig lokalisering og dimensjonering av tenestene. PwC leverte ein grundig sluttrapport med ein del forslag til forbetringstiltak. Kommunalområdet vil i 2025 arbeide med fleire av dei tiltaka som vert anbefala i rapporten.

Driftsbudsjetten

Driftsutgifter pr. budsjettområde					
Helse og omsorg					
Grunnbudsjett	45 443	48 701	47 683	47 183	46 683
Ekstraordinært tiltak: Ekstern gjennomgang av communalområdet	250				
Konsekvensjustering: Pensjon	964	-518			
Sum Helse og omsorg	46 657	48 183	47 683	47 183	46 683

Grunnbudsjettet for helse og omsorg er auka med om lag 7,1 %, som er noko over deflatoren for 2025, som er 4,1 %. Ein har hatt fokus på å simulere så reelt som mogleg kor mange årsverk tenesta treng ifht. noverande organisering.

Det er lagt ned eit omfattande arbeid i å utarbeide årsturnusar for 2025, i den einskilde avdeling. Dette vil kunne gje større føreseielegheit, og ha ein positiv verknad på kostnadssida.

Ein vil prøve ut om det er hensiktsmessig å gå frå vaken til kvilande nattevakt i bufellesskapet Fjordtunet. Dette vil kunne redusere belastning på personalet, og potensielt gje ei innsparing på løn.

Generelt så vil ein påpeike usikkerheita knytt til følgjande kostnadsdrivande moment: Helg/natt-utfordringa, sjukefråvær og anna fråvær, overtid, forskyve arbeidstid, permisionar, for å nemne noko.

Investeringar innanfor helse og omsorg

		Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
Prosj.	Prosjektnamn				
40002	Velferdsteknologi	200 000	0	0	0
40004	Vaskemaskin Byglandsheimen	275 000	0	0	0
40005	Bekkenspyler Byglandsheimen	125 000	0	0	0
40006	Straumberedskap Fjordtunet (tidl. Sagmoen)	400 000	0	0	0
70030	Oppgradering av Byglandsheimen (kartlegging)	300 000	0	0	0
Sum fordelt		1 300 000	0	0	0

Velferdsteknologi

Ein ser at dei som bur på sjukeheim er meir pleietrengande no en for nokre få år sidan. For å avgrense bruk av auka personalressursar, og for å førebygge sjukdom/slitasje ser ein gevinsten av å investere i ulike teknologiske løysingar. Dette kan vere ulike formar hjelpeidlar, og høgteknologiske senger med ulike vendesystem. Det vil og vere behov for velferdsteknologi til heimebuande t.d. medisindispenserar.

Vaskemaskin Byglandsheimen

Maskinen som er i vaskeriet no er om lag 20 år gammal. Den har vore reparert fleire gonger, og fagfolka seier at maskinen er utslitен.

Bekkenspyler Byglandsheimen

Det er behov for utskifting pga. alder og slitasje.

Straumberedskap Fjordtunet (tidl. Sagmoen)

Bufellesskapet Fjordtunet har bare elektrisk oppvarming. Hausten 2023 var det eit straumbrot på Byglandsfjord som varte ca. 16 timer. I ein kaldare værsituasjon og lengre straumutfall, så vil det kunne oppstå kritiske situasjonar. Eit prosjekt for å etablere straumaggregat er estimert til kr 400 000,-.


Alternativet ved lange straumutfall vil kunne vere å flytte bebuarane til t d Byglandsheimen, setje inn mobile propanomnar (som er ei veldig mellombels løysing). Dei aggregata som me allereie har disponibele er planlagde til bruk andre stadar ved eventuelle straumbrot, og det kan vere utfordrande å flytte rundt på desse i ein eventuell situasjon. Å flytte bebuarar kan også vere utfordrande ved ei eventuell langvarig straumstans og ev. ekstremvær.

Oppgradering av Byglandsheimen

Byglandsheimen er bygd i fleire etappar og ber preg av løysingar som nødvendigvis ikkje høver dagens krav til optimal drift og som buplass og for arbeidsmiljø. Det vurderast som fornuftig å få ein fullstendig gjennomgang av bygget med fokus på bu – og arbeidsmiljø og optimal berekraftig drift, og gi forslag til ein fleirårig handlingsplan for kva tiltak som er aktuelle å prioritere dei komande åra. Det trengst ekstern kompetanse til å gjennomføre denne gjennomgangen som eit partssamarbeid med tilsette, driftspersonell og brukarrepresentantar. Budsjettsum kr 300 000,-.

5.8 Samfunn

Organisering



Kommunalområdet har totalt 25,56 årsverk.

Status og utfordringsbilete

1. Bygland kommune slit med mykje gamal infrastruktur på fleire område. Dette er kostbart. Ein treng nødvendig oppgradering på vatten, avlaupsnett og veg. Vidare treng ein å sjå på kva oppgåver ein skal løye opp mot kva ressursar ein disponerer.
2. Eigedom, bygg og anlegg. Kommunen har ei stor eigedomsmasse som genererer store vedlikehaldskostnader. Ein må ha ein plan for både avhending og vedlikehald.
3. Ein er sårbar grunna mange «åleinespesialistar». Gjennom siste åra har ein hatt store kapasitetsutfordringar grunna vakansar i stillingar. Oppgåvemengda er større enn ressursgrunnlaget. Oppgåveforskyvinga frå stat til kommune slår hardt inn i ein liten kommune. Mange lovpålagt oppgåver er fagspesifikke og krev fleire og varierande lønnsheimplar enn det vi har. Åleiniegang som liten kommune er krevjande, ein bør på fleire område søke forpliktande samarbeid med nabokommunar.
4. Planarbeid tar tid og vi slit med å oppdatere og få vedtatt planane våre. Mangel på ny arealplan skapar problem for nye og nødvendige reguleringsplanar samt meir arbeid for fleire av sakshandsamarane våre.
5. Byglandsfjord har lenge vore peika på som eit satsingsområde. Ny reguleringsplan, turveg, renovering av Pakkbua, nytt styrkerom i Årdalshallen er nokre av tiltaka som krev ressursar for å gjennomførast.
6. Bidra aktivt i arbeidet med det grøne skifte og ulike berekraftsmål.

Prioriteringar per satsingsområde i kommuneplanen

1. Eit attraktivt og robust samfunn

Reguleringsplan Byglandsfjord sentrum

Revidering av gjeldande reguleringsplanar vil ha fokus på område som treng forsterking og forbetring og på manglar i føresegnene.

Utbygging av gateljos med fokus på behov avdekt i Barnetråkk-undersøkinga

Trygge nærmiljøa for barn og unge. Undersøkinga Barnetråkk avdekte ønske om fleire gateljos.

Revidere Trafikksikringsplan

Viktig opp mot samarbeidet med Agder fylkeskommune og Statens vegvesen.

Reguleringsplan Bygland sentrum

Revidering av gjeldande reguleringsplanar skal legge til rette for betre sentrumskvalitetar og trafikktryggleik. Arbeidet blir sett i samanheng med utviklinga på Presteneset. Planarbeidet blir sett i gang når ein er ferdig med reguleringsplanen for Byglandsfjord.

Legge til rette for formidling av lokal kulturarv

UNESCO-satsinga er prioritert med kr 350.000 i åra 2023-2025 til interkommunal stilling innanfor dette fagfeltet.

Utarbeide plan for kommunale vegar og infrastruktur

Kommunen har eit stort vedlikehaldsetterslep på kommunale vegar. Det er heilt nødvendig å få ein god oversikt over dagens situasjon samt legge ein plan for kostnader og ressursbruk/behov framover

Etablering av turveg på Byglandsfjord

Etablere turveg i nærområdet på Byglandsfjord.

Arbeide for etablering av g/s-veg langs rv9

I alt planarbeid langs rv9 skal etablering av g/s-veg vere tema.

2. Eit meir variert næringsliv

Utvikle Presteneset

Stad- og næringsutvikling med utgangspunkt i gjeldande reguleringsplan og moglegheitsstudien. Moglegheitsstudien legg opp til endra arealbruk, så det kan bli behov for revidering av gjeldande reguleringsplan.

Legge til rette for nye, regulerte og ferdig opparbeidde industriområde

Forslag til ny arealdel inneholder nye næringsområde. Revidering av reguleringsplan for Nesmoen og klargjering av infrastruktur og byggeklare tomter.

Utvikle Ose som senter for kulturformidling

Vi skal saman med lokale eldsjeler, verkemiddelapparatet og næringsliv utvikle og styrke Ose som kulturformidlar. Etablering av brygge til Bjoren.

Synleggjere og utvikle stasjonsområdet på Byglandsfjord

Vi skal saman med private aktørar og frivilligheita skape ein møteplass og eit stopp-punkt for besøkjande. Formidling av samferdslehistoria.

Revidere reguleringsplan for Nesmoen

Planen er av eldre dato og gir dårlige rammer for utvikling av industriområdet. Nesmoen er eit sentralt område for tilrettelegging for byggeklare næringstomter.

Merke kulturhistoriske bygg og lokalitetar

Vi skal saman med kulturformidlarar, Agder fylkeskommune og historieforteljarar presentere bygningar og lokalitetar si kulturhistorie.

3. Kvalitet i kommunale tenester tilpassa framtida

Sal av kommunale bygg

Kommunen har ei stor bygningsmasse som er kostbar å vedlikehalde. Ein bør derfor ha som mål å redusere talet på kommunale bygg mest mogleg.

Sikre god vasskvalitet i heile kommunen

Med dagens løysingar er det utfordrande for kommunen med å levere trygt drikkevatn til abonnentane.

Oppgradering av infrastruktur for avløp- og overvatn

Med dagens infrastruktur er det utfordrande for kommunen å ta unna for ekstremvær. Det er manglende infrastruktur for overvatn i enkelte område.

Andre prioriterte satsinger

Kommunale køyretøy og maskinar skal nytte fornybar energi når det er eit alternativ

Kommunen har i dag flere elektriske bilar. Dette fungerer godt, og ein ynskjer å halde fram denne satsinga.

Nye ladepunkt ved kommunale arbeidsplassar

Nye ladepunkt der det manglar og auke talet der det er behov.

Utsmykking rundkøyring Byglandsfjord og Bygland

Rundkøyringane er viktige stadmarkørar langs rv9.

Driftsbudsjet Samfunn

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2024	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
Driftsutgifter pr. budsjettområde					
Samfunn					
Grunnbudsjett	24 477	25 047	24 389	24 389	24 389
Konsekvensjustering: Diverse	22				
Konsekvensjustering: Kulturmiddlar		-200			
Konsekvensjustering: Pensjon	861	-258			
Konsekvensjustering: Endring energiutgifter	-665	-200			
Ekstraordinære tiltak inkl. store driftsprosjekt	3 685	2 483	820	820	820
Sum Samfunn	28 380	26 872	25 209	25 209	25 209

Det ligg inne nokre ekstraordinære tiltak i driftsbudsjettet for 2025. I avsnittet som følgjer søker ein å utdype noko på dei ulike ansvarsområda, i tillegg til at ein kommenterer andre vesentlege budsjettpostar.

Kultur

Kulturmiddlar ligg inne med kr 200.000 kvart år frå 2025 til 2028. Tidlegare var leiar for kultur ei 40 % stilling. Denne er no auka til 100 % og skal fungere som kulturleiar og levekårskoordinator. For å delvis finansiere dette, er kulturmiddlane redusert med kr 200.000.

Store driftsprosjekt

Store driftsprosjekt er eit eige ansvarsområde under Samfunn kor ein budsjetterer større driftsprosjekt som ein vil skilje ut frå det ordinære driftsbudsjettet. For økonomiplanperioden er det budsjettert med følgjande prosjekt:

Tall i 1000 kroner	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
Store prosjekt				
Utstilling i samarbeid med Kulturhistorisk museum				
Reguleringsplanarbeid og anna planarbeid	200	200	200	200
Tilskotsordning badstove	500	500	500	500
Skilting i samsvar med skiltplan	400			
Digitalisering av byggesaksarkivet	50			
Geovest/Kartverket	500	120	120	120
Interkommunal stilling på slam	268			
Sum Store prosjekt	1 918	820	820	820

Udstilling er budsjettet med kr 200.000 kvart år, under forutsetning av vedtak i kommunestyre om vidare satsing. Planarbeid ligg også inne med ein fast sum i heile perioden, kr 500.000 kvart år. Regulareringsplanen på Byglandsfjord blir prioritert først.

Tilskotsordning for badstover er vedteken av kommunestyret. Utgifter til skilting av kommunale bygg i samsvar med vedtekne retningsliner for skilting er budsjettet med kr 50.000. Digitalisering av byggesaksarkivet er lagt inn med kr 500.000, og er vurdert som eit særslig tiltak. Alle desse prosjekta er tiltak som er budsjettet berre i 2025.

Geovekst-prosjektet gjeld ein samarbeidsavtale alle kommunar har med Statens Kartverk om oppgradering og tilrettelegging av kartdata for offentleg og allmenn bruk. Forbruket varierer frå år til år, men dette er uansett eit kontinuerleg arbeid som ligg inne i heile økonomiplanperioden, med unntak av i 2025, kor kommunen har fått bekrefta at det ikkje blir utgifter til dette. Det er også budsjettet med ei interkommunal stilling som inngår i eit kartleggingsprosjekt på slamområdet.

Kommunale vegar

Det er behov for å gjere førebyggjande arbeid på ulike vegstrekningar. Utbytting av stikkrenner og grøftereinsk utgjer eit større behov, og førebyggjer telehiv og større flaumskadar. Det er føreslege å setje av kr 240 000,- pr år til dette i 2025-2028. Komande hovudplan for kommunale vegar, som er budsjettet med kr 200.000, vil nok avdekkje ein større årleg sum til vedlikehald og oppgradering i åra som kjem.

Det er føreslege å budsjettene med kr 1 550 000,- til vintervedlikehald. Prisane innan maskinbransjen har stege i takt med drivstoffutgifter siste åra, og dette er ei auke på kr 550.000 samanlikna med opphavleg budsjett 2023, og kr 150.000 samanlikna med 2024.

Bjoren brygge

Ikkje føreslege noko ekstraordinært utover faste driftskostnadene. Husleigeinntektene dekkjer ikkje dei faste kostnadane.

Byglandsfjord oppvekstsenter

Veranda og verandadør, samt belegg på kontor, i Byglandsfjord barnehage er budsjettet med kr 130.000 i 2025.

Byglandsheimen

Det er prioritert kr 160.000 i 2025 til snøfangar, tak over søppeldunkane, førebygging av fukt i kjellaren, og til oppussing av uteområdet, samt kr 60.000 til golvvaskemaskin.

Bylandshallen

Bruksendring spinningrom i Bylandshallen er budsjettet med kr 50.000 i 2025.

Skuleungdom

Sommarjobb for skuleungdom er budsjettet med kr 250.000 kvart år for 2025 til 2028.

Utover dei kommenterte ekstraordinære tiltaka ovanfor, er driftsbudsjettet for Samfunn i stor grad ei vidareføring av budsjettet for 2024, sett bort i frå dei ekstraordinære tiltaka budsjettet i driftsbudsjettet for 2024, som er teke ut. På same måte er dei ekstraordinære driftstiltaka i 2025 teke ut i 2026.

VARFS (vatn, avløp, renovasjon, feiing, slam) – sjølvkostområdet

Grunnbudsjettet ovanfor vil variere ut frå kor mykje som vert planlagt bruka av sjølvkostfonda, og kor mykje kommunen subsidierer vassverks- og avlaupsdrifta. Kommunen har sjølvkost på feiing (etter vedtak i kommunestyret), slam og renovasjon (jf. sjølvkostforskrifta), men ikkje på vatn og avlau. På avlau subsidierer kommunen abonnentane med nesten 2,2 mill. i 2024 (tilsvarande tal i 2024 var 2,9 mill.). Alternativet hadde vore å ikkje subsidiere, men då hadde avlaupsgebyra blitt uforholdsmessig høge. Ein viser elles til gebyrregulativet for meir detaljar om gebyrnivået for kommunale avgifter.

Vassgebyret blir auka med 7,1 %, grunna høge investeringar på dette området. Avløpsgebyret blir auka med 3,7 %, renovasjonsgebyret aukar med 5,0 %, feiegebyret aukar med 3,1 % og slamtømmgebyret er uendra.

Investeringar innanfor Samfunn

Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
---------------------	---------------------	---------------------	---------------------

Prosj.	Prosjektnamn				
50001	Rehabilitering av kloakkrense- og pumpestasjoner	200 000	200 000	200 000	200 000
50002	Rehabilitering av vasskummar av omsyn til HMS	200 000	200 000	200 000	200 000
50006	VA-leidningar for påkopling av nye abonnentar	0	600 000	0	0
50007	VA Presteneset	300 000	2 500 000	0	0
50008	Vassleidning Åraksbø-Ose	3 000 000	0	0	0
50009	Barriere Bygland vannverk	2 000 000	0	0	0
50010	Barriere Byglandsfjord vannverk	0	2 000 000	0	0
50011	Avløpsleidning frå Grendi nord til Grendi sør + pumpestasjon	0	0	350 000	2 000 000
50012	Oppgradering avløpsrør Byglandsfjord (innlekk framandvatn)	300 000	0	0	0
50013	Oppgradering avløpsrør Bygland (innlekk framandvatn)	0	300 000	0	0
50014	Arbeidsbåt	0	300 000	0	0
70000	Turveg Byglandsfjord	700 000	2 275 000	0	0
70006	Ladepunkt v/kommunale bygg	0	300 000	0	0
70007	Utsmykking i rundkøyringa på Bygland	450 000	0	0	0
70017	Målretta ENØK-tiltak	500 000	500 000	500 000	500 000
70023	Kulturscena: Lys- og tepperigg	400 000	0	0	0
70025	Stolar/bord Årdalshallen	250 000	0	0	0
70027	Pakkbua: Bruksendring og opprusting	0	3 000 000	0	0
70034	Trimpark ved turveg Byglandsfjord	0	420 000	0	0
70035	Kjøkken kulturscene	450 000	0	0	0
70036	Rehabilitere firemannsbustad Bygland	300 000	0	0	0
70037	Områdeløft Byglandsfjord	4 000 000	0	0	0
70038	SD-styring Byglandsfjord barnehage	100 000	0	0	0
70039	Solskjerming/kjøling Byglandsfjord barnehage	100 000	0	0	0
70040	Belegg/rehabilitering av golv Bygland barnehage	300 000	0	0	0
70041	Kantklippar til traktor	250 000	0	0	0
70042	Hjullastar	0	0	1 500 000	0
70043	Asfalt framfor verkstad på Nesmoen	0	100 000	0	0
70044	Lift	0	300 000	0	0
70045	Varebil Samfunn	400 000	0	0	0
70047	Planere tomtene i Fjellvegen på Byglandsfjord	750 000	0	0	0
70048	Bygge om gammalt reinseanlegg på Bygland til garasje/lager	100 000	0	0	0
70049	Leikeplass Grendi v/grendehuset	150 000	0	0	0
70050	Oppgradering leikeplass Hampetjønn Byglandsfjord	0	150 000	0	0
70052	Fleirbruksbil	1 000 000	0	0	0
70053	Rehabilitering av sluser	0	0	1 000 000	0
70054	Vinsj Bjorehuset	0	0	350 000	0
Sum fordelt		16 200 000	13 145 000	4 100 000	2 900 000

Tal ekskl. mva. for prosjekt 50001 til 50014, elles tal inklusiv mva.

Rehabilitere vass- og avlaupskummar (2025-2028)

Kommunen sine vass- og avlaupskummar er eit utsett arbeidsområde. Mange av kummane er gamle og utstyrt i kummane ber preg av harde miljø. Totalt har me oversikt over omlag 105 kummar. Mange av desse sig, der er eldre ventilkoplingar og røyrtiforlane er ustabile. Prosjektkapasiteten, innkjøpsprisar og maskinlege tilsei at rehabiliteringsarbeidet bør gå over heile økonomiplanperioden med ein investeringssum a kr 200 000,- pr år med hendhaldsvis kr 200 000,- på kvart av sjølvkostområda (vatn og avløp).

VA-leidningar for påkopling av nye abonnentar (2026)

I driftsbudsjettet er det prioritert å lage ein plan for påkopling av nye VA-abonnentar. Potensialet er størst på Byglandsfjord og Bygland. Planen skal skissere framgangsmåte og prioriteringar og gi budsjettoverslag for tiltaka som må investerast i. I dette

prosjektet er det sett av ein generell sum til nye VA-leidningar kommunen må investere for at nye VA-abonnentar skal kunne kople seg på.

VA Presteneset (2025-2026)

Det blir budsjettert med kr 300 000,- til detaljprosjektering av VA-infrastruktur for Presteneset. Dette heng saman med omstillingssprosjektet for området, og VA-infrastruktur må planleggast og etablerast før vidare bygging.

Vassleidning Åraksbø-Ose

Vassverket i Åraksbø er av eldre dato, og vil krevje utskifting av m.a. UV-anlegg om ikkje for mange år. Det er også annonserert strengare nasjonale krav til drikkevassforsyning, noko som også vil kunne påføre kostnadars til nye tryggleikstiltak. Dette vil eliminere driftskostnadane til dagens vassverk og vil på sikt gi ei total innsparing for vassverksdriftene. Faren for ytre forureining av drikkevatnet vil også bli mykje mindre sidan vatnet frå Austad vassverk kjem frå ein grunnvassbrønn.

Barriere Bygland vassverk

Ved fleire høve siste tida viser prøver at vasskvaliteten, særleg på Bygland, er dårlig. Utfordringa er humus som gjer til at UV-anlegget ikkje klarer å reinske ut bakteriar. Det er avgjerande at ein får til ei ekstra barriere for å sikre vasskvaliteten framover. Tiltaket er naudsynt og må setjast i gang i 2025. Det er budsjettert 2 mill.

Barriere Byglandsfjord vassverk (2026)

Byglandsfjord har også varierande vasskvalitet av same årsak som Bygland. Det er budsjettert 2 mill. for 2026.

Avløpsleidning frå Grendi nord til Grendi sør + pumpestasjon

Prosjektet tek til med prosjektering i 2027 og fullførast i 2028.

Oppgradering avløpsrør Byglandsfjord (innlekk framandvatn)

Det er store utfordringar med regnvatn som kjem inn på reinseanlegget. Røyranlegg er gammalt og har ikkje nødvendig kapasitet.

Oppgradering avløpsrør Bygland (innlekk framandvatn, 2026)

Same problematikk for Bygland.

Arbeidsbåt (2026)

Bygland kommune har mange vassleidningar som ligg i fjorden og det er stadig behov for vedlikehaldsarbeid. Ein treng ein stabil båt for å få arbeidet gjennomført. Planen er at Setesdal brannvesen og fiske- og vassdragsforvaltaren, som også skal bruke båten, bidreg med finansiering.

Turveg Byglandsfjord (2024-2026)

Kommunen har fått tilsegn om spelemidlar til prosjektet. Planlagt oppstart i 2024, men det er budsjettert å jobbe med prosjektet i 2025 og 2026 også.

Elbilladarar kommunale bygg (2026)

Det blir sett av ein generell pott til elbilladarar ved kommunale bygg, då dette blir eit meir og meir aktuelt tilbod for tilsette i kommunen.

Utsmykking av rundkøyringa på Bygland

Det er laga teikningar og innhenta kostnadsoverslag for å setje opp ein kopi av Langeidsverdet. Prosjektet vert igansett ved budsjettvedtak.

Kulturscena: Lys- og tepperigg

Det har vært jobba med dette prosjektet gjennom heile 2024, men det har vore krevjande reint bygg teknisk og ein reknar med å kunne ferdigstille det i 2025

Stolar/bord Årdalshallen (2024-2025)

I handsaminga av økonomiplan for 2024 til 2027, blei det gjort vedtak om å budsjetttere med kr 250.000 i 2024 og 2025 til inventar i Årdalshallen.

Pakkbu: Bruksendring og opprusting (2026)

I økonomiplan for 2024 til 2027 blei dette prosjektet budsjettert med kr 400.000 til prosjektering i 2024, og kr 900.000 i 2025. Etter prosjektering ser ein at prosjektet blir betydeleg meir kostbart enn tidlegare anslag. Grunna andre store investeringar i 2025, vel ein å budsjettere dette prosjektet i 2026. For Byglandsfjord konkret vurderer ein og at investering i områdeløft, då til dømes området rundt Kallhovd sveis og rutebilstasjonen, som meir samfunnskritiske tiltak.

Trimpark ved turveg Byglandsfjord (2026)

Lågterskel aktivitetsapparat som er planlagd ved turvegen. Dette er definert som eit eige prosjekt, som får 50 prosent spelemiddelfinansiering.

Kjøkken kulturscene

Oppgradering av kjøkkenet ved Bygland kulturscene slik at det blir tilpassa dagens behov. Inkl. ny kjøkkeninnreiting og kvitevarer.

Rehabilitere firemannsbustad Bygland

Det er sett av kr. 300.000.- til nytt tak.

Områdeløft Byglandsfjord

Området rundt Kallhovd sveis og rutebilstasjonen er i veldig dårlig forfatning. Dette prosjektet er tenkt som eit breiare forankra stadutviklingsprosjekt på Byglandsfjord som skal legge betre til rette for framtidig utvikling av området, slik at også private investorar i større grad vil fatte interesse for å utvikle området vidare. Ein vurderer og tiltak i dette området grunna omsynet til Byglandsfjord si sikkerheit.

SD-styring Byglandsfjord barnehage

Nødvendig oppgradering av gammalt anlegg.

Solskjerming/kjøling Byglandsfjord barnehage

Innspel frå vernerundane.

Belegg/rehabilitering av golv Bygland barnehage

Innspel frå vernerundane.

Kantklippar til traktor

Innspel frå vernerundane.

Hjullastar (2027)

Bygland kommune har ein liten maskinpark som krev oppdatering. Spesielt for vintervedlikehald vil det vere stor tidsmessig gevinst å investere i ein hjullastar. Ein kan påregne halvering av tidsbruk og vesentleg mindre timebruk på traktoren.

Asfalt framfor verkstad på Nesmoen (2026)

Vil avhjelpe reinhald samt at området vil framstå som meire ryddig.

Lift (2026)

Dette er noko ein må leige i dag. Dette tek tid og må planleggast. Mange bygg og mykje arbeid i høgda. Ein lift vil hjelpe mykje.

Varebil Samfunn

Uteseksjonen hadde om lag kr 120.000 i køyregodtgjersle i 2023. I tillegg så har tilsette avtale om kompensasjon for bruk av eigen bil i tenesta. For å redusere denne utgelta, er det føreslege å kjøpe ein liten elektrisk varebil som skal redusere tilsette sin bruk av privatbil i tenesta.

Planere tomtene i Fjellvegen på Byglandsfjord

Det er mykje fjell i dette bustadfeltet og det er derfor krevjande og kostbart å spreng ut ei tomt av gonga. Det blir totalt sett rimelegare å spreng ut alle dei resterande, ubebygde tomtane på ei gong.

Bygge om gammalt reinseanlegg på Bygland til garasje/lager

Bygget er ikkje lengre i bruk og må sanerast som renseanlegg. Sjølve bygget kan likevel gjerast bruk av til garasje/lager. Gjenbruk.

Leikeplass Grendi v/grendehuset

Opprusting av uteområdet med fokus på aktivitet, trivsel og samhald. Prosjektet er i samarbeid med grendelaget og innbyggjarane som er utfordra på vidare drift og vedlikehald.

Oppgradering leikeplass Hampetjønn Byglandsfjord (2026)

Opprusting av området med fokus på leikeområdet, lågterskel aktivitetar, trivsel og samhald. Vidare drift og vedlikehald bør bli forankra i frivillig lag eller organisasjon.

Fleirbruksbil

Jf. vedtak. Dette er anslått pris for ein fleirbruksbil med ni seter og rullestolrampe. Kommunen får ikkje meirverdiavgiftskompensasjon på ein slik bil, sidan den vil vere definert som personbil.

Rehabilitering av sluser (2027)

Slusene er i dårleg forfatning og treng totalrenovering. Det er ikkje lenger forsvarleg å drive slusearbeid for uteseksjonen og slusene vil ikkje bli tekne i bruk før dei er i forsvarleg stand. Ein må pårekne at ikkje sluseanlegget kan takast i bruk før det er renoverert. Det er sett av midlar til renovering i 2027.

Vinsj Bjorenhuset (2027)

Grunna botnforholda på utsida av Bjorenhuset er ein avhengig av vinsjhjelp for å få båten ut og nokre gonger inn. Til nå har ein leigd inn redningsbil for slike oppdrag. Med eigen vinsj vil ein vere meir sjølvhjulpen når Bjoren skal ut og inn. Når ein er sjølvhjulpen vil det og vere enklare å koordinere med omsyn til hjelp frå frivillige, og også tilpasse seg i større grad til vasstanden. I praksis kan dette bety noko forlenging av sesongen. Vinsjen vil og vere til stor hjelp viss det skulle bli behov for reparasjoner i løpet av sesongen.

5.9 Kommuneplanen sin handlingsdel (tabell)

Tabellane under samnfattar tiltaka som ligg inne i kommuneplanen sin handlingsdel for 2025-2028. Tiltaka er allereie kommentert i kapittel 5.4 til 5.7.

Berekraftsdimensjonane:

- M – Miljø og klima
- S – Sosiale forhold
- Ø – Økonomi

Ansvarleg kommunalområde:

- HO – Helse og omsorg
- HR – Organisasjon og HR
- OPY – Oppvekst
- SF – Samfunn
- ØKA – Økonomi og administrasjon

Prioritering:

Syner til samfunnsdelen sine prioriteringar under måla for satsingsområda. Prioriteringane er lista opp med bokstav A-G.

Satsingsområde 1 - Eit attraktivt og robust samfunn

Nr	Tiltak	Gjennomføring				Bygland kommune si rolle			Ansvarleg kommunalområde			Kopling til samfunnsdelen	
		2025	2026	2027	2028	Tiltakseigar	Samarbeid	Tilretteleggjar		Drift	Utvikling	Berekrafts-dimensjonane	Prioritering
I Bygland har alle ein trygg og god bustad													
1	Reguleringsplan Byglandsfjord sentrum	X				X	X		SF		X	S, M	A, B, C, D, F
Barn og unge har det bra heime, i barnehagen, på skulen og i fritida													
2	Halde fram med overgangsmøter mellom nivåa i grunnskulen	X	X	X	X	X	X		OBY	X		S	A, C
3	Framleis ha eit godt samarbeid med KVS mellom anna i tverretatleg team	X	X	X	X		X		OBY	X		S	A, B, D
4	Laget kring barnet	X				X	X		OBY	X		S	A, B, C
5	Skulefrukt	X				X			OBY	X		S	B, C
I Bygland er alle trygge og inkludert i samfunnet													
6	Informere godt i sosiale media og andre informasjonskanalar om tilbod, tenester og prosjekt med fokus på klarspråk	X	X	X	X	X			ØKA	X		S	
7	Førebyggjande helsebesøk	X				X			HO	X		S	E
8	Styrke samarbeidet med frivillige og pårørande for å sikre ein trygg alderdom	X	X	X	X	X	X		HO	X	X	S, Ø	E
9	Utbygging av gateljos med fokus på behov avdekt i Barnetråkk-undersøkinga		X			X			SF	X		S	C
10	Revidere Trafikksikringsplan		X			X	X		SF	X	X	S, M	B
11	Reguleringsplan Bygland sentrum		X	X		X	X		SF		X	S, M	A, B, C, E
12	Legge til rette for formidling av lokal kulturarv	X	X			X	X	X	SF		X	S, Ø	D
13	Utarbeide plan for kommunale vegar og infrastruktur			X		X	X		SF	X		Ø, M	B
14	Etablering av turveg på Byglandsfjord	X				X	X		SF		X	S, M	C, E
15	Arbeide for etablering av g/s-veg langs rv9	X	X	X	X	X	X	X	SF	X	X	S, M	B

Satsingsområde 2 - Eit meir variert næringsliv

Nr	Tiltak	Gjennomføring				Bygland kommune si rolle			Ansvarleg kommunalområde			Kopling til samfunnssdelen	
		2025	2026	2027	2028	Tiltakseigar	Samarbeid	Tilretteleggjar		Drift	Utvikling	Berekrav-dimensjonane	Prioritering
Talet på arbeidsplassar har auka med minimum 60 innan 2030													
16	Utvikle Presteneset	X	X	X	X	X	X	X	SF		X	S, Ø	D, E
17	Legge til rette for nye, regulerte og ferdig opparbeidde industriområde	X	X			X	X	X	SF	X	X	Ø	D, E
18	Utvikle Ose som senter for kulturformidling	X	X	X	X		X	X	SF		X	Ø	E
19	Synleggjere og utvikle stasjonsområdet på Byglandsfjord	X	X			X	X		SF	X	X	S, Ø	E
20	Revidere reguleringsplan for Nesmoen	X				X	X		SF		X	Ø	E
21	Merke kulturhistoriske bygg og lokalitetar	X	X				X	X	SF		X	S, Ø	E

Satsingsområde 3 - Kvalitet i kommunale tenester tilpassa framtida

Nr	Tiltak	Gjennomføring				Bygland kommune si rolle			Ansvarleg kommunalområde			Kopling til samfunnssdelen	
		2025	2026	2027	2028	Tiltakseigar	Samarbeid	Tilretteleggjar		Drift	Utvikling	Berekrav-dimensjonane	Prioritering
Bygland kommune har god tilgang på rett kompetanse													
22	Utnytte potensialet i ordninga «Varig tilrettelagt arbeid (VTA)»	X	X	X	X	X	X		HR	X		S	C
23	Etablere kommunale lærlingplassar/praksisplassar der det er behov	X	X	X	X	X	X		HR	X		Ø	A, C

Nr	Tiltak	Gjennomføring				Bygland kommune si rolle		Ansvarleg kommunalområde			Kopling til samfunnssdelen	
		2025	2026	2027	2028	Tiltakseigar	Samarbeid		Drift	Utvikling	Berekravts-dimensjonane	Prioritering
24	Oppretthalde samarbeid mellom "Ungt entreprenørskap" og skule	X	X	X	X	X	X	OBY	X		S, Ø	C
25	Samarbeid med lokalt næringsliv gjennom bedriftsbesøk og å invitere næringslivet inn i skulen	X	X	X	X	X	X	OBY	X		S, Ø	A, C
26	Opne opp for flere yrkesgrupper inn i oppvekstsektoren	X	X	X	X	X		OBY	X		Ø	A
27	Deltaking i regionale fagnettverk innan helse og omsorg	X	X	X	X	X	X	HO	X	X	Ø	A, B
28	Redusere sjukefråværet innan helse og omsorg	X				X	X	HO	X		Ø	C
Bygland kommune skal vere ein attraktiv og konkurransedyktig arbeidsgjevar												
29	Prosjekt oppvekst	X				X		OBY	X	X	S, Ø	A, B, C
30	Implementering av nye læreplanar	X				X		OBY	X		Ø	A, C
31	Digital infrastruktur	X				X		OBY	X		Ø	B, C
32	Kompetanseheving i skule og barnehage	X				X	X	OBY	X		Ø	A
33	Styrka samarbeid på tvers av kommunalområda og interkommunalt	X				X	X	HO	X		Ø	B, D
34	Utnytte velferdsteknologien	X				X		HO	X		S, Ø	B
35	Tilpassa tenestene innan helse og omsorg til brukarbehova	X				X		HO	X		Ø	B, C
36	Sal av kommunale bygg	X	X			X		SF	X		Ø	C
37	Sikre god vasskvalitet i heile kommunen	X	X			X	X	SF	X		Ø, M	C
38	Oppgradering av infrastruktur for avløp- og overvatn	X	X	X	X	X	X	SF	X		Ø, M	C
39	Ny arbeidsgivarstrategi	X				X		HR	X	X	M, S, Ø	A, B, C
40	Forenkling av kvardagen med utgangspunkt i digitalisering og digital produktutvikling	X	X	X	X	X	X	Alle	X	X	Ø, S	B

6. PLANSTRATEGI

Prioritering av planoppgåver blir justert årleg, og inngår i økonomi- og handlingsplanen for neste periode. Vedtak av økonomi- og handlingsplan vil fungere som vedtak av oppheving av plan i tråd med tabellen under.

6.1 Temaplanar og retningsliner

Temaplanar og retningsliner	Lovpålagt	Kommentar
Strategisk informasjonsplan 2017	Nei	Oppheve plan. Blir erstatta med konkrete tiltak i økonomi- og handlingsplan.
Digitaliseringsstrategi Setesdal 2019-2025	Nei	Oppheve plan. Ikke relevant etter overgang til IKT Agder.
Bustadsosial handlingsplan 2011-2020	Nei	Oppheve plan. Blir erstatta med konkrete tiltak i økonomi- og handlingsplan.
Plan for habilitering og rehabilitering 2019-2020	Nei	Oppheve plan. Blir erstatta med konkrete tiltak i økonomi- og handlingsplan.
Interkommunal ruspolitisk handlingsplan 2020-2023	Nei	Oppheve plan. Handlingsplan for førebygging av rus bør vere del av alkoholpolitisk handlingsplan.
Alkoholpolitisk handlingsplan 2024-2027	Ja	Heimel: Alkohollova § 1-7d pålegg kommunen å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Vurdere revidering i 2025 for å inkludere handlingsplan for førebygging og oppfølging av rus.
Omdømmestrategi 2023	Nei	Blir følgd opp med konkrete tiltak i økonomi- og handlingsplan.
Retningsliner for skilting av kommunale bygningar 2023	Nei	Blir følgd opp i økonomiplanen.
Klima og energiplan 2011-2022	Nei	Oppheve plan. Blir erstatta med konkrete tiltak i økonomi- og handlingsplan.
Hovudplan for vavn og avlaup 2024-2030	Nei	Planen bør bli revidert grunna manglande handlingsdel med økonomiske konsekvensar. Blir følgd opp med konkrete tiltak i økonomi- og handlingsplan.
Personal- og organisasjonsplan 2016-2020	Nei	Blir erstatta av arbeidsgjevarstrategi planlagt ferdigstilt våren 2025.
Kommunal plan for førebyggande arbeid blant barn og unge 2022	Ja	Heimel: Barnevernslova §3-1 seier at kommunestyret skal vedta ein plan for kommunen sitt arbeid for å førebygge omsorgssvikt og åtferdsproblem hos barn og unge.
Handlingsplan for eit trygt og godt skule- og barnehagemiljø 2023	Ja	Heimel: Opplæringslova § 12-4 seier at skulen skal lage ein skriftleg plan for tiltak for å sikre eit trygt og godt psykososialt skolemiljø.
Temoplan for kulturminne 2020-2032	Nei	Behalde planen med bakgrunn i satsinga på kulturminne, immateriell kulturarv og arkeologi. Vurdere revidering i 2026.
Plan for idrett, friluftsliv, fysisk aktivitet og kulturanlegg 2022-2025	Ja	Heimel: KUD sitt reglement «Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet» pkt. 2.4.5 seier at anlegget skal vere del av ein vedtatt kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet. Blir følgd opp med konkrete tiltak i økonomi- og handlingsplan.
Plan for friluftslivet sine ferdelsårer - <i>under arbeid (vedtak 2025)</i>	Nei	Ferdigstille plan.
Trafikksikringsplan 2005	Nei	Blir nytta i samarbeidet med AFK Samferdsel og Statens vegvesen. Revidering av planen i 2026.
Plan for kommunale vegar	Nei	Ny plan. Blir følgd opp i økonomiplanen.

Retningsliner for handsaming av søknader etter motorferdselslova 2023	Nei	Kjem ny lov om motorferdsel i utmark og vassdrag i 2027 som vil legge nye føringer.
Plan for krieseleiing 2023	Ja	Heimel: Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 4 seier at kommunen skal utarbeide ein overordna beredskapsplan. Blir følgd opp med konkrete tiltak i økonomi- og handlingsplan.

6.2 Arealplanar i perioden

PlanID	Kommunale arealplanar	Korleis fungerer planen som styringsdokument? Utvikling: Er planen tilstrekkeleg oppdatert i forhold til forventa utvikling/arealbehov i perioden 2025-2028? Forvaltning: Er det manglar ved planen sine arealformål eller føresegner?
198801	Nesmoen	Utvikling: Planen gir dårlige rammer for utvikling av industriområdet. Forvaltning: Planen manglar delvis byggegrenser, plankartet er analogt og planen er vedtatt etter pbl 1985. Konklusjon: Revidering i 2025.
199901	Byglandsfjord sentrum	Utvikling: Det er behov for endra arealbruk i delar av planen. Forvaltning: Planen har manglar i føresegndene og er vedtatt etter pbl 1985. Konklusjon: Revidering i 2025.
200803	Bygland sentrum	Utvikling: Det er behov for å sjå på infrastruktur og arealbruk rundt skule, butikk og kommunehus. Forvaltning: Planen er vedtatt etter pbl 1985. Konklusjon: Revidering i 2026.
201602	Presteneset	Utvikling: Det er behov for å sjå på infrastruktur og arealbruk basert på ønska utvikling. Forvaltning: Ingen manglar. Konklusjon: Revidering i 2026.

VEDLEGG: Budsjettskjema

A Bevillingsoversikt drift, budsjett (årsbudsjett)

Tal i 1000 kroner	Budsjett 2025	Budsjett 2024
Generelle driftsinntekter		
Rammetilskot	-76 689	-75 437
Inntekts- og formuesskatt	-38 141	-32 178
Eigedomsskatt	-10 400	-10 300
Andre generelle driftsinntekter	-7 700	-7 450
Sum generelle driftsinntekter	-132 930	-125 365
Netto driftsutgifter		
Sum bevillingar drift, netto	134 300	129 149
Avskrivningar	9 300	9 300
Sum netto driftsutgifter	143 600	138 449
Brutto driftsresultat	10 670	13 084
Finansinntekter/Finansutgifter		
Renteinntekter	-2 480	-2 180
Utbryter	-18 035	-12 694
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0
Renteutgifter	6 000	7 000
Avdrag på lån	6 190	6 190
Netto finansutgifter	-8 325	-1 684
Motpost avskrivningar	-9 300	-9 300
Netto driftsresultat	-6 955	2 100
Disponering eller dekning av netto driftsresultat		
Overføring til investering	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	4 200	3 867
Bruk av bundne driftsfond	-5 045	-5 023
Avsetninger til disposisjonsfond	9 462	150
Bruk av disposisjonsfond	-1 662	-1 094
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	6 955	-2 100
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk).	0	0
Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0

B Bevillingsoversikt drift, til fordeling (årsbudsjett)

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2025	Budsjett 2024
Frå bevillingsoversikt:		
Til fordeling drift	129 149	105 930
Driftsutgifter pr. eining		
Politisk styring og kontroll		
Bevilling drift, netto	3 261	2 622
Sum Politisk styring og kontroll	3 261	2 622
Stab og fellesutgifter		
Bevilling drift, netto	13 260	12 796
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-50	-50
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond		
Sum Stab og fellesutgifter	13 210	12 746
Oppvekst		
Bevilling drift, netto	42 864	34 564
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond		
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-1 142	-524
Sum Oppvekst	41 722	34 040
Helse og omsorg		
Bevilling drift, netto	41 846	46 677
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond		
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	6 337	-20
Sum Helse	48 183	46 657
Samfunn		
Bevilling drift, netto	27 867	29 264
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-495	-334
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-500	-550
Sum Samfunn	26 872	28 380
Eksterne samarbeid		
Bevilling drift, netto	28 046	23 912
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-300	-300
Sum Eksterne samarbeid	27 746	23 612
Andre sentrale inntekter og kostnadar		
Bevilling drift, netto	-22 844	-20 686
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond		-132
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	3 105	150
Sum Andre sentrale inntekter og kostnadar	-19 739	-20 668
Netto for alle eininger	134 300	129 149
Sum netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-845	-816
Sum netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	7 800	-944
Sum alle budsjettområda	141 255	127 389

C Økonomisk oversikt etter art – drift (årsbudsjett)

Tal i 1000 kroner	Budsjett 2025	Budsjett 2024
Driftsinntekter		
Rammetilskot	-76 689	-75 437
Inntekts- og formuesskatt	-38 141	-32 178
Eigedomsskatt	-10 400	-10 300
Andre skatteinntekter	-7 400	-7 200
Andre overføringer og tilskot frå staten	-10 896	-3 749
Overføringer og tilskot frå andre	-31 550	-31 645
Brukarketalingar	-3 190	-4 500
Sals- og leieinntekter	-16 072	-15 235
Sum driftsinntekter	-194 338	-180 244
Driftsutgifter		
Lønnsutgifter	100 815	90 262
Sosiale utgifter	25 969	24 228
Kjøp av varer og tenester	59 014	55 860
Overføringer og tilskot til andre	9 953	13 678
Avskrivningar	9 300	9 300
Sum driftsutgifter	205 051	193 328
Brutto driftsresultat	10 713	13 084
Finansinntekter/Finansutgifter		
Renteinntekter	-2 530	-2 180
Utbytter	-18 035	-12 694
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0
Renteutgifter	6 007	7 000
Avdrag på lån	6 190	6 190
Netto finansutgifter	-8 368	-1 684
Motpost avskrivningar	-9 300	-9 300
Netto driftsresultat	-6 955	2 100
Disponering eller dekning av netto driftsresultat:		
Overføring til investering	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	4 200	3 867
Bruk av bundne driftsfond	-5 045	-5 023
Avsetninger til disposisjonsfond	9 462	150
Bruk av disposisjonsfond	-1 662	-1 094
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	6 955	-2 100
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0
Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0

D Bevillingsoversikt investering, budsjett (årsbudsjett)

Tall i 1000 kroner	Budsjett 2025	Budsjett 2024
Investeringsutgifter – sjå avsnitt 4.2		
Investeringar i varige driftsmidlar	17 600	7 300
Tilskot til andre sine investeringar	0	0
Investeringar i aksjar og andeler i selskap	500	500
Utlån av egne midlar	0	0
Avdrag på lån	0	0
Sum investeringsutgifter	18 100	7 800
Investeringsinntekter – sjå avsnitt 4.3		
Kompensasjon for meirverdiavgift	-1 180	-1 110
Tilskot frå andre	-470	0
Sal av varige driftsmidlar	-500	-1 000
Sal av finansielle anleggsmidlar	0	0
Utdeling frå selskap	0	0
mottekte avdrag på utlån av egne midlar	-200	0
Bruk av lån	-15 750	-5 190
Sum investeringsinntekter	-18 100	-7 300
Vidareutlån – sjå avsnitt 4.4		
Vidareutlån	3 000	1 000
Bruk av lån til vidareutlån	-3 000	-1 000
Avdrag på lån til vidareutlån	500	500
mottekte avdrag på vidareutlån	-500	-500
Netto utgifter vidareutlån	0	0
Overføring frå drift og netto avsetningar – sjå avsnitt 4.3		
Overføring frå drift	0	0
Avsetning til bundne investeringsfond	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	0	0
Avsetning til ubundne investeringsfond	500	0
Bruk av ubundne investeringsfond	-500	-500
Dekning av tidlegare års udekt beløp	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetningar	0	-500
Framført til inndekning i seinare år (udekt beløp)	0	0
Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0
Overføring til fordeling (§5-5, andre ledd)		
Inntekter til fordeling	0	0
Utgifter til fordeling	18 100	7 800
Sum til fordeling (netto)	18 100	7 800

E Bevillingsoversikt investering, til fordeling (årsbudsjett)

	Tall i 1000 kroner	Budsjett 2025	Budsjett 2024
	Frå bevillingsoversikt:		
	Netto investeringar til fordeling:	18 100	7 800
For prosjekt 50001 til 50012 er tala utan mva. For alle andre prosjekt er tala inkl. mva.			
Prosjekt	Prosjektnamn		
40002	Velferdsteknologi	200	500
40004	Vaskemaskin Byglandsheimen	275	0
40005	Bekkenspyler	125	0
40006	Straumberedskap Sagmoen	400	0
50001	Rehabilitering av kloakkrense- og pumpestasjoner	200	200
50002	Rehabilitering av vasskummar av omsyn til HMS	200	200
50003	Automatisering/digitalisering Byglandsfjord reinseanlegg	0	200
50007	VA Presteneset	300	300
50008	Vassleidning Åraksbø-Ose	3 000	0
50009	Barriere Bygland vassverk	2 000	0
50012	Oppgradering avløpsrør Byglandsfjord (innlekk framandvatn)	300	0
70000	Turveg Byglandsfjord	700	400
70003	Inventar til biblioteket	0	125
70004	Kommunal veg Presteneset	0	100
70005	Utsmykking i rundkøyringa på Byglandsfjord	0	125
70007	Utsmykking i rundkøyringa på Bygland	450	125
70013	Oppgradering og inventar kommunehuset Bygland	0	250
70017	Målretta ENØK-tiltak	500	500
70021	Styrkerom Årdalshallen	0	250
70022	Inventar til ungdomsklubben	0	350
70023	Kulturscena: Lys- og tepperigg	250	150
70024	Kulturscena: Lydanlegg	0	150
70025	Stolar/bord Årdalshallen	250	250
70026	Årdalshallen lydanlegg	0	150
70027	Pakkbu: Bruksendring og opprusting	0	400
70028	Sjukesignalssystem Byglandsheimen	0	500
70029	Rehabilitering av Priveten	0	300
70030	Oppgradering av Byglandsheimen (kartlegging 2024)	300	300
70031	Lastebil uteseksjonen	0	625
70035	Kjøkken kulturscene	450	0
70036	Rehabilitere firemannsbustad Bygland	300	0
70037	Områdeløft Byglandsfjord	4 000	0
70038	SD-styring Byglandsfjord barnehage	100	0
70039	Solskjerming/kjøling Byglandsfjord barnehage	100	0
70040	Belegg/rehabilitering av golv Bygland barnehage	300	0
70041	Kantklippar til traktor	250	0
70045	Varebil Samfunn	400	0
70047	Planere tomtene i Fjellvegen på Byglandsfjord	750	0
70048	Bygge om gammalt reinseanlegg på Bygland til garasje/lager	100	0
70049	Leikeplass Grendi v/grendehuset	150	0
70051	Kjøkken SFO Byglandsfjord	250	0
70052	Fleirbruksbil	1 000	0
90001	Eigenkapitalinnskot KLP	500	500
90010	ERP-prosjekt 2023-2024	0	850
Sum fordelt		18 100	7 800

For prosjekt 50001 til 50012 er tala utan mva. For alle andre prosjekt er tala inkl. mva.

F Bevillingsoversikt drift, økonomiplan (budsjett)

Tall i 1000 kroner	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
Generelle driftsinntekter				
Rammetilskot	-76 689	-74 379	-74 365	-74 163
Inntekts- og formuesskatt	-38 141	-40 021	-40 021	-40 021
Eigedomsskatt	-10 400	-10 400	-10 400	-10 400
Andre generelle driftsinntekter	-7 700	-7 700	-7 700	-7 700
Sum generelle driftsinntekter	-132 930	-132 500	-132 486	-132 284
Netto driftsutgifter				
Sum bevillingar drift, netto	134 300	133 637	134 826	136 676
Avskrivningar	9 300	9 300	9 300	9 300
Sum netto driftsutgifter	143 600	142 937	144 126	145 976
Brutto driftsresultat	10 670	10 437	11 640	13 692
Finansinntekter/Finansutgifter				
Renteinntekter	-2 480	-2 480	-2 480	-2 480
Utbytte	-18 035	-11 142	-9 550	-9 550
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidler	0	0	0	0
Renteutgifter	6 000	5 200	4 900	4 900
Avdrag på lån	6 190	6 500	6 700	6 700
Netto finansutgifter	-8 325	-1 922	-430	-430
Motpost avskrivningar	-9 300	-9 300	-9 300	-9 300
Netto driftsresultat	-6 955	-785	1 910	3 962
Disponering eller dekning av netto driftsresultat				
Overføring til investering	0	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	4 200	4 200	4 200	4 200
Bruk av bundne driftsfond	-5 045	-5 045	-5 045	-5 045
Avsetninger til disposisjonsfond	9 462	6 114	3 681	2 032
Bruk av disposisjonsfond	-1 662	-4 484	-4 746	-5 149
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	6 955	785	-1 910	-3 962
Framført til inndekning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0

G Bevillingsoversikt drift, økonomiplan til fordeling

Tall i 1000 kroner	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
Frå bevillingsoversikt:				
Til fordeling drift	134 300	133 637	134 826	136 676
Driftsutgifter pr. budsjettområde				
Politisk styring og kontroll				
Bevilling drift, netto	3 261	3 081	3 281	3 081
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum Politisk styring og kontroll	3 261	3 081	3 281	3 081
Stab og fellesutgifter				
Bevilling drift, netto	13 260	13 260	13 260	13 260
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-50	-50	-50	-50
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	0			
Sum Stab og fellesutgifter	13 210	13 210	13 210	13 210
Oppvekst				
Bevilling drift, netto	42 864	41 864	40 864	39 864
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-1 142	-1 142	-1 142	-1 142
Sum Oppvekst	41 722	40 722	39 722	38 722
Helse og omsorg				
Bevilling drift, netto	41 846	44 694	46 627	47 952
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond				
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	6 337	2 989	556	-1269
Sum Helse og omsorg	48 183	47 683	47 183	46 683
Samfunn				
Bevilling drift, netto	27 867	25 704	25 704	25 704
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-495	-495	-495	-495
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-500			
Sum Samfunn	26 872	25 209	25 209	25 209
Eksterne samarbeid				
Bevilling drift, netto	28 046	27 578	27 634	27 859
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-300	-300	-300	-300
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond				
Sum Eksterne samarbeid	27 746	27 278	27 334	27 559
Andre sentrale inntekter og kostnadar				
Bevilling drift, netto	-22 844	-22 544	-22 544	-21 044
Overføring til investering				
Netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	0			
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	3 105	3 105	3 105	3 105
Sum Andre sentrale inntekter og kostnadar	-19 739	-19 439	-19 439	-17 939
Netto for alle einingar	134 300	133 637	134 826	136 676
Sum overføring til investering	0	0	0	0
Sum netto avsetning til eller bruk av bundne driftsfond	-845	-845	-845	-845
Sum netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	7 800	4 952	2 519	694
Sum alle budsjettområda	141 255	137 744	136 500	136 525

H Økonomisk oversikt drift etter art, økonomiplan

Tal i 1000 kroner	Budsjett 2024	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
Driftsinntekter					
Rammetilskot	-75 437	-76 689	-74 379	-74 365	-74 163
Inntekts- og formuesskatt	-32 178	-38 141	-40 021	-40 021	-40 021
Eigedomsskatt	-10 300	-10 400	-10 400	-10 400	-10 400
Andre skatteinntekter	-7 200	-7 400	-7 400	-7 400	-7 400
Andre overføringer og tilskot frå staten	-3 749	-10 896	-7 548	-5 115	-3 290
Overføringer og tilskot frå andre	-31 645	-31 550	-30 450	-30 450	-28 950
Brukarketalingar	-4 500	-3 190	-3 190	-3 190	-3 190
Sals- og leieinntekter	-15 235	-16 072	-16 072	-16 072	-16 072
Sum driftsinntekter	-180 244	-194 338	-189 460	-187 013	-183 486
Driftsutgifter					
Lønnsutgifter	90 262	100 815	100 165	100 165	100 165
Sosiale utgifter	24 228	25 969	24 421	22 921	21 421
Kjøp av varer og tenester	55 860	59 014	57 301	57 557	57 582
Overføringer og tilskot til andre	13 678	9 953	8 753	8 753	8 753
Avskrivningar	9 300	9 300	9 300	9 300	9 300
Sum driftsutgifter	193 328	205 051	199 940	198 696	197 221
Brutto driftsresultat	13 084	10 713	10 480	11 683	13 735
Finansinntekter/Finansutgifter					
Renteinntekter	-2 180	-2 530	-2 530	-2 530	-2 530
Utbytter	-12 694	-18 035	-11 142	-9 550	-9 550
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmidlar	0	0	0	0	0
Renteutgifter	7 000	6 007	5 207	4 907	4 907
Avdrag på lån	6 190	6 190	6 500	6 700	6 700
Netto finansutgifter	-1 684	-8 368	-1 965	-473	-473
Motpost avskrivningar	-9 300	-9 300	-9 300	-9 300	-9 300
Netto driftsresultat	2 100	-6 955	-785	1 910	3 962
Disponering eller dekning av netto driftsresultat:					
Overføring til investering	0	0	0	0	0
Avsetninger til bundne driftsfond	3 867	4 200	4 200	4 200	4 200
Bruk av bundne driftsfond	-5 023	-5 045	-5 045	-5 045	-5 045
Avsetninger til disposisjonsfond	150	9 462	6 114	3 681	2 032
Bruk av disposisjonsfond	-1 094	-1 662	-4 484	-4 746	-5 149
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-2 100	6 955	785	-1 910	-3 962
Framført til inndeckning i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	0	0
Kontrollsum art 980 Rekneskapsmessig meirforbruk	0	0	0	0	0

I Bevillingsoversikt investering, økonomiplan (budsjett)

Tall i 1000 kroner	Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
Investeringsutgifter				
Investeringar i varige driftsmidlar	17 600	13 145	4 100	2 900
Tilskot til andre sine investeringar	0	0	0	0
Investeringar i aksjar og andeler i selskap	500	500	500	500
Utlån av egne midlar	0	0	0	0
Avdrag på lån	0	0	0	0
Sum investeringsutgifter	18 100	13 645	4 600	3 400
Investeringsinntekter				
Kompensasjon for meirverdiavgift	-1 180	-1 409	-670	-100
Tilskot frå andre	-470	-1 750	0	0
Sal av varige driftsmidlar	-500	0	0	0
Sal av finansielle anleggsmidlar	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0
mottekte avdrag på utlån av egne midlar	-200	0	0	0
Bruk av lån	-15 750	-9 986	-3 430	-2 800
Sum investeringsinntekter	-18 100	-13 145	-4 100	-2 900
Vidareutlån				
Vidareutlån	3 000	3 000	3 000	3 000
Bruk av lån til vidareutlån	-3 000	-3 000	-3 000	-3 000
Avdrag på lån til vidareutlån	500	500	500	500
mottekte avdrag på vidareutlån	-500	-500	-500	-500
Netto utgifter vidareutlån	0	0	0	0
Overføring frå drift og netto avsetninger				
Overføring frå drift	0	0	0	0
Avsetning til bundne investeringsfond	0	0	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	0	0	0	0
Avsetning til ubundne investeringsfond	500	0	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond	-500	-500	-500	-500
Dekning av tidlegare års udekt beløp	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsetninger	0	-500	-500	-500
Framført til inndekning i seinare år (udekt beløp)	0	0	0	0
Overføring til fordeling (§5-5, andre ledd)				
Inntekter til fordeling	0	0	0	0
Utgifter til fordeling	18 100	13 645	4 600	3 400
Sum til fordeling (netto)	18 100	13 645	4 600	3 400

J Bevillingsoversikt investering, økonomiplan til fordeling

		Økonomiplan 2025	Økonomiplan 2026	Økonomiplan 2027	Økonomiplan 2028
Frå bevillingsoversikt:					
Netto investeringer til fordeling:		18 100	13 645	4 600	3 400
For prosjekt 50001 til 50014 er tala utan mva. For alle andre prosjekt er tala inkl. mva.					
Prosj. Prosjektnamn					
40002 Velferdsteknologi		200	0	0	0
40004 Vaskemaskin Byglandsheimen		275	0	0	0
40005 Bekkenspyler		125	0	0	0
40006 Straumberedskap Sagmoen		400	0	0	0
50001 Rehabilitering av kloakkrense- og pumpestasjoner		200	200	200	200
50002 Rehabilitering av vasskummar av omsyn til HMS		200	200	200	200
50006 VA-leidningar for påkobling av nye abonnentar		0	600	0	0
50007 VA Presteneset		300	2 500	0	0
50008 Vassleidning Åraksbø-Ose		3 000	0	0	0
50009 Barriere Bygland vassverk		2 000	0	0	0
50010 Barriere Byglandsfjord vassverk		0	2 000	0	0
50011 Avløpsleidning frå Grendi nord til Grendi sør + pumpestasjon		0	0	350	2 000
50012 Oppgradering avløpsrør Byglandsfjord (innlekk framandvatn)		300	0	0	0
50013 Oppgradering avløpsrør Bygland (innlekk framandvatn)		0	300	0	0
50014 Arbeidsbåt		0	300	0	0
70000 Turveg Byglandsfjord		700	2 275	0	0
70006 Ladepunkt v/kommunale bygg		0	300	0	0
70007 Utsmykking i rundkjøringa på Bygland		450	0	0	0
70017 Målretta ENØK-tiltak		500	500	500	500
70023 Kulturscena: Lys- og tepperigg		250	0	0	0
70025 Stolar/bord Årdalshallen		250	0	0	0
70027 Pakkbua: Bruksendring og opprusting		0	3 000	0	0
70030 Oppgradering av Byglandsheimen (kartlegging 2024)		300	0	0	0
70034 Trimpark ved turveg Byglandsfjord		0	420	0	0
70035 Kjøkken kulturscene		450	0	0	0
70036 Rehabilitere firemannsbustad Bygland		300	0	0	0
70037 Områdeløft Byglandsfjord		4 000	0	0	0
70038 SD-styring Byglandsfjord barnehage		100	0	0	0
70039 Solskjerming/kjøling Byglandsfjord barnehage		100	0	0	0
70040 Belegg/rehabilitering av golv Bygland barnehage		300	0	0	0
70041 Kantklippar til traktor		250	0	0	0
70042 Hjullastar		0	0	1 500	0
70043 Asfalt framfor verkstad på Nesmoen		0	100	0	0
70044 Lift		0	300	0	0
70045 Varebil Samfunn		400	0	0	0
70047 Planere tomtene i Fjellvegen på Byglandsfjord		750	0	0	0
70048 Bygge om gammalt reinseanlegg på Bygland til garasje/lager		100	0	0	0
70049 Leikeplass Grendi v/grendehuset		150	0	0	0
70050 Oppgradering leikeplass Hampetjønn Byglandsfjord		0	150	0	0
70051 Kjøkken SFO Byglandsfjord		250	0	0	0
70052 Fleirbruksbil		1 000	0	0	0
70053 Rehabilitering av sluser		0	0	1 000	0
70054 Vinsj Bjorenhuset		0	0	350	0
90001 Eigenkapitalinskot KLP		500	500	500	500
Sum fordelt		18 100	13 645	4 600	3 400

For prosjekt 50001 til 50014 er tala utan mva. For alle andre prosjekt er tala inkl. mva.